# Fedje kommune

## Innkalling
## av
## Kommunestyret

**Møtedato:** 12.12.2019
**Møtestad:** Slissøyna/Skarvøyna Fedje fleirbrukshall
**Møtetid:** 18:15 - 20:00

**Ordførar inviterer kommunestyret og rådmann til julemiddag på Landsbykafeen kl 20.00. Ber om at dei som ikkje ønskjer/kan vere med på julemiddag, gjev melding om dette til møtesekretær seinast om morgonen 09.12.19.**

Eventuelle forfall må meldast til Dagrun Gunnarson per tlf. 56165109, sms til 95242371
eller per epost til dagrun.gunnarson@fedje.kommune.no
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 079/19 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste |
| 080/19 | Godkjenning av møtebok |
| 081/19 | Referatsaker |
| 082/19 | Betalingssatsar barnehage 2020 |
| 083/19 | Betalingssatsar for SFO for 2020 |
| 084/19 | Betalingssatsar i kulturskulen 2020 |
| 085/19 | Gebyr for feiing og tilsyn i 2020 |
| 086/19 | Gebyr for renovasjon i 2020 |
| 087/19 | Gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2020. Gebyrregulativ. |
| 088/19 | Gebyr for tømming av slam i 2020 |
| 089/19 | Gebyr for vatn og kloakk i 2020. |
| 090/19 | Godkjenning av skatteøre og skattsats etter eigedomsskattelova for 2020. |
| 091/19 | Husleiger i kommunale bustader i 2020 |
| 092/19 | Justering av sats for omsorgsstønad 2020 |
| 093/19 | Justering av satsar for matombringing 2020 |
| 094/19 | Justering av satsar for praktisk bistand - heimehjelpsatsane 2020 |
| 095/19 | Justering av satsar for tryggleiksalarm og velferdsteknologi 2020 |
| 096/19 | Læreplassar i Fedje kommune |
| 097/19 | Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023 |
| 098/19 | Vigsel i Fedje kommune |
| 099/19 | Møteplan for formannskap og kommunestyret våren 2020 |
| 100/19 | Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Alver, Austrheim og Fedje. |

29. november 2019

Stian Herøy
ordførar

Dagrun Gunnarson
sekretær

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Dagrun Gunnarson | FE-033 | 19/603 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 079/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

### Saksutgreiing:

### Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Dagrun Gunnarson | FE-033 | 19/603 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 080/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Godkjenning av møtebok**

### Saksutgreiing:

### Forslag til vedtak:
Møtebok frå sist møte vert godkjent.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Dagrun Gunnarson | FE-033 | 19/603 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 081/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Referatsaker**

081/19.1. Kreftkoordinator Fedje kommune

### Saksutgreiing:

### Forslag til vedtak:
Referatsaker vert tekne til orientering.

Formannskapet i Fedje kommune
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

| Referansar: | Sakshandsamar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Nadine Gutte-Preusse | 31.10.2019 |
| Vår: 19/528 - 19/5300 | nadine.gutte-preusse@fedje.kommune.no | |

# Kreftkoordinator Fedje kommune

Samarbeid om kreftkoordinator med dei andre Nordhordlandskommunane er avvikla då den ikkje gav det forventa utbytte. Når man har fått ein kreftdiagnose, kan det vere greitt å ha ein person som kan hjelpe gjennom helsevesenets jungel og kan bistå med råd og veiledning rundt dei ulike utfordringar med ein kreftdiagnose. I kommunen er det tilsett to sjukepleiar med vidareutdanning innan kreftomsorg og palliasjon. Her kan det vere moglegheit for å byggja opp liknande tilbod for innbyggarane i Fedje kommune med eigne kreftsjukepleiar.

Dei to kreftsjukepleiar har jobba med moglegheiten og har laga ein strategi for arbeidet for 2020 for å kunne oppretta eit tilbod. Denne strategien er vedlagt og skal gje ein orientering om planane. Arbeidet er tenkt å starte opp i haust 2020. Våren 2020 skal brukast til førebuing. Tilbodet skal evaluerast etter ett år.

Med helsing

Nadine Gutte-Preusse
Leiar pleie og omsorg

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Strategi for kreftomsorg og palliasjon utkast 8

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Formannskapet i Fedje kommune | Stormarkvegen 49 | 5947 | FEDJE |

## Strategi for kreftomsorg og palliasjon i Fedje kommune

1. **Introduksjon**
2. **Formål**
3. **Målgruppe**
4. **Mål**
5. **Kva er vårt tilbod.**

## 1. Introduksjon

Å bli diagnostisert med kreft eller leve med inkurabel sjukedom kan for mange opplevast som vanskeleg og kaotisk, både for den som er sjuk, men også for pårørande. Det kan kjennes trygt at noen utanforståande har overblikk over situasjonen. Å møte utanforståande/helsepersonell som har gode teoretiske kunnskapar og praktiske erfaringar kan opplevast som ein tryggleik for den sjuke og pårørande. Terskelen for å be om hjelp eller rådføring kan vere låg. Dette kan sikra god ivaretaking av kreftpasientane. Kreftpasientane og pårørande kan oppleve ein god palliativ behandling.

Fedje kommune avslutta avtala med kreftkoordinatoren i Nordhordland i juni 2019. Fedje kommune ynskjer å bruka kompetansen dei har tilgjengeleg i kommunen. Vi er to sjukepleiar som jobbar i pleie- og omsorgstenesta som har vidareutdanning innan kreftomsorg og palliasjon. Vi er også tilknyttet Helseregion Vest sitt kompetansesenter i lindrande behandling nettverk Nordhordland**.**Vi ser på moglegheita om kommunen kan ha nytte av dei ressursar i eit utvida tilbod til innbyggjarane i kommunen. Dette kan sikra ein god kreftomsorg og eit godt palliativt tilbod for pasientar som er ramma av kreft og anna inkurabel sjukdom.

## 2. Formål

- Å sikra og gi god kvalitet på tenestane til alle innbyggjarane i Fedje kommune.
- Å ha auka forståing for pasientar og pårørande med minoritertsbakgrunn.
- Å gi kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling og deira pårørande kunnskapar og reiskapar til å mestre sjukdomsforløpet best muleg og forbetre deira livskvalitet.
- Å gi kreftpasientar kunnskapar og reiskapar til å mestre kreftbehandlinga i ein kurativ og i ein palliativ behandling.
- Å gi kreftoverlevere kunnskapar og reiskapar til å mestre livet etter kreftbehandling best muleg og ha best muleg livskvalitet.
- Å ha fokus på barn som pårørande. Sikra at dei blir fulgt opp etter gjeldande lovverk.

## 3. Målgruppe

Tidlegare og noverande kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen og deira pårørande.

Palliative pasientar av andre sjukdommar og deira pårørande.

## 4. Mål

**Målet vårt er:**

- Å ivareta kreftramma og pårørande etter gode faglege retningslinjer.
- Å auke kompetansen til helsepersonell i helsetenesta i Fedje kommune.
- Å skape systematisk og informativ arena for innbyggjarane som er ramma av kreft og for pårørande.
- Å skape koordinerande, dynamisk, kontinuerleg, fagleg og tverrfagleg arena for helsepersonell i kommunen.
- Å utarbeida eit tverrfagleg samarbeid med den lokale helsetenesta, fastlege, sjukehus, kreftforening og andre instansar
- Å etablere gode system, retningslinjer, rutinar og prosedyrar innan kreftomsorg og palliasjon.
- Å sikra at kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen og pasientar med behov for lindrande behandling opplev holistisk tilnærming frå helsepersonell. Deira behov vert respektert ut i frå deira fysiologiske, psykologiske, sosial, kulturelle og spirituelle behov.
- Å sikra at kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen opplev tryggleik og mottar helse- og omsorgstenesta av høg kvalitet.
- Å sikra at pårørande sine behov vert ivaretatt, særleg hos barn.
- Å utarbeide tverrfagleg samarbeid med lokale helsetenesta og andre instansar.
- Å sikra at alle palliative pasientar mottar eit likt tilbod og oppfølging.

Målet vårt er at arbeidet skal vere prega av eit høgt engasjement, fagleg kompetanse, systematisk og tverrfaglig samarbeid, open kommunikasjon, etisk bevissthet og respekt for pasient, pårørande og medarbeidarar med fokus på pasientens beste.

## 5. Kva er vårt tilbod

Vi ynskjer å oppretta eit lågterskeltilbod til innbyggjarar i Fedje kommune, som er ramma av kreft eller er i ein palliativ fase, og treng rådgjeving og støtte i sjukdomsforløpet utan å bli registert i journalsystemet så lenge det ikkje er behov for pleie- og omsorgstenesta. Vi ynskjer å vere tilgjengeleg via e-post og telefon for å avtale heimebesøk ol. Kontaktinformasjon ynskjer vi skal ligga på heimesida til kommunen, på sosiale mediar og informasjonsbrosjyre. Vi ynskjer å utarbeida eit tverrfagleg samarbeid med den lokale helsetenesta, fastlege, sjukehus og andre instansar, slik at dei kan nå oss og vidareformidle kontakt for dei som treng det. Vi ynskjer å arbeide tett saman med samarbeidspartner som kreftforeininga og kompetansesenteret for lindrande behandling. I eit alvorleg sjukdomsforløp er det ofte mykje som er uklart i forhald til hjelpebehov og rettigheita, og vi kan tilby opne samtalar, rådgjeving, støtte, koordinering og hjelp med å kartleggja eksisterande hjelpebehov. Vi ynskjer å skapa møteplassar for kreftramma, slik at dei kan møte likestilte. Formålet med møteplassar er å bidra til mestring og læring til kreftramma ved å ha foredrag om ulike tema

som er knytta til kreftdiagnosen. Vi ynskjer å bidra med råd og rettleiing til kollegaer og å ta initiativ til erfaringsutveksling og refleksjon på arbeidsplassen. Vi ynskjer å utvikla og implementera prosedyrar, retningslinjer og planområdar for palliasjon i journalsystemet Profil. Vi vil gi ein oversikt over aktuelle tilbod innan kreftomsorg og lindrande behandling.

Per i dag jobbar vi med palliasjon eingong kvar 6. veke. Planen er å starta opp eit tilbod for kreftramma utanfor pleie- og omsorgstenesta ifrå hausten 2020. Vi ynskjer å bruke halve dagen på kreftramma som ikkje er under pleie- og omsorgstenesta, og resten av dagen på å utarbeide rutinar og planer for sjukeheimen og heimesjukepleietenesta. Vi ynskjer å vere tilgjengeleg for kontakt ein dag i veka frå kl. 12.30 til kl. 14.30 med moglegheit for å avtale andre tidspunkt for heimebesøk eller samtale. Vi ynskjer å utarbeide samarbeid med helsetenestar og andre instanser i kommunen. Behovet for bistand frå oss, til kreftramma og palliative pasientar kan variere, så vi ynskjer at tilbodet kan bli evaluert etter 1 år etter oppstart for å kartlegge vidare behovet for ressursar. Vi ynskjer å skrive årsmelding for å belyse ressursbruken og om målsetningane er nådd. Vi vil sjå på moglegheiter om å søkja om tilskot til dette arbeidet.

**Med vennleg helsing**

**Hildegunn Kolås Sivertsen**

**Kreftsjukepleiar**

**Mgr. Maria Sumegova**

**Kreftsjukepleiar og palliativ sjukepleiar**

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Stine Waage | FE-231, FA-A10 | 19/518 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 124/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 082/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Betalingssatsar barnehage 2020**
**Kommunebudsjett 2020**

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**
Retten til barnehageplass gjeld for barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av november det året det vert søkt om barnehageplass. Dersom barnet fyller eitt år iløpet av august det året det vert søkt om plass, har barnet rett på plass innan utgangen av august. Dersom barnet fyller eitt år i september, oktober eller november har barnet rett på plass innan utgangen av den månaden barnet er fødd.

Ordninga med gratis kjernetid for familiar med låg inntekt vil gjelde 2-, 3-, 4- og 5 åringar som bur i eit hushald med ei samla inntekt under 533 500 kroner. Frå 1. august 2020 prisjusteres det til 566 100 kroner.
ordninga gjeld uavhengig om ein har deltids – eller heiltidsplass. Det betyr at eit barn med deltidsplass med rett på fritak, har krav på fritak på 20 timar uavhengig av størrelsen på plassen. Dersom nokon vel å kun bruke dei 20 timane, er tilbodet gratis.

For 2020 vil alle barn som har ei hushaldning med ei samla årsinntekt under 574 750 kr ha rett på redusert foreldrebetaling.

Frå 1. januar 2020 blir maksimalprisen på ein heiltidsplass 3 135 kroner per månad.

Matpengar vert ikkje justert.

**Vurdering**
Med dei ulike moderasjonsordningane vil det kunne vere fleire som har rett på reduksjon i foreldrebetalinga. Det er ikkje mogleg å sei korleis dette vil kunne slå ut økonomisk.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

**Konklusjon**
For Fedje barnehage vert betalingssatsane med verknad frå 01.01.2020 slik:

| Tilbod | Ant.dagar | Ant.timar | Opphald | Mat | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| 100% | 5 dagar | 50 t/veka | Kr 3 135 | Kr 320 | Kr 3 455 |
| 80% | 4 dagar | 40 t/veka | Kr 2 508 | Kr 275 | Kr 2 783 |
| 60% | 3 dagar | 30 t/veka | Kr 1 881 | Kr 252 | Kr 2 133 |
| 40% | 2 dagar | 20 t/veka | Kr 1 254 | Kr 218 | Kr 1 472 |

Det er 30% søskenmoderasjon for 2 barn, og 50% for 3 eller fleire barn.

Det vert gitt 30% moderasjon for eineforsørjarar-

Gebyr ved for sein henting kr 100, ifølgje vedtekter.

Kjøp av ekstra dag 400kr

**Forslag til vedtak:**
**For Fedje barnehage vert satsane for dei ulike opphaldstidene i barnehagen med verknad frå 01.01.2020 slik det kjem fram av tabellen i saksutgreiinga.**

**<u>Formannskapet - 124/19</u>**

**F - behandling:**
endringsframlegg frå 01.08.2020, foreslått av Stian Herøy, Høgre
Fedje barnehage vert gratis for de som er folkeregistrert på Fedje.

Det var semje om rådmannen sitt framlegg til og med 01.08.2020.
Det vart votert over tilleggsframlegg frå Høgre: Endring frå 01.08.20: Fedje barnehage vert gratis for de som er folkeregistrert på Fedje.
Vedteke med 3 mot 2 røyster. Arbeiderpartiet sine to representantar røysta mot framlegget.

**F - vedtak:**
For Fedje barnehage vert satsane for dei ulike opphaldstidene i barnehagen med verknad frå 01.01.2020 slik det kjem fram av tabellen i saksutgreiinga.
Samrøystes vedteke.

Endring frå 01.08.20: Fedje barnehage vert gratis for de som er folkeregistrert på Fedje.
Vedteke med 3 mot 2 røyster. Arbeiderpartiet sine to representantar røysta mot framlegget.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Mona Vabø | FE-231, FA-A22 | 19/468 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 125/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 083/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Betalingssatsar for SFO for 2020**
**Budsjett 2020**

### Saksutgreiing:
**Bakgrunn**

Skulefritidsordninga (SFO) er eit ikkje-pedagogisk tilbod før og etter skuletid til born frå 1. til 4. klasse, og for born med spesielle behov frå 1. til 7. klasse. SFO skal leggja til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna, samt gje borna omsorg og tilsyn.

Organiseringa av SFO er frå skuleåret 2019/2020 eit samarbeid mellom barnehagen og skulen. SFO heldt for det meste til i skulen sine lokale, og nyttar og utearealet ved skulen. Ein dag for veka er SFO i barnehagen sine lokale.

Skulefritidsordninga har fleire ulike alternative tilbod. Ein kan velje å nytta tilbodet frå 1 til 5 dagar for veka. Ein betalar i samsvar med det tilbodet ein velgjer, og det er opp til den enkelte å nytta tilbodet i den grad ein sjølv ønskjer. Det er og mogeleg å kjøpe plass for einskilde dagar dersom det er plass, og det ikkje fører til auka bemanning.

Det vert gjeve søskenmoderasjon: 30% på born nr 2, 50% på born nr 3. Det vert gitt moderasjon i tråd med reglane for redusert foreldrebetaling i barnehagen. Fedje kommune,ved rådmannen, kan og ilegge gebyr når borna ikkje vert henta til avtalt tid. Gebyret vert ilagt for kvar påbyrja halvtime.

Der er varierande kor mange som nyttar skulefritidsordninga, og kva tilbod som vert vald.

**Vurdering**

Skulefritidsordninga vert vidarført slik den er kjent, og satsane vert justert med 1,9%. Prosentsatsen er i tråd med regjeringa si forventa prisvekst lagt fram i statsbudsjettet 2020.

Folkehelse
Miljø
Økonomi: Inntekter vil variere etter kor mange son nyttar seg av tilbodet. Lønsutgifter til personal.

**Konklusjon**

**Nye satsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2020 slik:**

| | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| 1 dag | 505 kr | **515 kr** |
| 2 dagar | 1 010 kr | **1 030 kr** |
| 3 dagar | 1 515 kr | **1 545 kr** |
| 4 dagar | 2 020 kr | **2 060 kr** |
| 5 dagar | 2 525 kr | **2 575 kr** |
| | | |
| Kjøp av ekstra dag | 200 kr | **205,00 kr** |

Vedtektene for SFO vert justert i høve til dette.

## Forslag til vedtak:

**Nye satsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2020 slik:**

| | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| 1 dag | 505 kr | **515 kr** |
| 2 dagar | 1 010 kr | **1 030 kr** |
| 3 dagar | 1 515 kr | **1 545 kr** |
| 4 dagar | 2 020 kr | **2 060 kr** |
| 5 dagar | 2 525 kr | **2 575 kr** |
| | | |
| Kjøp av ekstra dag | 200 kr | **205,00 kr** |

Vedtektene for SFO vert justert i høve til dette.

## Formannskapet - 125/19

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

# Fedje kommune

**Nye satsar for SFO vert med verknad frå 01.01.2020 slik:**

| | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| 1 dag | 505 kr | **515 kr** |
| 2 dagar | 1 010 kr | **1 030 kr** |
| 3 dagar | 1 515 kr | **1 545 kr** |
| 4 dagar | 2 020 kr | **2 060 kr** |
| 5 dagar | 2 525 kr | **2 575 kr** |
| | | |
| Kjøp av ekstra dag | 200 kr | **205,00 kr** |

Vedtektene for SFO vert justert i høve til dette.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Dagrun Gunnarson | FE-239, FA-A30 | 19/466 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 126/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 084/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Betalingssatsar i kulturskulen 2020**

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**

Kulturskulen sine satsar var uendra sidan 2006, og vart difor heva med 19% i budsjettet for 2018. I 2019 vart satsane heva med 2,8%.

Mange born nyttar Fedje kulturskule. Hausten 2019 hadde kulturskulen ca 40 elevar og ca 15 på venteliste. Kulturskulen hadde tilbod både innan musikk, bildande kunst og scene i 2019.

**Vurdering**

For å hindre at me får eit slik «etterslep» på pris at me må heve prisane mykje på ein gong, er det naturleg at me legg på forventa prisutvikling. I statsbudsjettet legg dei til grunn at lønnsvekst/prisauke vil gje eit tillegg på 3,1% i 2020 (kommunal deflator).

Prisen i 2019 er kr 1285 for ein aktivitet, kr 1930 for to aktivitetar. Me har søskenmoderasjon på 50%.

Med eit påslag på 3,1%, vert prisane 1325 kr for ein aktivitet og 1990 kr for to aktivitetar pr.semester.

**Konklusjon**

Prisane i Fedje kulturskule vert heva 3,1 % frå 01.01.2020.

### Forslag til vedtak:

Frå 01.01.2020 er grunnsatsen for ein aktivitet i Fedje kulturskule kr 1325 pr semester. Satsen for to aktivitetar er kr 1990 pr. semester.

### <u>Formannskapet - 126/19</u>

### F - behandling:

# Fedje kommune

**F - vedtak:**
Frå 01.01.2020 er grunnsatsen for ein aktivitet i Fedje kulturskule kr 1325 pr semester. Satsen for to aktivitetar er kr 1990 pr. semester.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Øyvind Tolleshaug | FE-213, FA-M88 | 19/489 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 114/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 085/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Gebyr for feiing og tilsyn i 2020**

### Saksutgreiing:
Gebyret for feiing og tilsyn i 2019 er 229,- kr eks. mva. Det er ikkje grunnlag for auke i gebyret.

### Forslag til vedtak:
Gebyret for feiing og tilsyn i 2020, vert 229,- kr eks. mva.

### <u>Formannskapet - 114/19</u>

### F - behandling:

### F - vedtak:
Gebyret for feiing og tilsyn i 2020, vert 229,- kr eks. mva.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Øyvind Tolleshaug | FE-231, FA-M50 | 19/480 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 115/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 086/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Gebyr for renovasjon i 2020**

**Saksutgreiing:**
Gebyr for renovasjon i 2020 vert slik, dvs. same gebyr som i 2019 :

| | Utan | Med |
|---|---|---|
| Gebyr renovasjon 2019, eks. mva. | heimekompostering | heimekompostering |
| Levering kvar 4. veke, 140 liter | kr 3318 | kr 2918 |
| Levering kvar 2. veke, 140 liter | kr 3638 | kr 3238 |
| Levering kvar 2. veke, 240 liter | kr 3958 | kr3558 |
| Hytterenovasjon | kr 1819 | |

**Forslag til vedtak:**
Gebyr for renovasjon i 2020, vert i samsvar med saksutgreiinga.

**<u>Formannskapet - 115/19</u>**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**
Gebyr for renovasjon i 2020, vert i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Øyvind Tolleshaug | FE-231 | 19/491 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 116/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 087/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2020. Gebyrregulativ.**

Vedlegg:
Gebyrregulativ 2020
Gebyrregulativ 2018 vedteke

### Saksutgreiing:

Regulativet for byggesak og oppmåling vart ikkje endra frå 2018 til 2019. For 2020 er gebyra auka med 8% utan at vi reknar med at inntektene aukar. Då gebyra vart auka frå 2017 til 2018, vart ikkje oppmålingsgebyra auka.

### Forslag til vedtak:

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Fedje kommune – 2020, vert vedteke, Lovheimel : sjå regulativet.

### <u>Formannskapet - 116/19</u>

### F - behandling:

### F - vedtak:

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Fedje kommune – 2020, vert vedteke, Lovheimel : sjå regulativet.

Samrøystes vedteke.

# LOKAL FORSKRIFT OM GEBYR FOR TEKNISK FORVALTNINGSTENESTE (GEBYRREGULATIV) FOR FEDJE KOMMUNE - 2020

## 1 INNHALD


1 INNHALD ..... 1
2 HEIMEL ..... 3
3 IVERKSETTING ..... 3
4 GENERELLE REGLAR ..... 3
4.1 Betalingsplikt ..... 3
4.2 Kva for regulativ skal nyttast ..... 3
4.3 Fastsetting av gebyr ..... 4
4.4 Betalingstidspunkt ..... 4
4.5 Avbrote arbeid ..... 4
4.6 Mangelfull sak ..... 4
4.7 Avvist sak ..... 4
4.8 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp ..... 5
4.9 Gebyr til statlege etatar ..... 5
4.10 Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd) ..... 5
4.11 Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A) ..... 5
4.12 Redusert gebyr ..... 5
4.13 Klage ..... 5
4.14 Endring av regulativet ..... 5
5 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID ..... 6
5.1 Timepris ..... 6
6 DIGITALT KARTGRUNLAG ..... 6
7 PLANSAK ..... 7
7.1 Førehandskonferanse ..... 7
7.2 Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12) ..... 7
7.3 Endring av reguleringsplan (pbl kap 12) ..... 7
8 UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18) ..... 8
9 DISPENSASJONSAK (pbl kap 19) ..... 8
10 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20) ..... 9

10.1 Førehandskonferanse ... 9
10.2 Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-3 jf. § 20-1) ... 9
10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4) ... 11
11 OPPRETTING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m) ... 12
12 ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32) ... 12
12.1 Sakshandsaming ... 12
13 HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA ... 13
13.1 Etablering av ny matrikkeleining ... 13
13.2 Areal-/volumoverføring ... 13
13.3 Innløysing av festetomt (omgjering av feste til bruk) ... 14
13.4 Justering av grense ... 14
13.5 Klarlegging av eksisterande grense ... 14
13.6 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser ... 14
13.7 Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon ... 14
13.8 Registrering av jordsameige ... 15
13.9 Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr) ... 15
13.10 Avbrot i rekvirert arbeid ... 15
13.11 Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A), jf regulativet pkt 4.11 ... 15
14 HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2) ... 15
14.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom ... 15
15 HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12) ... 15
15.1 Konsesjon ... 16
15.2 Deling etter jordlova ... 16
16 HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4 ) ... 16
16.1 Delegert mynde (ALTERNATIV 1) ... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**
16.2 Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova (ALTERNATIV 2) ... 16
16.3 Anløpsavgift i kommunale hamnar ... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**
17 HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA ... 17
17.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2) ... 17
17.2 Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12) ... 17
17.3 Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2 ) ... 17

# 2 HEIMEL

**Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vedteke med heimel i:**

- *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 § 33-1*
- *Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16*
- *Lov om eierseksjoner av 6. juni 2017 nr 65 §§ 14 og 15*
- *Lov om vern mot forurensning av 13. mars 1981 nr 6 § 52 a og Forskrift av 5. mai 2003 nr 1909 om delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven*
- *Lov om behandlingsmåter i forvaltningssaker § 27 a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v.*
- *Lov om havner og farvann av 17. april 2009 § 6 og § 25 og Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift*

# 3 IVERKSETTING

Gebyrregulativet vedteke av Kommunestyret i Fedje kommune den ………… og gjeld frå den 1/1-2020.

Gebyrregulativet avløyse tidlegare gjeldande regulativ med det siterte heimelsgrunnlaget.

# 4 GENERELLE REGLAR

## 4.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot heimelshavar, tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende gebyr der kommunen har kravd og motteke for mykje i gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja forsinkelsesrenter frå forfallsdato i samsvar med forsinkelsesrentelova (Lov om renter ved forsinket betaling m.m av 17. desember 1976).

Det skal betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag på søknad.

Blir seksjoneringsbegjæring avvist skal tinglysningsgebyret og halve sakshandsamingsgebyret betalast attende til rekvirent, jf eierseksjonslova § 7 (5).

## 4.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyr skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som kommunen krev for å handsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn skal ein nytta det gebyrregulativet som er/var gjeldande når føresetnadene for å handsama neste ledd i sakshandsaminga er til stades.

Gebyr som skal reknast ut etter timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

## 4.3 Fastsetting av gebyr

Gebyr etter dette regulativet er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søkjar si side.

Gebyr vert fastsett som eit basisgebyr + eventuelle faste tilleggsgebyr.

I tiltakssaker (byggesak og deling) vert gebyr fastsett pr tiltak.

Førebels fastsetjing av gebyr for plansak (basisgebyr + fast tilleggsgebyr) skal skje i obligatorisk oppstartsmøte.

For bygge- eller delingssak der det er naudsynt med dispensasjonshandsaming eller samtykke etter jordlova, kjem gebyr for dispensasjon og/eller jordslovshandsaming i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr.

Gebyr for ulovlege tiltak kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Gebyr for utsleppsløyve kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Kommunen kan velje å rekne gebyr etter medgått tid i staden for fast gebyr, der gebyr etter medgått tid overstig fast sats. Gebyr vert då fastsett ved enkeltvedtak.

Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver etter plan- og bygningslova utgjer ……….. % av gebyr for tiltakssaker, jfr pbl § 33-1.

Gebyr for handsaming etter Lov om havner og farvann kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr. For kommunar som har delegert mynde til Bergen og omland havnevesen vert gebyret fakturert direkte frå Bergen og omland havnevesen.

## 4.4 Betalingstidspunkt

Kommunen kan krevje at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til, jf matrikkelforskrifta § 16(5) og plan- og bygningslova § 21-4(6).

For plansaker, medrekna utbyggingsavtalar og planprogram mm, skal gebyr vere betalt før saka vert lagt ut til offentleg ettersyn.

For saker der gebyr vert rekna etter medgått tid vert gebyr fakturert etterskotsvis.

Kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, jf pkt 4.6, kan ved store oppdrag fakturerast månadsvis.

Klage på gebyr eller søknad om fritak for å betale gebyr, medfører ikkje rett til lengre betalingsfrist.

## 4.5 Avbrote arbeid

Når kommunen sitt arbeid blir avbrote av rekvirent/søkjar skal det betalast gebyr i høve til det som er utført, etter timesats eller etter sats som for avvist / mangelfull sak.

## 4.6 Mangelfull sak

Dersom motteke sak er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunne handsame henne skal saka verte arkivert utan handsaming, og med melding til søkjer. Det vert å betale gebyr for mangelfull sak.

## 4.7 Avvist sak

Dersom motteke sak er i strid med føresegn gjeve i plan, lov eller forskrift kan kommunen treffe vedtak om avvising. Det vert å betale gebyr for avvist sak.

## 4.8 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp

Når kommunen må hyra inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga kan kommunen, i tillegg til gebyret, krevje å få refundert utlegga av den som skal betala saksgebyret.

## 4.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskriving og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen vert påført i samband med innhenting av relevante opplysningar i knytt til oppmålingsforretning, og eventuelt tinglysningsgebyr og dokumentavgift, skal dekkast av rekvirenten.

## 4.10 Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd)

Desember, januar og februar månad skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning. Kunngjort i Lovdata 17. desember 2009.

## 4.11 Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A)

Når det er ønskjeleg for kommunen, kan kommune ved skriftleg avtale overlata til rekvirent å utføre sjølve oppmålingsforretninga eller teknisk del av denne. Arbeidet skal utførast av kvalifisert landmålar, godkjent av kommunen. I avtalen skal det m.a. fastsetjast arbeidsdeling og samhandlingsrutinar. Jf. gebyrregulativet pkt 13.9.

## 4.12 Redusert gebyr

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret.

Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.

## 4.13 Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap VI. Fylkesmannen er klageinstans.

Klage skal vere grunngjeven.

## 4.14 Endring av regulativet

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1000 skal ein avrunda til heile 10 kroner og satsar frå kr. 1000 til heile hundre kroner.

# 5 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

## 5.1 Timepris

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jfr pkt 4.3, skal ein bruke følgjande timesatsar:

| | | |
|---|---|---|
| **5.1.1** | **Kontorarbeid** | 800 |
| **5.1.2** | **Feltarbeid** | 1050 |

# 6 DIGITALT KARTGRUNLAG

Betaling for kartdata vert rekna ut i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart. Sjå www.statkart.no.

# 7 PLANSAK

## 7.1 Førehandskonferanse

| | | |
|---|---|---|
| **7.1.1** | **Førehandskonferanse** | 0 |

## 7.2 Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12)

| | | |
|---|---|---|
| **7.2.1** | **Obligatorisk oppstartsmøte** | 0 |
| **7.2.2** | **Basisgebyr plansak** (inkludert inn til to møter) | 23 000 |
| **7.2.3** | **Fast tilleggsgebyr plansak** | |
| | a) Areal planområde over 25 daa. Per 25 daa<br><br>Areal som styresmakt har kravd inn i planområdet skal ikkje reknast med. Kommunen avgjer kva areal som ikkje vert rekna med. | 10 000 |
| | b) Bygningsareal. Per 1000 kvm BRA | 1000 |
| | c) Sentrumsformål | 1000 |
| | d) Næringsformål | 1000 |
| | e) Privat områderegulering (ikkje i kraft) | 0 |
| | f) Plan som utløyser særskilte krav til utgreiingar, men utan krav til KU | 1000 |
| | g) Planforslag i strid med overordna plan | 1000 |
| **7.2.4** | **Tilleggsmøter, per møte** | 0 |
| **7.2.5** | **Tilleggsgebyr for melding til forslagsstiller om manglar ved innlevert planframlegg** | 2000 |
| **7.2.6** | **Tilleggsgebyr for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert planframlegg etter avtale med forslagsstiller. Medgått tid, men minstegebyr:** | 1000 |
| **7.2.7** | **Avvist plansak etter oppstart ~~(ikkje i kraft)~~** | 0 |
| **7.2.8** | **Godkjenning av konsekvensutgreiing (jf pbl kap 4)** | 8000 |
| **7.2.9** | **Godkjenning av planprogram (jf pbl kap 4)** | 4000 |

## 7.3 Endring av reguleringsplan (pbl kap 12)

| | | |
|---|---|---|
| **7.3.1** | **Små endringar i reguleringsplan (jf pbl § 12-14) som er delegert til administrasjonen** | 5000 |

| | | |
|---|---|---|
| 7.3.2 | **Mindre endring i reguleringsplan (jf pbl § 12-14) når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hovedrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.** | 10 000 |
| 7.3.3 | **Endringar som det ikkje er høve til å delegere frå kommunestyret** | Som for ny sak |
| 7.3.4 | **Tilleggsgebyr for melding til forslagsstiller om manglar ved innlevert endingsforslag** | 1000 |
| 7.3.5 | **Tilleggsgebyr for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert endringsforslag etter avtale med forslagsstiller. Medgått tid, men minstegebyr:** | 1000 |

# 8 UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18)

| | | |
|---|---|---|
| 8.1.1 | **Utbyggingsavtale** | Medgått tid |
| 8.1.2 | **Refusjonssak** | Medgått tid |

# 9 DISPENSASJONSAK (pbl kap 19)

| | | |
|---|---|---|
| 9.1.1 | **Dispensasjon som gjeld byggeforbod i strandsone, pbl § 1-8** | 3000 |
| 9.1.2 | **Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan** | 5000 |
| 9.1.3 | **Dispensasjon som gjeld arealformål LNF for mindre tiltak på bygd eigedom, utanfor 100 m beltet til sjø eller vassdrag.** | 1000 |
| 9.1.4 | **Dispensasjon som gjeld plankrav eller rekkefølgjekrav i plan** | 3000 |
| 9.1.5 | **Andre dispensasjonar frå plan, lov eller forskrift** | 3000 |
| 9.1.6 | **Dispensasjonsvurdering i samband med søknad om tiltak, der det for mindre enn tre år sidan er gjeve dispensasjon for deling** | 2000 |
| 9.1.7 | **Mellombels dispensasjon (reversibelt)** | 3000 |
| 9.1.8 | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1000 |
| 9.1.9 | **Avvist sak** | 1000 |
| 9.1.10 | **Søknad om dispensasjon som vert trekt av søkjar** | 1000 |

# 10 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20)

## 10.1 Førehandskonferanse

| | | |
|---|---|---|
| **10.1.1** | **Førehandskonferanse** | 0 |

## 10.2 Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-3 jf. § 20-1)

| | | |
|---|---|---|
| **10.2.1** | **Basisgebyr bygg for bustad / fritidsbustad**<br>Jf. pbl § 20-1 a-e, g og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning.<br>For tilleggseining i einebustad skal det betalast 50 % av basisgebyr.<br>I fleirmannsbustadar skal det betalast 100 % av basisgebyr frå om med bustadeining nr 1 til og med nr 4, 50 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 5 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med bustadeining nr 11. | 7800 |
| **10.2.2** | **Basisgebyr asylmottak/hybelbygg/pensjonat/hotell**<br>Jf.pbl. § 20-1a-e, g og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning.<br>Per eining/rom: | 9000 |
| **10.2.3** | **Basisgebyr bygg for industri /næring /tenesteyting landbruk/ publikum**<br>Jf. pbl § 20-1 a-e og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. | 7800 |
| **10.2.4** | **Fast arealtillegg for bygg etter pkt. 10.2.3** | 0,-/m$^2$ |
| **10.2.5** | **Basisgebyr fellesbygg**<br>Jf. pbl § 20-1 a-e og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning.<br>Felles naust, sjøbod, bod, parkering, o.l. Gjeld frittliggjande fellesanlegg og fellesanlegg i tilknyting til andre bygg (t.d i kjellar).<br>**Gebyr pr eining/p-plass. 100 % av basisgebyr frå om med eining nr 1 til og med nr 5, 50 % av basisgebyr frå og med eining nr 6 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med eining nr 11.** | 7800 |
| **10.2.6** | **Basisgebyr konstruksjonar og anlegg**<br>Jf. pbl § 20-1 a-l.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. | 4800 |

| | | |
|---|---|---|
| | Veganlegg, parkeringsplass og landingsplass, VA-anlegg, jordtippar, massetak, terrenginngrep og planering, innhegning og støttemur, hamne- og kaianlegg. | |
| **10.2.7** | **Bygningstekniske installasjonar**<br>Jf. pbl. § 20-1 f.<br>Separat søknad om oppføring, endring og reparasjon. | 3200 |
| **10.2.8** | **Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg**<br>Oppføring av enkeltståande garasje/carport, naust, uthus/bod, terrasse og liknande.<br>Kai/flytebryggje/molo inn til 15 kvm. Basseng. Antenne/mast/skilt. Innhegning mot veg. Separat søknad om mindre anlegg/konstruksjonar og terrenginngrep på bygd eigedom. Separat søknad om enkle byggtekniske installasjonar. T.d ventilasjonsanlegg og pipe i bustad.<br>Tilbygg som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning.<br>Fasadeendring og annan mindre endring/reparasjon som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning.<br>Riving av tiltak som nemnd i dette punktet.<br>Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining. | 4800 |
| **10.2.9** | **Basisgebyr bruksendring**<br>Gebyr vert rekna ut i frå det føremålet det vert endra til. | Som for ny sak |
| **10.2.10** | **Delt sakshandsaming**<br>T.d: Igangsetjingsløyve. Endringar i løyve. Mellombels bruksløyve. | 2300 |
| **10.2.11** | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1000 |
| **10.2.12** | **Avvist sak** | 1000 |

## 10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4)

| | | |
|---|---|---|
| **10.3.1** | **Basisgebyr**<br>Jf. pbl § 20-4 og SAK10 §§ 3-1 og 3-2<br>Oppføring. Endring og reparasjon. Rivning.<br>Tilbygg < 50 kvm.<br>Frittliggjande uthus/garasje på bygd eigedom < 70 kvm.<br>Mindre skilt/reklame/antennesystem på bygd eigedom.<br>Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining.<br>Driftsbygning i landbruket < 1000 kvm<br>Tilbygg til driftsbygning i landbruket (totalareal < 1000 kvm)<br>Midlertidige bygningar/konstruksjonar/anlegg inn til 2 år | 4500 |
| **10.3.2** | **Basisgebyr for saker som ikkje krev oppdatering av kart/matrikkel**<br>T.d: Mindre murar. Fasadeendring. | 2000 |
| **10.3.3** | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 500 |
| **10.3.4** | **Avvist sak** | 1000 |

# 11 OPPRETTING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m)

| | | |
|---|---|---|
| **11.1.1** | **Oppretting i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan.** | 2100 |
| **11.1.2** | **Oppretting i samsvar med arealformål, men:** | |
| | a) der grensene ikkje er fastsett i godkjent plan | 3900 |
| | b) der området er uregulert | 3900 |
| | c) der grensene ikkje er i samsvar med grenser i godkjent plan | 3900 |
| **11.1.3** | **Oppretting som ikkje er i samsvar med arealformål** | 3900 |
| **11.1.4** | **Oppretting av ny anleggseigedom** | Etter avtale |
| **11.1.5** | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1000 |
| **11.1.6** | **Avvist sak** | 1000 |

# 12 ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32)

## 12.1 Sakshandsaming

Gebyr for oppfølging av ulovlege tilhøve kjem i tillegg til ordinære sakshandsamingsgebyr der det ulovlege tiltaket vert søkt om i ettertid.

| | | |
|---|---|---|
| **12.1.1** | **Avdekking/påvising av ulovleg tiltak**<br>Registrering. Gjennomgang av arkiv og kartgrunnlag. Synfaring. Kontakt med tiltakshavar. Etter medgått tid, minstegebyr: | 0 |
| **12.1.2** | **Vedtak med pålegg om retting eller stans (pbl § 32-3 og 32-4)**<br>Kostnader med tinglysing kjem i tillegg. | 4000 |
| **12.1.3** | **Vedtak om tvangsmulkt (pbl § 32-5)** | 0 |

# 13 HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA

## 13.1 Etablering av ny matrikkeleining

| | | |
|---|---|---|
| **13.1.1** | **Basisgebyr for etablering av grunneigedom, festegrunn og punktfeste** | 13800 |
| **13.1.2** | **Fast arealtillegg** | |
| | a) Areal frå 201 til og med 3 000 m² | 7400 |
| | b) Areal frå 3 001 til og med 20 000 m² | 9900 |
| | c) Areal frå og med 20 001 m² til og med 50 000m2 | 11000 |
| | d) Areal frå og med 50 001 m² = makspris | 11000 |
| | Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomtar samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr. | |
| **13.1.3** | **Tillegg for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning** | 2000 |
| **13.1.4** | **Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn** | Som for etablering |
| **13.1.5** | **Oppretting av matrikkeleining utan markarbeid** | 75 % av aktuell sats |
| **13.1.6** | **Oppretting av anleggseigedom** | Etter avtale |

## 13.2 Innløysing av festetomt (omgjering av feste til bruk)

| | | |
|---|---|---|
| 13.2.1 | Krev oppmålingsforretning dersom kart- eller oppmålingsforretning ikkje har vore halden tidlegare og grensene ikkje er merka og målt. | Gebyr som for etablering |
| 13.2.2 | Der det tidlegare er halde kart- eller oppmålingsforretning og grensene er merka og målt. | 60 % av aktuell sats |

## 13.3 Areal-/volumoverføring

| | | |
|---|---|---|
| **13.3.1** | **Basisgebyr arealoverføring** | 15900 |
| **13.3.2** | **Fast arealtillegg** | |
| | a) Areal frå og med 501 m² til og med 3 000 m² | 7400 |
| | b) Areal frå og med 3 001 m² til og med 20 000 m² | 9900 |
| | c) Areal frå og med 20 001 m² til og med 50 000 m² | 11800 |
| | d) Areal frå og med 50 001 m² = makspris | 11800 |
| | Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomtar samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr. | |
| **13.3.3** | **Volumoverføring for anleggseigedom** | Etter avtale |

## 13.4 Omnummerering av festenummer

| | | |
|---|---|---|
| 13.4.1 | Omnummerering av festenummer | 75 % av aktuell sats |

## 13.5 Justering av grense

| | | |
|---|---|---|
| **13.5.1** | **Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige** | 5900 |
| **13.5.2** | **Justering av eksisterande grense for anleggseigedom** | Etter avtale |

## 13.6 Klarlegging av eksisterande grense

| | | |
|---|---|---|
| **13.6.1** | **Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense i samsvar med grense som er koordinatbestemt ved tidlegare oppmålingsforretning , eller tilsvarande forretning etter anna eller tidlegare lovgjeving.**<br>Inn til 4 punkt. Avvik inntil 10 cm, jf matrikkelforskrifta § 36, 2.ledd. | 5900 |
| **13.6.2** | **Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå og med punkt 5)** | 1100 |
| **13.6.3** | **Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense som ikkje tidlegare er koordinatbestemt, men har opphav i skyldskifte eller eldre utskifting.**<br>Inntil 4 punkt. | 5900 |
| **13.6.4** | **Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå om med punkt 5)** | 1100 |
| **13.6.5** | **Basisgebyr ved uavklarte grensepunkt** | Gebyr som for etablering |

## 13.7 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser

| | | |
|---|---|---|
| **13.7.1** | **Klarlegging av rettar og servituttar, etter medgått tid, minstegebyr kr:** | 1100 |
| **13.7.2** | **Matrikkelføring av privat avtale om grenser, etter medgått tid, minstegebyr:** | 3000 |

## 13.8 Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon

| | | |
|---|---|---|
| **13.8.1** | **Basisgebyr** | 10 800 |
| | a) Areal frå 0 til og med 50 $m^2$ | 1100 |
| | b) Areal frå 51 til og med 250 $m^2$ | 4800 |
| | c) Areal frå 251 til 2 000 $m^2$ | 6500 |
| | d) Areal frå og med 2 001 $m^2$ | 8600 |
| | Der det vert rekvirert fleire enn 5 uteareal samtidig i same sak, vert det | |

| | | |
|---|---|---|
| | gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr. | |

### 13.9 Registrering av jordsameige

| | | |
|---|---|---|
| **13.9.1** | **Registrering av eksisterande, uregistrert jordsameige** | 2000 |
| **13.9.2** | **Endring i registrert sameigefordeling** | 2000 |

### 13.10 Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr)

| | | |
|---|---|---|
| **13.10.1** | **Matrikkelbrev inntil 10 sider** | 175 |
| **13.10.2** | **Matrikkelbrev over 10 sider** | 350 |

### 13.11 Avbrot i rekvirert arbeid

| | | |
|---|---|---|
| **13.11.1** | **Avbrot forårsaka av rekvirent, medgått tid, minstegebyr:** | 2000 |
| **13.11.2** | **Avvist sak, medgått tid, minstegebyr:** | 2000 |
| **13.11.3** | **Mangelfull sak m/ melding til søkjer, medgått tid, minstegebyr:** | 1000 |

### 13.12 Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A), jf regulativet pkt 4.11

| | | |
|---|---|---|
| **13.12.1** | **Tilrettelegging av datagrunnlag (kommunen sitt ansvar)** | 10 % |
| **13.12.2** | **Administrativ del av oppmålingsforretninga og tilhøyrande dokumentasjon** | 40 % |
| **13.12.3** | **Teknisk arbeid og dokumentasjon** | 15 % |
| **13.12.4** | **Kontroll av punkt 2 og 3, og matrikkelføring (kommunen sitt ansvar)** | 35 % |
| **13.12.5** | **Ved mangelfull dokumentasjon, kommunen sin kontroll og påpeiking av manglar: etter medgått tid, minstegebyr** | 0 |

## 14 HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2)

### 14.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom.

| | | |
|---|---|---|
| **14.1.1** | **2 – 4 seksjonar** | 3 rettsgebyr |
| **14.1.2** | **5 – 10 seksjonar** | 5 rettsgebyr |
| **14.1.3** | **Meir enn 10 seksjonar, som 4.1.2 pluss tillegg pr seksjon** | 1/2 rettsgebyr |

### 14.2 Reseksjonering

| | | |
|---|---|---|
| **14.2.1** | **2 – 4 seksjonar** | 3 rettsgebyr |
| **14.2.2** | **5 – 10 seksjonar** | 5 rettsgebyr |
| **14.2.3** | **Meir enn 10 seksjonar, som 4.2.2 pluss tillegg pr seksjon** | 1/2 rettsgebyr |

### 14.3 Sletting / oppheving av seksjonert sameige

| | | |
|---|---|---|
| **14.3.1** | **Sletting av seksjon på ein eigedom** | 2 rettgebyr |

Gebyr for etablering og endring av uteareal til eigarseksjon kjem i tillegg, pkt 13.8

Tinglysingsgebyr i samsvar med tinglysingslova § 12 b kjem i tillegg.

## 15 HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12)

### 15.1 Konsesjon

| | | |
|---|---|---|
| **15.1.1** | **Konsesjon (maksimumsgebyr)** | 2 000 |
| **15.1.2** | **Konsesjon (kjøpesum under kr…….)** | 2 000 |

### 15.2 Deling etter jordlova

| | | |
|---|---|---|
| **15.2.1** | **Delingssamtykke etter jordlova § 12 (maksimumsgebyr)** | 2 000 |

## 16 HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4 )

### 16.1 Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova. Gjeld frå den dagen BOH vert eit AS.

| | | |
|---|---|---|
| **16.1.1** | **Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova** | 6000 |
| **16.1.2** | **Avvist eller mangelfull sak** | 1000 |

# 17 HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA

## 17.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2)

| | | |
|---|---|---|
| **17.1.1** | **Etter medgått tid, minstegebyr kr:** | 2000 |

## 17.2 Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12)

| | | |
|---|---|---|
| **17.2.1** | **Utsleppsløyve** | |
| | a) For utsleppet kalkulert til inntil 50 PE | 2000 |
| | b) For utsleppet kalkulert til mellom 51 og 2000 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø | 2000 |
| | c) For utsleppet kalkulert til større enn 2001 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø | 2000 |
| **17.2.2** | **Fornya søknad innan 3 månader og før anlegget er etablert** | 50 % av ny søknad |
| **17.2.3** | **Søknad om endra utslepp ved endring eller oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg** | 1500 |
| **17.2.4** | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 500 |
| **17.2.5** | **Avvist sak** | 500 |

## 17.3 Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2 )

| | | |
|---|---|---|
| **17.3.1** | **Kontroll** | |
| | a) Anlegg der utsleppet er < 50 PE | 1000 |
| | b) Anlegg der utsleppet er mellom 50 og 2000 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø | 1000 |
| | c) Anlegg der utsleppet er større enn 2000 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø | 0 |

# LOKAL FORSKRIFT OM GEBYR FOR TEKNISK FORVALTNINGSTENESTE (GEBYRREGULATIV) FOR FEDJE KOMMUNE - 2018

## 1 INNHALD


1 INNHALD ..... 1
2 HEIMEL ..... 3
3 IVERKSETTING ..... 3
4 GENERELLE REGLAR ..... 3
4.1 Betalingsplikt ..... 3
4.2 Kva for regulativ skal nyttast ..... 3
4.3 Fastsetting av gebyr ..... 4
4.4 Betalingstidspunkt ..... 4
4.5 Avbrote arbeid ..... 4
4.6 Mangelfull sak ..... 4
4.7 Avvist sak ..... 4
4.8 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp ..... 5
4.9 Gebyr til statlege etatar ..... 5
4.10 Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd) ..... 5
4.11 Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A) ... 5
4.12 Redusert gebyr ..... 5
4.13 Klage ..... 5
4.14 Endring av regulativet ..... 5
5 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID ..... 6
5.1 Timepris ..... 6
6 DIGITALT KARTGRUNLAG ..... 6
7 PLANSAK ..... 7
7.1 Førehandskonferanse ..... 7
7.2 Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12) ..... 7
7.3 Endring av reguleringsplan (pbl kap 12) ..... 7
8 UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18) ..... 8
9 DISPENSASJONSAK (pbl kap 19) ..... 8
10 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20) ..... 9

10.1 Førehandskonferanse ... 9
10.2 Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-3 jf. § 20-1) ... 9
10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4) ... 11
11 OPPRETTING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m) ... 12
12 ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32) ... 12
12.1 Sakshandsaming ... 12
13 HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA ... 13
13.1 Etablering av ny matrikkeleining ... 13
13.2 Areal-/volumoverføring ... 13
13.3 Innløysing av festetomt (omgjering av feste til bruk) ... 14
13.4 Justering av grense ... 14
13.5 Klarlegging av eksisterande grense ... 14
13.6 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser ... 14
13.7 Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon ... 14
13.8 Registrering av jordsameige ... 15
13.9 Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr) ... 15
13.10 Avbrot i rekvirert arbeid ... 15
13.11 Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A), jf regulativet pkt 4.11 ... 15
14 HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2) ... 15
14.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom ... 15
15 HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12) ... 16
15.1 Konsesjon ... 16
15.2 Deling etter jordlova ... 16
16 HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4 ) ... 16
16.1 Delegert mynde (ALTERNATIV 1) ... 16
16.2 Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova (ALTERNATIV 2) ... 17
16.3 Anløpsavgift i kommunale hamnar ... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**
17 HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA ... 18
17.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2) ... 18
17.2 Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12) ... 18
17.3 Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2 ) ... 18

# 2 HEIMEL

**Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vedteke med heimel i:**

- *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 § 33-1*
- *Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16*
- *Lov om eierseksjoner av 20. mars 1997 § 7*
- *Lov om eierseksjoner av 6. juni 2017 nr 65 §§ 14 og 15 (ikkje i kraft)*
- *Lov om vern mot forurensning av 13. mars 1981 nr 6 § 52 a og Forskrift av 5. mai 2003 nr 1909 om delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven*
- *Lov om behandlingsmåter i forvaltningssaker § 27 a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v.*
- *Lov om havner og farvann av 17. april 2009 § 6 og § 25 og Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift*

# 3 IVERKSETTING

Gebyrregulativet vedteke av Kommunestyret i Fedje kommune den 12. desember 2017 som sak 062/17 og gjeld frå den 1/1-2018.

Gebyrregulativet avløyse tidlegare gjeldande regulativ med det siterte heimelsgrunnlaget.

# 4 GENERELLE REGLAR

## 4.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot heimelshavar, tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende gebyr der kommunen har kravd og motteke for mykje i gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja forsinkelsesrenter frå forfallsdato i samsvar med forsinkelsesrentelova (Lov om renter ved forsinket betaling m.m av 17. desember 1976).

Det skal betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag på søknad.

Blir seksjoneringsbegjæring avvist skal tinglysningsgebyret og halve sakshandsamingsgebyret betalast attende til rekvirent, jf eierseksjonslova § 7 (5).

## 4.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyr skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som kommunen krev for å handsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn skal ein nytta det gebyrregulativet som er/var gjeldande når føresetnadene for å handsama neste ledd i sakshandsaminga er til stades.

Gebyr som skal reknast ut etter timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

## 4.3 Fastsetting av gebyr

Gebyr etter dette regulativet er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søkjar si side.

Gebyr vert fastsett som eit basisgebyr + eventuelle faste tilleggsgebyr.

I tiltakssaker (byggesak og deling) vert gebyr fastsett pr tiltak.

Førebels fastsetjing av gebyr for plansak (basisgebyr + fast tilleggsgebyr) skal skje i obligatorisk oppstartsmøte.

For bygge- eller delingssak der det er naudsynt med dispensasjonshandsaming eller samtykke etter jordlova, kjem gebyr for dispensasjon og/eller jordslovshandsaming i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr.

Gebyr for ulovlege tiltak kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Gebyr for utsleppsløyve kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Kommunen kan velje å rekne gebyr etter medgått tid i staden for fast gebyr, der gebyr etter medgått tid overstig fast sats. Gebyr vert då fastsett ved enkeltvedtak.

Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver etter plan- og bygningslova utgjer ……….. % av gebyr for tiltakssaker, jfr pbl § 33-1.

Gebyr for handsaming etter Lov om havner og farvann kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr. For kommunar som har delegert mynde til Bergen og omland havnevesen vert gebyret fakturert direkte frå Bergen og omland havnevesen.

## 4.4 Betalingstidspunkt

Kommunen kan krevje at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til, jf matrikkelforskrifta § 16(5) og plan- og bygningslova § 21-4(6).

For plansaker, medrekna utbyggingsavtalar og planprogram mm, skal gebyr vere betalt før saka vert lagt ut til offentleg ettersyn.

For saker der gebyr vert rekna etter medgått tid vert gebyr fakturert etterskotsvis.

Kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, jf pkt 4.6, kan ved store oppdrag fakturerast månadsvis.

Klage på gebyr eller søknad om fritak for å betale gebyr, medfører ikkje rett til lengre betalingsfrist.

## 4.5 Avbrote arbeid

Når kommunen sitt arbeid blir avbrote av rekvirent/søkjar skal det betalast gebyr i høve til det som er utført, etter timesats eller etter sats som for avvist / mangelfull sak.

## 4.6 Mangelfull sak

Dersom motteke sak er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunne handsame henne skal saka verte arkivert utan handsaming, og med melding til søkjer. Det vert å betale gebyr for mangelfull sak.

## 4.7 Avvist sak

Dersom motteke sak er i strid med føresegn gjeve i plan, lov eller forskrift kan kommunen treffe vedtak om avvising. Det vert å betale gebyr for avvist sak.

## 4.8 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp

Når kommunen må hyra inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga kan kommunen, i tillegg til gebyret, krevje å få refundert utlegga av den som skal betala saksgebyret.

## 4.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskriving og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen vert påført i samband med innhenting av relevante opplysningar i knytt til oppmålingsforretning, og eventuelt tinglysningsgebyr og dokumentavgift, skal dekkast av rekvirenten.

## 4.10 Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd)

Desember, januar og februar månad skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning. Kunngjort i Lovdata 17. desember 2009.

## 4.11 Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A)

Når det er ønskjeleg for kommunen, kan kommune ved skriftleg avtale overlata til rekvirent å utføre sjølve oppmålingsforretninga eller teknisk del av denne. Arbeidet skal utførast av kvalifisert landmålar, godkjent av kommunen. I avtalen skal det m.a. fastsetjast arbeidsdeling og samhandlingsrutinar. Jf. gebyrregulativet pkt 13.9.

## 4.12 Redusert gebyr

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret.

Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.

## 4.13 Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap VI. Fylkesmannen er klageinstans.

Klage skal vere grunngjeven.

## 4.14 Endring av regulativet

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1000 skal ein avrunda til heile 10 kroner og satsar frå kr. 1000 til heile hundre kroner.

# 5 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

## 5.1 Timepris

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jfr pkt 4.3, skal ein bruke følgjande timesatsar:

| | | |
|---|---|---|
| **5.1.1** | **Kontorarbeid** | 800 |
| **5.1.2** | **Feltarbeid** | 1050 |

# 6 DIGITALT KARTGRUNLAG

Betaling for kartdata vert rekna ut i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart. Sjå www.statkart.no.

# 7 PLANSAK

## 7.1 Førehandskonferanse

| | | |
|---|---|---|
| **7.1.1** | **Førehandskonferanse** | 0 |

## 7.2 Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12)

| | | |
|---|---|---|
| **7.2.1** | **Obligatorisk oppstartsmøte** | 0 |
| **7.2.2** | **Basisgebyr plansak** (inkludert inn til to møter) | 21 000 |
| **7.2.3** | **Fast tilleggsgebyr plansak** | |
| | a) Areal planområde over 25 daa. Per 25 daa<br><br>Areal som styresmakt har kravd inn i planområdet skal ikkje reknast med. Kommunen avgjer kva areal som ikkje vert rekna med. | 10 000 |
| | b) Bygningsareal. Per 1000 kvm BRA | 1000 |
| | c) Sentrumsformål | 1000 |
| | d) Næringsformål | 1000 |
| | e) Privat områderegulering (ikkje i kraft) | 0 |
| | f) Plan som utløyser særskilte krav til utgreiingar, men utan krav til KU | 1000 |
| | g) Planforslag i strid med overordna plan | 1000 |
| **7.2.4** | **Tilleggsmøter, per møte** | 0 |
| **7.2.5** | **Tilleggsgebyr for melding til forslagsstiller om manglar ved innlevert planframlegg** | 2000 |
| **7.2.6** | **Tilleggsgebyr for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert planframlegg etter avtale med forslagsstiller. Medgått tid, men minstegebyr:** | 1000 |
| **7.2.7** | **Avvist plansak etter oppstart ~~(ikkje i kraft)~~** | 0 |
| **7.2.8** | **Godkjenning av konsekvensutgreiing (jf pbl kap 4)** | 8000 |
| **7.2.9** | **Godkjenning av planprogram (jf pbl kap 4)** | 4000 |

## 7.3 Endring av reguleringsplan (pbl kap 12)

| | | |
|---|---|---|
| **7.3.1** | **Små endringar i reguleringsplan (jf pbl § 12-14) som er delegert til administrasjonen** | 5000 |

| | | |
|---|---|---|
| 7.3.2 | **Mindre endring i reguleringsplan (jf pbl § 12-14) når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hovedrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.** | 10 000 |
| 7.3.3 | **Endringar som det ikkje er høve til å delegere frå kommunestyret** | Som for ny sak |
| 7.3.4 | **Tilleggsgebyr for melding til forslagsstiller om manglar ved innlevert endingsforslag** | 1000 |
| 7.3.5 | **Tilleggsgebyr for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert endringsforslag etter avtale med forslagsstiller. Medgått tid, men minstegebyr:** | 1000 |

# 8 UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18)

| | | |
|---|---|---|
| 8.1.1 | **Utbyggingsavtale** | Medgått tid |
| 8.1.2 | **Refusjonssak** | Medgått tid |

# 9 DISPENSASJONSAK (pbl kap 19)

| | | |
|---|---|---|
| 9.1.1 | **Dispensasjon som gjeld byggeforbod i strandsone, pbl § 1-8** | 3000 |
| 9.1.2 | **Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan** | 5000 |
| 9.1.3 | **Dispensasjon som gjeld arealformål LNF for mindre tiltak på bygd eigedom, utanfor 100 m beltet til sjø eller vassdrag.** | 1000 |
| 9.1.4 | **Dispensasjon som gjeld plankrav eller rekkefølgjekrav i plan** | 3000 |
| 9.1.5 | **Andre dispensasjonar frå plan, lov eller forskrift** | 3000 |
| 9.1.6 | **Dispensasjonsvurdering i samband med søknad om tiltak, der det for mindre enn tre år sidan er gjeve dispensasjon for deling** | 2000 |
| 9.1.7 | **Mellombels dispensasjon (reversibelt)** | 3000 |
| 9.1.8 | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1000 |
| 9.1.9 | **Avvist sak** | 1000 |
| 9.1.10 | **Søknad om dispensasjon som vert trekt av søkjar** | 1000 |

# 10 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20)

## 10.1 Førehandskonferanse

| | | |
|---|---|---|
| **10.1.1** | **Førehandskonferanse** | 0 |

## 10.2 Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-3 jf. § 20-1)

| | | |
|---|---|---|
| **10.2.1** | **Basisgebyr bygg for bustad / fritidsbustad**<br>Jf. pbl § 20-1 a-e, g og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning.<br>For tilleggseining i einebustad skal det betalast 50 % av basisgebyr.<br>I fleirmannsbustadar skal det betalast 100 % av basisgebyr frå om med bustadeining nr 1 til og med nr 4, 50 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 5 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med bustadeining nr 11. | 7200 |
| **10.2.2** | **Basisgebyr asylmottak/hybelbygg/pensjonat/hotell**<br>Jf.pbl. § 20-1a-e, g og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning.<br>Per eining/rom: | 8000 |
| **10.2.3** | **Basisgebyr bygg for industri /næring /tenesteyting landbruk/ publikum**<br>Jf. pbl § 20-1 a-e og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. | 7200 |
| **10.2.4** | **Fast arealtillegg for bygg etter pkt. 10.2.3** | 0,-/m$^2$ |
| **10.2.5** | **Basisgebyr fellesbygg**<br>Jf. pbl § 20-1 a-e og j.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning.<br>Felles naust, sjøbod, bod, parkering, o.l. Gjeld frittliggjande fellesanlegg og fellesanlegg i tilknyting til andre bygg (t.d i kjellar).<br>**Gebyr pr eining/p-plass. 100 % av basisgebyr frå om med eining nr 1 til og med nr 5, 50 % av basisgebyr frå og med eining nr 6 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med eining nr 11.** | 7200 |
| **10.2.6** | **Basisgebyr konstruksjonar og anlegg**<br>Jf. pbl § 20-1 a-l.<br>Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Rivning. | 4400 |

| | | |
|---|---|---|
| | Veganlegg, parkeringsplass og landingsplass, VA-anlegg, jordtippar, massetak, terrenginngrep og planering, innhegning og støttemur, hamne- og kaianlegg. | |
| **10.2.7** | **Bygningstekniske installasjonar**<br>Jf. pbl. § 20-1 f.<br>Separat søknad om oppføring, endring og reparasjon. | 3000 |
| **10.2.8** | **Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg**<br>Oppføring av enkeltståande garasje/carport, naust, uthus/bod, terrasse og liknande.<br>Kai/flytebryggje/molo inn til 15 kvm. Basseng. Antenne/mast/skilt. Innhegning mot veg. Separat søknad om mindre anlegg/konstruksjonar og terrenginngrep på bygd eigedom. Separat søknad om enkle byggtekniske installasjonar. T.d ventilasjonsanlegg og pipe i bustad.<br>Tilbygg som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning.<br>Fasadeendring og annan mindre endring/reparasjon som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning.<br>Riving av tiltak som nemnd i dette punktet.<br>Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining. | 4400 |
| **10.2.9** | **Basisgebyr bruksendring**<br>Gebyr vert rekna ut i frå det føremålet det vert endra til. | Som for ny sak |
| **10.2.10** | **Delt sakshandsaming**<br>T.d: Igangsetjingsløyve. Endringar i løyve. Mellombels bruksløyve. | 2100 |
| **10.2.11** | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1000 |
| **10.2.12** | **Avvist sak** | 1000 |

## 10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4)

| | | |
|---|---|---|
| **10.3.1** | **Basisgebyr**<br>Jf. pbl § 20-4 og SAK10 §§ 3-1 og 3-2<br>Oppføring. Endring og reparasjon. Rivning.<br>Tilbygg < 50 kvm.<br>Frittliggjande uthus/garasje på bygd eigedom < 70 kvm.<br>Mindre skilt/reklame/antennesystem på bygd eigedom.<br>Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining.<br>Driftsbygning i landbruket < 1000 kvm<br>Tilbygg til driftsbygning i landbruket (totalareal < 1000 kvm)<br>Midlertidige bygningar/konstruksjonar/anlegg inn til 2 år | 4200 |
| **10.3.2** | **Basisgebyr for saker som ikkje krev oppdatering av kart/matrikkel**<br>T.d: Mindre murar. Fasadeendring. | 2000 |
| **10.3.3** | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 500 |
| **10.3.4** | **Avvist sak** | 1000 |

# 11 OPPRETTING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m)

| | | |
|---|---|---|
| **11.1.1** | **Oppretting i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan.** | 1900 |
| **11.1.2** | **Oppretting i samsvar med arealformål, men:** | |
| | a) der grensene ikkje er fastsett i godkjent plan | 3600 |
| | b) der området er uregulert | 3600 |
| | c) der grensene ikkje er i samsvar med grenser i godkjent plan | 3600 |
| **11.1.3** | **Oppretting som ikkje er i samsvar med arealformål** | 3600 |
| **11.1.4** | **Oppretting av ny anleggseigedom** | Etter avtale |
| **11.1.5** | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 1000 |
| **11.1.6** | **Avvist sak** | 1000 |

# 12 ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32)

## 12.1 Sakshandsaming

Gebyr for oppfølging av ulovlege tilhøve kjem i tillegg til ordinære sakshandsamingsgebyr der det ulovlege tiltaket vert søkt om i ettertid.

| | | |
|---|---|---|
| **12.1.1** | **Avdekking/påvising av ulovleg tiltak**<br>Registrering. Gjennomgang av arkiv og kartgrunnlag. Synfaring. Kontakt med tiltakshavar. Etter medgått tid, minstegebyr: | 0 |
| **12.1.2** | **Vedtak med pålegg om retting eller stans (pbl § 32-3 og 32-4)**<br>Kostnader med tinglysing kjem i tillegg. | 4000 |
| **12.1.3** | **Vedtak om tvangsmulkt (pbl § 32-5)** | 0 |

# 13 HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA

## 13.1 Etablering av ny matrikkeleining

| | | |
|---|---|---|
| **13.1.1** | **Basisgebyr for etablering av grunneigedom, festegrunn og punktfeste** | 12800 |
| **13.1.2** | **Fast arealtillegg** | |
| | a) Areal frå 201 til og med 3 000 m² | 6900 |
| | b) Areal frå 3 001 til og med 20 000 m² | 9200 |
| | c) Areal frå og med 20 001 m² til og med 50 000m2 | 11000 |
| | d) Areal frå og med 50 001 m² = makspris | 11000 |
| | Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomtar samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr. | |
| **13.1.3** | **Tillegg for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning** | 2000 |
| **13.1.4** | **Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn** | Som for etablering |
| **13.1.5** | **Oppretting av matrikkeleining utan markarbeid** | 75 % av aktuell sats |
| **13.1.6** | **Oppretting av anleggseigedom** | Etter avtale |

## 13.2 Innløysing av festetomt (omgjering av feste til bruk)

| | | |
|---|---|---|
| 13.2.1 | Krev oppmålingsforretning dersom kart- eller oppmålingsforretning ikkje har vore halden tidlegare og grensene ikkje er merka og målt. | Gebyr som for etablering |
| 13.2.2 | Der det tidlegare er halde kart- eller oppmålingsforretning og grensene er merka og målt. | 60 % av aktuell sats |

## 13.3 Areal-/volumoverføring

| | | |
|---|---|---|
| **13.3.1** | **Basisgebyr arealoverføring** | 14800 |
| **13.3.2** | **Fast arealtillegg** | |
| | a) Areal frå og med 501 m² til og med 3 000 m² | 6900 |
| | b) Areal frå og med 3 001 m² til og med 20 000 m² | 9200 |
| | c) Areal frå og med 20 001 m² til og med 50 000 m² | 11000 |
| | d) Areal frå og med 50 001 m² = makspris | 11000 |
| | Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomtar samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr. | |
| **13.3.3** | **Volumoverføring for anleggseigedom** | Etter avtale |

## 13.4 Omnummerering av festenummer

| | | |
|---|---|---|
| 13.4.1 | Omnummerering av festenummer | 75 % av aktuell sats |

## 13.5 Justering av grense

| | | |
|---|---|---|
| **13.5.1** | **Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige** | 5500 |
| **13.5.2** | **Justering av eksisterande grense for anleggseigedom** | Etter avtale |

## 13.6 Klarlegging av eksisterande grense

| | | |
|---|---|---|
| **13.6.1** | **Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense i samsvar med grense som er koordinatbestemt ved tidlegare oppmålingsforretning , eller tilsvarande forretning etter anna eller tidlegare lovgjeving.**<br>Inn til 4 punkt. Avvik inntil 10 cm, jf matrikkelforskrifta § 36, 2.ledd. | 5500 |
| **13.6.2** | **Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå og med punkt 5)** | 1000 |
| **13.6.3** | **Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense som ikkje tidlegare er koordinatbestemt, men har opphav i skyldskifte eller eldre utskifting.**<br>Inn til 4 punkt. | 5500 |
| **13.6.4** | **Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå om med punkt 5)** | 1000 |
| **13.6.5** | **Basisgebyr ved uavklarte grensepunkt** | Gebyr som for etablering |

## 13.7 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser

| | | |
|---|---|---|
| **13.7.1** | **Klarlegging av rettar og servituttar, etter medgått tid, minstegebyr kr:** | 1000 |
| **13.7.2** | **Matrikkelføring av privat avtale om grenser, etter medgått tid, minstegebyr:** | 3000 |

## 13.8 Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon

| | | |
|---|---|---|
| **13.8.1** | **Basisgebyr** | 10 000 |
| | a) Areal frå 0 til og med 50 m$^2$ | 1000 |
| | b) Areal frå 51 til og med 250 m$^2$ | 4000 |
| | c) Areal frå 251 til 2 000 m$^2$ | 6000 |
| | d) Areal frå og med 2 001 m$^2$ | 8000 |
| | Der det vert rekvirert fleire enn 5 uteareal samtidig i same sak, vert det | |

| | | |
|---|---|---|
| | gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr. | |

## 13.9 Registrering av jordsameige

| | | |
|---|---|---|
| 13.9.1 | Registrering av eksisterande, uregistrert jordsameige | 2000 |
| 13.9.2 | Endring i registrert sameigefordeling | 2000 |

## 13.10 Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr)

| | | |
|---|---|---|
| 13.10.1 | Matrikkelbrev inntil 10 sider | 175 |
| 13.10.2 | Matrikkelbrev over 10 sider | 350 |

## 13.11 Avbrot i rekvirert arbeid

| | | |
|---|---|---|
| 13.11.1 | Avbrot forårsaka av rekvirent, medgått tid, minstegebyr: | 2000 |
| 13.11.2 | Avvist sak, medgått tid, minstegebyr: | 2000 |
| 13.11.3 | Mangelfull sak m/ melding til søkjer, medgått tid, minstegebyr: | 1000 |

## 13.12 Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A), jf regulativet pkt 4.11

| | | |
|---|---|---|
| 13.12.1 | Tilrettelegging av datagrunnlag (kommunen sitt ansvar) | 10 % |
| 13.12.2 | Administrativ del av oppmålingsforretninga og tilhøyrande dokumentasjon | 40 % |
| 13.12.3 | Teknisk arbeid og dokumentasjon | 15 % |
| 13.12.4 | Kontroll av punkt 2 og 3, og matrikkelføring (kommunen sitt ansvar) | 35 % |
| 13.12.5 | Ved mangelfull dokumentasjon, kommunen sin kontroll og påpeiking av manglar: etter medgått tid, minstegebyr | 0 |

# 14 HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2)

## 14.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom (gjeldande frå ny lov om eigarseksjonering av 16.06.17 nr 65 § 15 trer i kraft 01.01.18)

| | | |
|---|---|---|
| **14.1.1** | **2 – 4 seksjonar** | 5 rettsgebyr |
| **14.1.2** | **5 – 10 seksjonar** | 10 rettsgebyr |
| **14.1.3** | **Meir enn 10 seksjonar, som 4.1.2 pluss tillegg pr seksjon** | 1 rettsgebyr |

### 14.2 Reseksjonering

| | | |
|---|---|---|
| **14.2.1** | **2 – 4 seksjonar** | 5 rettsgebyr |
| **14.2.2** | **5 – 10 seksjonar** | 10 rettsgebyr |
| **14.2.3** | **Meir enn 10 seksjonar, som 4.2.2 pluss tillegg pr seksjon** | 1 rettsgebyr |

### 14.3 Sletting / oppheving av seksjonert sameige

| | | |
|---|---|---|
| **14.3.1** | **Sletting av seksjon på ein eigedom** | 2 rettgebyr |

Gebyr for etablering og endring av uteareal til eigarseksjon kjem i tillegg, pkt 13.8

Tinglysingsgebyr i samsvar med tinglysingslova § 12 b kjem i tillegg.

# 15 HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12)

## 15.1 Konsesjon

| | | |
|---|---|---|
| **15.1.1** | **Konsesjon (maksimumsgebyr)** | 2 000 |
| **15.1.2** | **Konsesjon (kjøpesum under kr…….)** | 2 000 |

## 15.2 Deling etter jordlova

| | | |
|---|---|---|
| **15.2.1** | **Delingssamtykke etter jordlova § 12 (maksimumsgebyr)** | 2 000 |

# 16 HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4 )

## 16.1 Delegert mynde (ALTERNATIV 1)

Fedj kommune har delegert mynde sitt etter havne- og farvannsloven, med heimel i havne- og farvannsloven § 10, til Bergen og Omland havnvesen (BOH), jf vedtak i sak ……. den ………..

For søknad om løyve til tiltak i sjø, jf havne- og farvannslova § 27, skal det betalast gebyr til Bergen og omland havnevesen. Gebyrsatsar er vedteke med heimel i havne- og farvannsloven §6, i *Lokal forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen og Omland havnevensen av 08.12.2011*.

## 16.2 Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova (ALTERNATIV 2). Gjeld frå den dagen BOH vert eit AS.

| | | |
|---|---|---|
| **16.2.1** | **Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova** | 3000 |
| **16.2.2** | **Avvist eller mangelfull sak** | 1000 |

# 17 HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA

## 17.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2)

| | | |
|---|---|---|
| **17.1.1** | **Etter medgått tid, minstegebyr kr:** | 2000 |

## 17.2 Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12)

| | | |
|---|---|---|
| **17.2.1** | **Utsleppsløyve** | |
| | a) For utsleppet kalkulert til inntil 50 PE | 2000 |
| | b) For utsleppet kalkulert til mellom 51 og 2000 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø | 2000 |
| | c) For utsleppet kalkulert til større enn 2001 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø | 2000 |
| **17.2.2** | **Fornya søknad innan 3 månader og før anlegget er etablert** | 50 % av ny søknad |
| **17.2.3** | **Søknad om endra utslepp ved endring eller oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg** | 1500 |
| **17.2.4** | **Mangelfull sak m/melding til søkjer** | 500 |
| **17.2.5** | **Avvist sak** | 500 |

## 17.3 Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2 )

| | | |
|---|---|---|
| **17.3.1** | **Kontroll** | |
| | a) Anlegg der utsleppet er < 50 PE | 1000 |
| | b) Anlegg der utsleppet er mellom 50 og 2000 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø | 1000 |
| | c) Anlegg der utsleppet er større enn 2000 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø | 0 |

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Øyvind Tolleshaug | FE-231, FA-M53 | 19/477 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 117/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 088/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Gebyr for tømming av slam i 2020**

### Saksutgreiing:

Gebyret for slamtømming i 2019, er 884,- kr eksklusiv mva. Det er ikkje grunnlag for endring av gebyret.

### Forslag til vedtak:

Gebyret for slamtømming i 2020, vert 884,- kr eksklusiv mva som i 2019. Gebyret for hytter, vert det halve.

### <u>Formannskapet - 117/19</u>

### F - behandling:

### F - vedtak:

Gebyret for slamtømming i 2020, vert 884,- kr eksklusiv mva som i 2019. Gebyret for hytter, vert det halve.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Øyvind Tolleshaug | FE-231 | 19/481 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 118/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 089/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Gebyr for vatn og kloakk i 2020.**

### Saksutgreiing:

For vatn, er årsgebyret auka med 38,4 % i 2020 i høve til 2019. For vatn vert gebyret i 2020 det same som i 2017.

For kloakk er gebyret uendra frå 2019 til 2020. Tilknytningsgebyra er uendra.

| Eingongsgebyr for tilknytning | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| Vatn | 9.261,- kr | 9.261,- kr |
| Kloakk | 9.702,- kr | 9.702,- kr |

Årsgebyr = abonnementsgebyr + forbruksgebyr

| Abonnementsgebyr | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| Vatn | 1456,- kr | 2.016,- kr |
| Kloakk | 2.176,- kr | 2.176,- kr |

| Forbruksgebyr | Pris pr m3 i 2019 | Pris pr m3 i 2020 |
|---|---|---|
| Vatn | 6,46 kr/m3 | 8,94 kr/m3 |
| Kloakk | 9,69 kr/m3 | 9,69 kr/m3 |

Forbruksgebyret vert rekna ut etter m3 eller bruksareal ( BRA ).
Omrekningsfaktor mellom m3 vassforbruk og m2 BRA er sett til 1.

| Forbruksgebyr | Mindre enn 80 m2 BRA, rekna ut etter 60 m2 BRA | Mellom 80 m2 og 300 m2 BRA, rekna ut etter 150 m2 BRA | Over 300 m2 BRA |
|---|---|---|---|
| Vatn 2019 | 388,- kr | 969,- kr | BRA x 6,46 kr/m3 |
| Kloakk 2019 | 581,- kr | 1453,- kr | BRA x 9,69 kr/m3 |
| Vatn 2020 | 536,- kr | 1341,- kr | BRA x 8,94 kr/m3 |
| Kloakk 2020 | 581,- kr | 1453,- kr | BRA x 9,69 kr/m3 |

### Forslag til vedtak:

# Fedje kommune

Gebyr for vatn og kloakk i 2020 vert i samsvar med saksutgreiinga.

**<u>Formannskapet - 118/19</u>**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**
Gebyr for vatn og kloakk i 2020 vert i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Øyvind Tolleshaug | FE-106 | 19/492 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 113/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 090/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Godkjenning av skatteøre og skattsats etter eigedomsskattelova for 2020.**

**Saksutgreiing:**

**Forslag til vedtak:**
Skatteøren i 2020 vert maksimalsatsen som Stortinget har vedteke for 2020. Skatt i 2020 på næringseigedom og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum : 7 promille.

**Formannskapet - 113/19**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**
Skatteøren i 2020 vert maksimalsatsen som Stortinget har vedteke for 2020. Skatt i 2020 på næringseigedom og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum : 7 promille.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Øyvind Tolleshaug | FE-613 | 19/475 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 119/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 091/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Husleiger i kommunale bustader i 2020**

**Saksutgreiing:**
Husleiga vert auka frå 1. juli 2020 til gjengs leiga med 500 kr pr mnd for alle bustader.

| | Husleige | Husleige |
|---|---|---|
| | januar / juni | juli / desember |
| Stormarkvegen 7 | 7460 | 7960 |
| Stormarkvegen 54 og 56 | 6697 | 7197 |
| Stormarkvegen 72 | 5202 | 5702 |
| Rognsvågen 2 og 4 | 5202 | 5702 |
| Husøyna 25, 30, 32, 36, 38 og 47 | 6697 | 7197 |
| Husøyna 24 og 26 | 5853 | 6353 |
| Husøyna 51 og 52 | 5202 | 5702 |
| Husøyna 65 A og 65 B | 8915 | 9415 |
| Mulevegen 24 og 26 | 5600 | 6100 |
| Mulevegen 6 ( møblert ) | 10915 | 11415 |
| Husøyna 23 ( møblert ) | 10915 | 11415 |
| Mulevegen 3 A | 10036 | 10536 |
| Mulevegen 3 B | 10036 | 10536 |
| Mulevegen 3 C | 7527 | 8027 |
| Mulevegen 3 D H0101 | 6378 | 6878 |
| Mulevegen 3 D H0102 | 7632 | 8132 |
| Mulevegen 3 D H0103 | 8573 | 9073 |

**Forslag til vedtak:**
Husleiger i 2020 vert i samsvar med saksutgreiinga.

**<u>Formannskapet - 119/19</u>**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

# Fedje kommune

Husleiger i 2020 vert i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Nadine Gutte-Preusse | FE-230, FA-G10 | 19/409 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 120/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 092/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |
| 011/19 | Eldrerådet | PS | 12.11.2019 |

**Justering av sats for omsorgsstønad 2020**
**Kommunebudsjett 2020**

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**

Omsorgsstønad er lovfesta i Helse- og omsorgsloven § 3-6 tredje ledd. Omsorgsstønad for særleg tyngande omsorgsoppgåver vert tildelt etter bestemte kriterier og skal gjera det mogleg for private omsorgspersonar å oppretthalda omsorsgarbeidet for sine næraste. Omsorgsstønad kan sjåast på som ei form for oppvurdering av det ubetalte omsorgsarbeidet. Private omsorgsytere skal få noko betaling for det omsorgsarbeidet dei gjer. Betalinga dekker som regel ikkje dei reelle utgiftene eller inntektstap for den som yter omsorga. Søkjaren har rett på berekning av kva for eit timetal ytinga vert betalt for. Det skal vidare skje ein konkret utmåling ut frå ein timesats som vanlegvis ikkje skal vera under det lønt personell får. Viser i tillegg til dei utarbeidde retningslinjer for omsorgsløn i Fedje kommune (vedtak K-010/04)

**Vurdering**

Timesats for omsorgsstønad låg på 157,17 kr for 2019. Det er vanleg at kommunane set fast timeløna til dei som får omsorgsstønad likt med timeløna til stilling utan særskilt krav om utdanning. Kommunen fastset sjølv kor mange timar dei skal gje omsorgsstønad for. Den som får omsorgsstønad, må betala skatt for det, og kommunen må betala arbeidsgjevaravgift. Dei fleste kommunar plasserer omsorgsstønad i lågaste gruppe. Justert med normal løns- og prisstigning utgjer dette ei timelønn på 162,67 for 2020.

Tidligare vart maksbeløpet justert etter normal lønsstigning og låg på kr 5130 i 2019. Regjerninga ser på omsorgsstønad som skattepliktig yting og anbefalar at satsane vert justert i takt med utviklinga av grunnbeløpet til folketrygda. Dermed bør maksbeløpet setjast fast til grunnbeløpet til folketrygda på 99858 kr per år. Dette svarer til 8321,50 kr per månad og vil utgjere eit tillegg på ca. fire timer per veke.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Kommunane har etter lova plikt til å ha ei ordning med omsorgsløn, og det må setjast av tilstrekkeleg midlar til dette formålet. Kommunen kan ikkje avslå ein søknad om omsorgsløn grunngjeve med at ein ikkje har denne ordninga eller at det ikkje er pengar til rådvelde. Ordninga har hittil ikkje vore nytta i noko omfang i kommunen, men det kan endra seg avhengig av kva tilgang det er på eks. sjukeheimsplassar eller heimesjukepleie i høve til etterspurnad. Endringa av maksbeløpet vil føre til

meir økonomisk belastning i kommunebudsjett dersom ordninga vert nytta i større grad.

**Konklusjon**
Timesats er utrekna med basis i kva som er vanleg praksis og justert med forventa løns- prisauke. Maksbeløp er tilpassa statlege føringar.

**Forslag til vedtak:**
**Med verknad frå 01.01.2020 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til 162,67 kr og maksbeløpet vert satt til 8321,50 kr per månad.**

## Eldrerådet - 011/19

**ELD - behandling:**

**ELD - vedtak:**
**Med verknad frå 01.01.2020 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til 162,67 kr og maksbeløpet vert satt til 8321,50 kr per månad.**

**Samrøystes vedteke.**

## Formannskapet - 120/19

**F - behandling:**

**F - vedtak:**
Med verknad frå 01.01.2020 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til 162,67 kr og maksbeløpet vert satt til 8321,50 kr per månad.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Nadine Gutte-Preusse | FE-230, FA-G10 | 19/409 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 121/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 093/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |
| 012/19 | Eldrerådet | PS | 12.11.2019 |

**Justering av satsar for matombringing 2020**
**Kommunebudsjett 2020**

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**
Tenesta er ikkje lovpålagt, men vurderast ut frå søkjarens behov for helse- og omsorgstenesta etter lov om helse- og omsorgstjenester i kommunen § 3-1 og § 3-2. Føremål med tenesta er å gi eldre, funksjonshemma og andre gruppar tilgang til varm og næringsrik mat som eit førebyggjande helsetiltak. Maten vert laga på institusjonskjøkken ved Fedje sjukeheim og direkte tilkøyrd til heimen til brukarane. Ein kan tinga middag alle vekedagar og på heilagdagar, utanom laurdagar.

**Vurdering**
Både årleg lønsutvikling og ein auke i konsumprisindeks påverkar kostnadane for innkjøp av råvarane, matlaging og levering. Pr i dag kostar eit fullt måltid med dessert inkludert heimkøyring 94 kr. Eit halvt måltid med dessert kostar 47 kr, eit fullt måltid utan dessert kostar 64 kr og eit halvt måltid utan dessert kostar 32 kr.

Folkehelse

Statistisk sett lever vi lengre og er friskare jo lengre utdanning og høgare inntekt vi har. Sosial forskjell i helse dannar såleis mønster av ein helsegradient gjennom heile folkesetnaden. Ein auke i satsen for matombringing vi difor belasta lavinntektshushald forholdsvis sterkare enn hushald med høgare inntekt. For å påverke helsegradienten og såleis å fremja folkehelsa ville det vore naudsynt med graderte betalingssatsar, slik at lavinntektshushald betalar forholdsvis mindre enn hushald med høgare inntekt.

Miljø
Økonomi

Satsen bør justerast i tråd med framtidig prisauke og lønsvekst.

**Konklusjon**
Satsane bør aukast som følgjande:
Fullt måltid med dessert kr 98
Fullt måltid utan dessert kr 68
Halvt måltid med dessert kr 49
Halvt måltid utan dessert kr 34

**Forslag til vedtak:**
**Satsane for matombringing vert oppjustert med verknad frå 01.01.2020 som følgjande:**

**Fullt måltid med dessert kr 98**
**Fullt måltid utan dessert kr 68**
**Halvt måltid med dessert kr 49**
**Halvt måltid utan dessert kr 34**

## Eldrerådet - 012/19

**ELD - behandling:**

**ELD - vedtak:**
**Satsane for matombringing vert oppjustert med verknad frå 01.01.2020 som følgjande:**

**Fullt måltid med dessert kr 98**
**Fullt måltid utan dessert kr 68**
**Halvt måltid med dessert kr 49**
**Halvt måltid utan dessert kr 34**

**Samrøystes vedteke**

## Formannskapet - 121/19

**F - behandling:**

**F - vedtak:**
Satsane for matombringing vert oppjustert med verknad frå 01.01.2020 som følgjande:

Fullt måltid med dessert kr 98
Fullt måltid utan dessert kr 68
Halvt måltid med dessert kr 49
Halvt måltid utan dessert kr 34

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Nadine Gutte-Preusse | FE-230, FA-G10 | 19/409 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 122/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 094/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |
| 013/19 | Eldrerådet | PS | 12.11.2019 |

**Justering av satsar for praktisk bistand - heimehjelpsatsane 2020**
**Kommunebudsjett 2020**

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**

Kommunen kan i tråd med Helse- og omsorgsloven § 3-2 fyrste ledd nr.6 bokstav b krevja betaling for praktisk bistand (tidligare kalla for heimehjelp). Kommunen sjølv kan setja fast betalingssatsar og reglar for betaling. Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenetser slår fast at dersom ein husstand sin samla skattbare nettoinntekt før særfradrag er under 2G, så kan samla eigenandel ikkje vera høgare enn 210 NOK/månad. Kommunen skal dessutan minst årleg oppdatera eigenandelsvedtaket ut frå nye opplysningar i likning og ny G, jfr. forskriften § 8. Kommunen kan ikkje ta høgare betaling enn sjølvkost. Sjølvkost vert berekna til ei gjennomsnittleg timeløn for den tenesta som vert utført, tillagt sosiale utgiftar og administrasjonsutgiftar som skal utgjera 10 prosent av timeløna og sosiale utgifter. For Fedje kommune er sjølvkost etter desse premissane berekna til 337 NOK/time.

**Vurdering**

Forslag til nye betalingssatsar for praktisk bistand i 2020:

| Inntekt | Eksisterande satsar (kr/time) | Forslag nye satsar 2020 (kr/time) | Maks betaling per månad (kr) |
|---|---|---|---|
| Under 2G | 205 | 105 | 210 |
| 2-3G | 142 | 145 | 908 |
| 3-4G | 203 | 207 | 1249 |
| 4-5G | 283 | 289 | 1531 |
| Over 5G | 320 | 337 | 1818 |

1G = kr.99858 per 01.05.2019

Folkehelse

Helsa i befolkninga varierar mellom ulike gruppar: etter inntekt, utdanning, yrke, kjønn og etnisk og kulturell bakgrunn (helsegradienten). Betaling for praktisk bistand tilpassa til hushald sine samla inntekt vil såleis bidra til ei viss utjamning av helsegradienten, sårleg i låginntektshushald.

Miljø

Økonomi

**Konklusjon**
Satsane for praktsik bistand er justert i tråd med nasjonale føringar og ei berekning av sjølvkost for tenesta.

## Forslag til vedtak:
**Betalingssatsane for praktisk bistand i 2020 vert justert som føreslått i tabellen ovanfor.**

## <u>Eldrerådet - 013/19</u>

## ELD - behandling:

## ELD - vedtak:
**Betalingssatsane for praktisk bistand i 2020 vert justert som føreslått i tabellen ovanfor.**

**Samrøystes vedteke.**

## <u>Formannskapet - 122/19</u>

## F - behandling:

## F - vedtak:
Betalingssatsane for praktisk bistand i 2020 vert justert som føreslått i tabellen ovanfor.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Nadine Gutte-Preusse | FE-230, FA-G10 | 19/409 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 123/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 095/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |
| 014/19 | Eldrerådet | PS | 12.11.2019 |

**Justering av satsar for tryggleiksalarm og velferdsteknologi 2020**
**Kommunebudsjett 2020**

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**
Tenesta er ikkje lovpålagt, men vurderast ut frå behovet til søkjaren for helse- og omsorgstenesta etter lov om helse- og omsorgstjenester i kommunen § 3-1 og § 3-2. Føremål med tenesta er å gje brukaren tryggleik ved trong for akutt helsehjelp og for å utsetja institusjonsinnlegging, slik at brukaren kan klara seg betre og lengre i eigen heim.

Pr i dag har Fedje kommune avtale med Doro Care AS og drift av tryggleiksalarmane, som óg inkluderer vaktsentral som vidareformidlar alarmane til peleipersonalet på sjukeheimen. I haust 2019 skal tryggleiksalarmane skiftast ut og utvidast med anna teknologi i samarbeid med Vestlandsprosjektet og Atea.

Kommunane kan krevje eigenandel for velferdsteknologi etter Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2 så sant velferdsteknologi vert brukt som teneste som ikkje blir ytt til personleg stell og eigenomsorg. Under eigenomsorg forståast her hjelp til personleg hygiene, toalettbesøk, naudsynt tilsyn og tilsvarande grunnleggjande behov. Dersom det vert ytt velferdsteknologiske hjelpemiddel til som helsehjelp i heimen, altså personleg stell eller eigenomsorg, etter Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr.6 bokstav a har kommunen ikkje tilgang til å krevja eigenandel.

**Vurdering**
Alternativkostnadane for drift av tryggleiksalarmane er per i dag omtrent kr 30000 per år. Grunna omstilling frå Doro til Atea vil det påfalle etableringskostnadar på omtrent kr 170000 i haust 2019. Desse kan splittast i innkjøp av sjølve teknologien med kr 113500 og etablering av datateknologien som trengst for å driva velferdsteknologiske hjelpemidlar med kr 63500. Dei årlege kostnadar vert estimert til omtrent kr 102000, splitta i lisensavgiftar til sjølve teknologien med kr 64000 og datateknologi med kr 38000.

Folkehelse

Ved hjelp av velferdsteknologiske hjelpemidlar kan institusjonsopphald utsetjast eller vert unngått og brukaren kan klara seg betre og lengre i eigen heim.

Statistisk sett lever vi lengre og er friskare jo lengre utdanning og høgare inntekt vi har. Sosial ulikhet i helse dannar såleis mønster av ein helsegradient gjennom heile folkesetnaden. Gratis tryggleiksalarm bidreg ikkje til ei utjamning av helsegradienten fordi låginntektshushald med trong

for denne teknologien vil ikkje verta belasta økonomisk – men samtidig så vil óg hushald med høgare inntekt ikkje få ein auka økonomisk belastning. For å påverke helsegradienten og dermed å fremja følkehelsa ville det vore naudsynt med graderte leigeprisar, slik at låginnteksthushald betalar forholdsvis mindre enn hushald med høgare inntekt.
Miljø
Økonomi

For å kunne bruke velferdsteknologiske hjelpemidlar betalar kommunen både etableringskostnadar og månadlege lisensavgiftar. Ved førebyggjande bruk av velferdsteknologien som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2 vert det foreslått at etableringskostnadar for dei ulike teknologier vert betalt av brukaren sjølv. Alternativ vert det foreslått at brukaren betalar dei månadlege lisensavgiftar. Dermed vert kostnadane fordelt på både brukarar og kommune.

| Teknologi | Etableringskostnad (kr) | Lisensavgift pr månad (kr) |
|---|---|---|
| Dignio pilly - medisindispenser | 3047,50 | 299 |
| GX-8 tryggleiks alarm | 2627,75 | 19,80 |
| Safemate Trigger two (lokalisering) | 2177,50 | 215,80 |
| Safemate Track three (lokalisering) | 2593,50 | 215,80 |

Gratis velferdsteknologi vil føre til ein større økonomisk belastning for kommunen.

Per i dag er det 15 brukarar av tryggleiksalarm, mens tallet kan verta varierande etter behov. Av desse brukarar er det sannsynlegvis berre ein eller to som fell under § 11-2. Hovudparten av brukarane får velferdsteknologiske hjelpemidlar etter § 3-2 og kan dermed ikkje krevjast for eigenandel.

**Konklusjon**
Ved oppstart med velferdsteknologi som førebyggjande tiltak etter HOTj. § 11-2 betalar brukaren etableringskostnader, mens driften og den økonomiske belastningen av velferdsteknologiske hejlpemidlar ligg hos kommunen.

### Forslag til vedtak:
**Brukar betalar etableringskostnadar for velferdsteknologiske hjelpemidlar som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2 som foreslått i tabellen ovenfor. Alle andre kostnadar vert betalt av kommunen.**

**Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr.6 bokstav a.**

## <u>Eldrerådet - 014/19</u>

### ELD - behandling:

**ELD - vedtak:**
**Brukar betalar etableringskostnadar for velferdsteknologiske hjelpemidlar som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2 som foreslått i tabellen ovenfor. Alle andre kostnadar vert betalt av kommunen.**

**Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr.6 bokstav a. Brukar betalar etableringskostnadar for velferdsteknologiske hjelpemidlar som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2 som foreslått i tabellen ovenfor. Alle andre kostnadar vert betalt av kommunen.**

**Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr.6 bokstav a.**

**Samrøystes vedteke.**

**<u>Formannskapet - 123/19</u>**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**
Brukar betalar etableringskostnadar for velferdsteknologiske hjelpemidlar som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 11-2 som foreslått i tabellen ovenfor. Alle andre kostnadar vert betalt av kommunen.

Gratis bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar som fell under Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr.6 bokstav a.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Dagrun Gunnarson | FE-417, FA-A56 | 19/503 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 128/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 096/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Læreplassar i Fedje kommune**
**Lærling helsefagarbeidar og barne- og ungdomsarbeidar**

Vedlegg:
Fagforbundet og Delta sine innspel ang. lærlingeplassar

### Saksutgreiing:

**Oppsummering av saka:**
Fedje kommune bør vurdere kor mange læreplassar me skal ha, og i kva for fagområde.

**Bakgrunn**
Situasjonen no:
Fedje kommune har politisk vedtak om to læreplassar, ein for helsefagarbeidar og ein for barne- og ungdomsarbeidar. I dag er har me berre lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Ho skal etter planen vere ferdig i lære april 2020. Me fekk ein annan søkjar på læreplass til barne- og ungdomsarbeidar denne hausten, som fekk avslag fordi det ikkje var ledig plass. Me har ikkje fått aktuelle søkjarar på læreplassen til helsefagarbeidar sidan siste helsefagarbeidarlærling tok fagbrev i mai 2017.

Fedje kommune er medlem av Opplæringskontoret for Nordhordland som er med og sørgjer for at opplæringa skjer i tråd med lovverket. Dei ordnar alle godkjenningar som må på plass (godkjenning av bedrift, fagleg leiar, kontraktar og evt endringar, oppmelding osb) og bidrar i kvalitetssikringa av opplæringa (gjennom utvikling av opplæringsmateriell, oppfølgingsmøter, tinger teoriundervisning, opplæring av rettleiarar mm).

Tilskotet for lærling frå fylkeskommunen er avhengig av om lærlingen har ungdomsrett eller ikkje, og kor lang læretida er. Det vert utbetalt ca 60 000 kr pr lærling. 30% av lærlingtilskotet går til opplæringskontoret. 70% vert utbetalt til kommunen og brukt til dei som driv rettleiing av lærlingane. Dette utgjer ofte ca 20 000 kr pr år pr lærling. På Fedje har me hatt fleire vaksenlærlingar enn lærlingar med ungdomsrett. Dei vaksne lærlingane utløyser mindre tilskot. Men ofte kan dei jobbe sjølvstendig tidlegare enn dei yngste lærlingane.

Kva er reglane for læreplassar?
Dei fleste læreplassar varar i 2 år i 100% stilling. Dette gjeld søkjarar som har gjennomført rett vg1 og vg2 i vidaregåande skule. Vaksne lærlingar kan ha kortare eller lengre løreløp, avhengig av kva dei får godskrive av tidlegare skulegang og praksis. I tillegg kan ein få utvida læretida om ein er langvarig sjuk, får barn eller får permisjon av andre grunnar.

Lærlinglønn er regulert i Hovudtariffavtalen. Tariffavtalen tek utgangspunkt i grunnløn for fagarbeidar. Lærlingen skal ha lønn i verdiskapingsdelen, men ikkje i opplæringsdelen. I

opplæringsdelen (typisk 70% i første halvår, synker til 20% i siste halvår) skal lærlingen gå «på topp» og få opplæring av rettleiar og andre kollegaer, gjere oppgåver og gjere teoretisk arbeid i tråd med opplæringsplanen. I verdiskapingsdelen (typisk 30% i første halvår, opp til 80% i siste halvår) skal lærlingen gjere sjølvstendig arbeid og ikkje gå «på topp», men arbeide i ledige stillingar. Dette er arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane samde om gjennom Hovudtariffavtalen kap 6.

Dersom ein tar utgangspunkt i ein ordinær lærling, som føl ordninga med 2 år skule og 2 år i lære, får desse ei gjennomsnittslønn på 50% av grunnlønn for fagarbeidar med 0 års ansiennitet. Dvs at ein læreplass kostar 175 000 kr + sosiale omkostningar (35%)= i snitt ca. 230 000 kr i året. Utfordringa er å få ut arbeid i «tilsvarande verdi», slik at lærlingen ikkje vert ein stor ekstrakostnad. I tillegg kjem utgifter til kurs og ekstraarbeid for rettleiar, samt funksjonstillegg for å ta på seg oppgåva. Noko av dette siste vert dekka av lærlingtilskotet.

<u>Kva er fordelen med å ha lærlingar?</u>
- me tilbyr lokal opplæring for lokale ungdommar
- me er med på den felles dugnaden for å skaffe nok flinke fagarbeidarar i framtida
- dei held oss «på tå hev» - det er nyttig for tenestene å få inn eit blikk utanfrå som stadig spør «kvifor gjer de det slik?»

Saka er drøfta med rektor, barnehagestyrar og pleie- og omsorgsleiar, og sendt ut på ei «minihøyring» til dei hovudtillitsvalde og Opplæringskontoret i Nordhordland.

**Vurdering**
Ein del problemstillingar har dei siste åra dukka opp i forhold til læreplassane våre, som kommunestyret bør ta stilling til:

<u>Eitt eller fleire inntak i året?</u>
Me lyser ut læreplassar ein gong i året i februar/mars, saman med Opplæringskontoret. Me vurderer også søknadar som kjem utanom dette tidspunktet. Det er for å vere på tilbodssida i forhold til vaksenlærlingane, som gjerne søkjer utanom det eine opptaket i året. Problemet er at dette opnar opp for at me prioriterer vaksenlærlingane (som kan søkje heile året, og får plass om dei er kvalifiserte og me har ledig plass) over ungdomslærlingane. Det er bra for tenesta og for vaksenlærlingane, men er det i tråd med kommunestyret sin intensjon med læreplassane?

<u>Kvar bør læreplassane vere?</u>
Barnehagen er godkjente rettleiarar for barne- og ungdomsarbeidarlærling. Dei samarbeidar med skulen, men er likevel ei så lita eining at dei ikkje har kapasitet til å ha fleire enn ein lærling. Det er eit spørsmål om me bør ha barne- og ungdomsarbeidarlærling når me ser liten moglegheit for ledige jobbar innan dette fagfeltet dei komande åra. Samstundes er barne- og ungdomsarbeidar eit fag dei framleis tilbyr begge år for på Austrheim Vidaregåande – i motsetning til helsefagarbeidar. Helsefagarbeidarelevane må gå andre året i Knarvik eller andre stader.
Pleie og omsorg er ei større eining, og det er lettare å ha opplæringskapasitet og dekke alle fagområde for helsefagarbeidarlærlingen. Nasjonalt er det stort behov for helsefagarbeidarar framover, og også truleg lokalt.

<u>Lærling i tider med behov for nedbemanning/bemanningstilpassing:</u>
Det vil truleg verte behov for færre tilsette i barnehagen og i skulen frå 2020 og framover. I følgje nedbemanningsreglane i Personalplan for Fedje kommune, skal mellombels tilsette gå først. Lærlingar er mellombels tilsette, men kommunen har ikkje høve til å bryte lærlingkontrakten når den først er inngått. Men det kan verte oppfatta som urimeleg for fast tilsette som har jobba i Fedje

kommune i 20 år å verte omplassert mot si vilje frå barnehagen til pleie og omsorg medan me held på ein lærling. Enda verre viss me må gå til oppseiingar. Dette taler i mot å ha lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget no, før innretninga på skule og barnehage for framtida er noko meir avklart.

Fagleg sett kunne me gjerne trengt å ha to helsefagarbeidarlærlingar i staden for. Pleie og omsorg kan også ha opplæringskapasitet til det, i alle fall i periodar. Men dei har problem med å hente ut verdiskapingsdelen.

Dei hovudtillitsvalde i Fagforbundet og Delta har sendt felles uttale, som Utdanningsforbundet har slutta seg til. Dei skriv at ønskjer å halde på to læreplassar, men at dei ser utfordringane, særleg i nedbemanningstider. Dei føreslår difor å mellombels endre barne- og ungdomsarbeidarlæreplassen til helsefagarbeidarlæreplass. Og at ein endrar ordlyden til «inntil 2 lærlingplassar», slik at ein kan gjere ei konkret vurdering av økonomiske rammer ved kvar søknad.

Denne løysinga kan etter rådmannen si vurdering fungere greitt, så lenge det er snakk om læreplassar til helsefagarbeidar, og me har ein felles søknadsfrist i året. Då kan me konkret gå inn og vurdere om me har opplæringskapasitet og ledige stillingar slik at me kan hente ut verdiskapingsdelen for lærlingen. Dette kan fungere om t.d. ein lærling er tidlig i læreløpet, og ein annan lærling er seint i læreløpet. Me har fått innspel frå opplæringskontoret på at me har lov å leggje vekt på at det er godt kvalifiserte lokale søkjarar. Det er etter rådmannen si meining i tråd med kommunestyret sin intensjon med å ha lærlingplassar, og vert teke med i vedtaket.

Folkehelse – ikkje relevant
Miljø – ikkje relevant
Økonomi – Utan å ta ut verdiskapingsdelen, kostar ein læreplass kommunen ca 230 000 kr/år + noko til rettleiing. Ved å ta ut verdiskapingsdelen i vikararbeid og i sjølvstendig arbeid/vakter som me uansett treng, kan ein læreplass vere så å seie gratis.

**Konklusjon**
For å ha ein god lærlingordning, der me tar omsyn til den situasjonen Fedje kommune er i no, er det naudsynt å gjere endringar i dagens vedtak og praksis.

Eit alternativ er å sette av øyremerka midlar kr 230 000 pr år til ein læreplass i bhg/skule eller helsefag, som me kan nytte når me får kvalifiserte lokale søkjarar og har kapasitet, i tillegg til ein fast helsefagarbeidarlæreplass. Rådmannen si vurdering er at Fedje kommune ikkje har råd til dette alternativet i ein periode der me må få driftsnivået ned, om ikkje inntektene aukar. Sidan det er behov for bemanningstilpassing allereie i 2020, vil det vere urimeleg å skjerme lærlingplassane på bekostning av fast tilsette, på trass av alle samfunnsmessige fordelar med å ha lærling.

Rådmannen meiner difor at me bør ha følgjande ordning frå noverande lærling er ferdig:

Fedje kommune har inntil to læreplassar for helsefagarbeidarlærling, etter ei konkret vurdering av økonomisk/fagleg kapasitet, og om me har godt kvalifiserte lokale søkjarar. Fedje kommune har eitt opptak til læreplassar i året, som vert lyst ut i samband med Opplæringskontoret for Nordhordland si generelle utlysing om våren.

## Forslag til vedtak:
Fedje kommune har frå 01.01.2020 inntil to læreplassar for helsefagarbeidarlærling. Om me tek inn

ein eller to lærlingar vert avgjort etter ei konkret vurdering av økonomisk/fagleg kapasitet, og om me har godt kvalifiserte lokale søkjarar. Fedje kommune har eitt opptak til læreplassar i året, i samarbeid med Opplæringskontoret for Nordhordland.

**Formannskapet - 128/19**

### F - behandling:

Endringsframlegg Ap, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet
Fedje kommune er ein lærebedrift. Frå 01.01.2020 har kommunen to læreplassar. Om me tek inn ein eller to lærlingar vert avgjort etter ei konkret vurdering av økonomisk og fagleg kapasitet, og om me har godt kvalifiserte lokale søkjarar. Fedje kommune har eitt opptak til læreplassar i året, i samarbeid med Opplæringskontoret for Nordhordland.

Endringsframlegg frå Kamilla B.Karlsen (Ap):
Fedje kommune er ein lærebedrift. Frå 01.01.2020 har kommunen to læreplassar. Om me tek inn ein eller to lærlingar vert avgjort etter ei konkret vurdering av økonomisk og fagleg kapasitet, og om me har godt kvalifiserte lokale søkjarar. Fedje kommune har eitt opptak til læreplassar i året, i samarbeid med Opplæringskontoret for Nordhordland.

### F - vedtak:

Fedje kommune er ein lærebedrift. Frå 01.01.2020 har kommunen to læreplassar. Om me tek inn ein eller to lærlingar vert avgjort etter ei konkret vurdering av økonomisk og fagleg kapasitet, og om me har godt kvalifiserte lokale søkjarar. Fedje kommune har eitt opptak til læreplassar i året, i samarbeid med Opplæringskontoret for Nordhordland.

Samrøystes vedteke.

## Fagforbundet og Delta sine innspel ang. saksutgreiing om lærlinger i Fedje kommune:

Fagforbundet og Delta har ingen problem med å sjå kva som er utfordringane her. Vi ønsker sjølvsagt å behalde dei to læreplassane vi har i dag, men ser at det kan vere utfordrende med dei økonomiske rammene som vi har, og at barnetalet går ned i barnehagen og på skulen. Samstundes er dette eit viktig tilbod til dei unge, og for kommunen, slik at dei kan bli verande eller koma tilbake til Fedje.

Sitat frå saksutgreiinga: «Pleie og omsorg er ei større eining, og det er lettare å ha opplæringskapasitet og dekke alle fagområde for helsefagarbeidarlærlingen. Nasjonalt er det stort behov for helsefagarbeidarar framover, og også truleg lokalt.»
Vårt eine forslag er å endre midlertidig læreplassen for barne og ungdomsarbeidar til enda ein læreplass for helsefagarbeidara ( slik at vi har to læreplassar for helsefagarbeidarar).

Vårt andre forslag er å endre ordlyden i teksten i personalplanen til: « Inntil 2 lærlingplassar i Fedje kommune.»
Då kan kommunen få større fridom til å vurdere, ut i frå kommunen sin økonomiske rammeplan, om dei kan ta imot ein eller to lærlingar.

Vi ønsker ikkje å redusere antall læreplassar i kommunen.

Mvh
Elin Solbakk
HTV Fagforbundet

Ilka Verhofstad
HTV Delta

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Gjermund Hagesæter | FE-150 | 19/381 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 127/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 097/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |
| 015/19 | Eldrerådet | PS | 12.11.2019 |
| 012/19 | Arbeidsmiljøutvalet | PS | 21.11.2019 |
| 022/19 | Ungdomsrådet | PS | 19.11.2019 |

**Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023**

Vedlegg:
Rådmannens framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 (1)
Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023_taldel (2)

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**
Rådmannen fremmar i denne saka sitt framlegg til kommunebudsjett 2020 og økonomiplan for perioden 2020-2023 i same dokument. Vurderingar og konklusjonar er i sin heilskap tekne inn som del av dokumentet.

Kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 er grundig sakshandsama både i utvida leiargruppe, personalleiargruppa og i rådmannsgruppa. Dei hovudtillitsvalde har også blitt orientert og fått uttale seg. Dei innspela me har fått i denne prosessen er alle blitt vurdert og nokre er også tatt hensyn til. Framlegget vert sendt ut til alle folkevalde, verneombod, hovudtillitsvalde og einingsleiarar, samt vert lagt ut på heimesidene til kommunen.

Kommunebudsjettet og økonomiplanen vert sendt på høyring/uttale til eldreråd, arbeidsmiljøutval og ungdomsråd og handsama der før saka kjem til handsaming i formannskap og kommunestyre.

**Vurdering**
Kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 er så godt opplyst som mogeleg og dermed klar til politisk handsaming.

### Forslag til vedtak:

Kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke slik det ligg føre.

# Fedje kommune

## Eldrerådet - 015/19

### ELD - behandling:

Eldrerådet tek budsjettet til vitande og ser positivt på at alle tilbod vert vidareført.
Eldrerådet ser det som viktig å bruke lærlingordninga til rekruttering til pleie og omsorg.
Det er ønskjeleg at rådmannen er på møtet til eldrerådet.

### ELD - vedtak:

Eldrerådet tek budsjettet til vitande og ser positivt på at alle tilbod vert vidareført.

Eldrerådet ser det som viktig å bruke lærlingordninga til rekruttering til pleie og omsorg.

Samrøystes vedteke

## Ungdomsrådet - 022/19

### U - behandling:

Ungdomsrådet ønskte garderobe og toalett på fotballbana. Representant for rådmannen fortalde at dei må ta kontakt med idrettslaget.
Ungdomsrådet ønskte at det skulle vore ein stad ungdommar kan vere i helgene.
Frida Herøy foreslo bygdekino. Maren G. Tungland foreslo at bygdekinoen kan vere ein gong i månaden.
Ståle Opsahl foreslo stupebrett på badestranda.
Frida Herøy foreslo klatrevegg.
Amalie foreslo ny huske utanfor skulen.

### U - vedtak:

Det vart ikkje røysta over framlegga som kom fram i ungdomsrådsmøtet.

## Arbeidsmiljøutvalet - 012/19

### AMU - behandling:

### AMU - vedtak:

Kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vart drøfta slik det ligg føre.
AMU registrerer at det er lagt opp til eit stramt budsjett, men har ingen merknadar.

Samrøystes vedteke.

**Formannskapet - 127/19**

**F - behandling:**
Forslag Ap, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet
Rådmannens forslag med desse endringane:

1. Auke 15% stilling i kulturskulen. Kostnad = 120 000kr.
Finansiering - redusere overføringa frå drift til investering med kr. 120 000.

2. Ny stilling ungdomskoordinator 20% = 200 000kr.
Finansiering - redusere overføringa frå drift til investering med kr. 200 000.

Totalt frå 2 628 000kr. til 2 308 000kr.

3. Bygdekino = 30 000kr.
Finansiering er å redusere overføring frå drift til investering.
Formannskapet ber administrasjonen vurdere å seie opp avtalen med kulturvernsenteret, og heller nytte midlane til konsulenttenester ved behov.

Tillegg driftbudsjett, foreslått av Stian Herøy, Høgre
4. Utreda å styrke tilbodet for demente.

5. Samarbeidsutval for sjukeheimen kroner 10 000.

6. Gratis barnehage kroner 250 000.

7. Gratis basseng fastbuande kroner 20 000.

8. Diverse prosjektgrupper kroner 60 000. Grupper/innhald blir reist som sak til kommunestyret første halvdel 2020.

Finansiering er reduksjon av overføring til investering

Tillegg investering, foreslått av Stian Herøy, Høgre
Utbedring av veier/trafikksikring (barnehage/posten) kroner 100 000
Finansiering: Fondsmidler

Tilleggsforslag Ap, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Det er ein stor del av borna på Fedje i barnehagealder som nyttar tilbodet i barnehagen slik det er i dag. Barnehagen har eit svært godt tilbod og Arbeidarpartiet ser derfor ingen grunn til at dei inntekta kommunen får frå foreldrebetalinga skal takast vekk. Me meiner at det ikkje er gratis barnehage som skal til for å auke folketalet.

Fedje kommune tilbyr ikkje gratis barnehage frå 01.08.2020 grunna frigjering av midlar til næringsutvikling.

Tilleggsforslag Ap, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet
Fedje kommune har eit unikt tilbod for dei fastbuande og tilreisande der dei kan leige nøkkel til bassenget for 1000 kr. i året. Slik me fekk forståing av frå teknisk sjef er det om lag 60 nøklar i omløp. Dette viser at mange nyttar dette gode tilbodet, og ikkje noko mange ser på som ein stor kostnad. Teknisk sjef informerte på formannskapsmøtet 26.11.19 om at det er noko ventande vedlikehald som må utførast i bassenget. Pengane kommunen får inn i leige av nøklar kan hjelpe til å dekke ein del av desse kostnadane i eit elles stramt budsjett.

Symjebassenget på Fedje skal ikkje vere gratis grunna at midlane som kjem inn går til delar av vedlikehald eller delar av eit nytt ventilasjonsaggregat.

Hans Erik Waage (Ap) bad om at kvart framlegg vart røysta over for seg.
<u>Tilleggsframlegg frå Kamilla B. Karlsen (Ap):</u>
1. Auke 15% stilling i kulturskulen. Kostnad = 120 000kr.
Finansiering - redusere overføringa frå drift til investering med kr. 120 000.
Framlegget falt med 2 mot 3 røyster. Arbeiderpartiet røysta for framlegget.

2. Ny stilling ungdomskoordinator 20% = 200 000kr.
Finansiering - redusere overføringa frå drift til investering med kr. 200 000.

Totalt frå 2 628 000kr. til 2 308 000kr.
Framlegget falt med 2 mot 3 røyster. Arbeiderpartiet røysta for framlegget.

3. Bygdekino = 30 000kr.
Finansiering er å redusere overføring frå drift til investering.
Formannskapet ber administrasjonen vurdere å seie opp avtalen med kulturvernsenteret, og heller nytte midlane til konsulenttenester ved behov.
Samrøystes vedteke.

<u>Tilleggsframlegg frå Stian Herøy (H):</u>
4. Utreda å styrke tilbodet for demente.
Samrøystes vedteke.

5. Samarbeidsutval for sjukeheimen kroner 10 000.

Samrøystes vedteke.

6. Framlegg frå Høgre/Frp: Gratis barnehage kroner 250 000.
vart satt opp mot
framlegg frå Arbeiderpartiet:
Det er ein stor del av borna på Fedje i barnehagealder som nyttar tilbodet i barnehagen slik det er i

dag. Barnehagen har eit svært godt tilbod og Arbeidarpartiet ser derfor ingen grunn til at dei inntekta kommunen får frå foreldrebetalinga skal takast vekk. Me meiner at det ikkje er gratis barnehage som skal til for å auke folketalet.

Fedje kommune tilbyr ikkje gratis barnehage frå 01.08.2020 grunna frigjering av midlar til næringsutvikling.
Framlegget frå Høgre/Frp vart vedteke med 3 mot 2 røyster. Arbeiderpartiet røysta for sitt framlegg.

7. Framlegg frå Høgre/Frp: Gratis basseng fastbuande kroner 20 000.
vart satt opp mot
framlegg frå Arbeiderpartiet:
Fedje kommune har eit unikt tilbod for dei fastbuande og tilreisande der dei kan leige nøkkel til bassenget for 1000 kr. i året. Slik me fekk forståing av frå teknisk sjef er det om lag 60 nøklar i omløp. Dette viser at mange nyttar dette gode tilbodet, og ikkje noko mange ser på som ein stor kostnad. Teknisk sjef informerte på formannskapsmøtet 26.11.19 om at det er noko ventande vedlikehald som må utførast i bassenget. Pengane kommunen får inn i leige av nøklar kan hjelpe til å dekke ein del av desse kostnadane i eit elles stramt budsjett.

Symjebassenget på Fedje skal ikkje vere gratis grunna at midlane som kjem inn går til delar av vedlikehald eller delar av eit nytt ventilasjonsaggregat.
Framlegget frå Høgre/Frp vart vedteke med 3 mot 2 røyster. Arbeiderpartiet røysta for sitt framlegg.

8. Diverse prosjektgrupper kroner 60 000. Grupper/innhald blir reist som sak til kommunestyret første halvdel 2020.

Finansiering er reduksjon av overføring til investering.
Samrøystes vedteke.

<u>Tilleggsframlegg frå Stian Herøy (H):</u>
9. Investering:
Utbedring av veier/trafikksikring (barnehage/posten) kroner 100 000
Finansiering: Fondsmidler

Samrøystes vedteke.

Det vart til slutt røysta over det samla budsjettframlegget, som vart samrøystes vedteke.

**F - vedtak:**
Kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke slik det ligg føre, med følgjande endringar:

*Bygdekino = 30 000kr.
Finansiering er å redusere overføring frå drift til investering.
Formannskapet ber administrasjonen vurdere å seie opp avtalen med kulturvernsenteret, og heller nytte midlane til konsulenttenester ved behov.

*Utreda å styrke tilbodet for demente.

*Samarbeidsutval for sjukeheimen kroner 10 000.

*Diverse prosjektgrupper kroner 60 000. Grupper/innhald blir reist som sak til kommunestyret første halvdel 2020.

*Finansiering av alle framlegg er reduksjon av overføring til investering.

Investering:
Utbedring av veier/trafikksikring (barnehage/posten) kroner 100 000
Finansiering: Fondsmidler

Samrøystes vedteke.

<u>I tillegg vart følgjande vedteke:</u>
Gratis barnehage kroner 250 000.

Gratis basseng fastbuande kroner 20 000.

Vedteke med 3 mot 2 røyster. Arbeiderpartiet røysta for alternativt framlegg.

04.11.2019

# Fedje kommune

## Rådmannen sitt framlegg til kommunebudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

# Innhald

1. Rådmannen si innleiing: ... 2
2.1 ORGANISASJON – POLITISK OG ADMINISTRATIVT ... 4
2.1.1 Politikk ... 4
2.1.2 Administrativ organisering ... 5
2.2 KOMMUNALE PLANFØRESETNADER ... 5
2.2.1 Kommunal planstrategi ... 5
2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram ... 7
2.2.3 Landsbyen i havet ... 7
2.3 DEMOGRAFI ... 8
2.3.1 Folketalsutvikling ... 8
3. ØKONOMIPLAN 2020-2023 ... 11
4.VISJON OG MÅL ... 18
4.1 OVERORDNA MÅL FOR PERIODEN 2020 - 2023 ... 18
4.2 TENESTEMÅL OG STYRINGSMÅL ... 19
Ansvar 1000 Rådmannen ... 19
Ansvar 1100 Kulturtenester ... 22
Ansvar 2000 Helsetenester ... 24
Ansvar 2100 Fedje skule ... 25
Ansvar 2200 Fedje barnehage ... 28
Ansvar 2300 Pleie og omsorg ... 29
Ansvar 2500 Legetenester ... 32
Ansvar 2600 Sosialtenester ... 32
Ansvar 3000 Teknisk kontor ... 33
Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg ... 35
Ansvar Beredskap – som er felles for alle ... 37

# 1. Rådmannen si innleiing:

Fedje kommune er ein spennande og eksotisk kommune som er unik i Noreg. Fedje er og skal vere ein levande landsby i havet der alle skal kunne leve gode og meiningsfylte liv.

Ein viktig faktor her er å ta vare på det som gjer Fedje til ein særprega kommune, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar. I tillegg til dette er gode kommunale tenester og eit bredt og godt arbeidstilbod avgjerande.

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020 til 2023 er eit godt styringsdokument for tenesteproduksjonen i Fedje kommune. Rådmannen legg opp til eit stramt budsjett og ein vidareføring av tenestenivået på omlag same nivå neste år som i år.

Tilsynelatande kan budsjettet 2020 som er oppgjort med eit greit overskot, sjå solid ut Men dersom ein studerer dette nærare så er ein av postane inntekter på kr 3,5 mill. på grunn av premieavvik. Dette er ein post som i framtidige budsjett også kan gå i minus og det blir derfor viktig å halde driftskostnadene nede i åra som kjem for å kunne ta høgde for ei slik utvikling.

Utsiktene etter 2020 er også krevande. Generellt statstilskot vedrørande flyktningar forsvinn heilt i 2021 dersom då ikkje kommunen tek imot nye flyktningar. Andre postar som for eksempel økonomisk sosialhjelp går også feil veg. Slik det ser ut no vil det derfor vere behov for å redusere antall årsverk i Fedje kommune i åra som kjem. Dette er eit arbeid som allereie er starta opp og planen er at antal årsverk i Fedje kommune skal vere lågare i slutten av 2020 enn i byrjinga av året. Så langt det er mogeleg skal dette gjerast i samband med naturleg avgang og utan oppseiingar.

Den største utfordringa som Fedje står overfor er utviklinga i folketalet som dessverre i mange år har gått feil veg. Ved utgangen av 2. kvartal 2019 var det registrert 549 innbyggjarar I Fedje kommune. Dei siste framskrivingane frå SSB indikerer at Fedje kommune før år 2030 vil falle til under 500 innbyggjarar. Dette er langt under dei 640 innbyggjarane i år 2024 som kommunestyret har sett som mål.

Rådmannen meiner det er fullt mogeleg å få til ei meir positivt utvikling enn SSB sine prognosar tilsier og meiner at Fedje kommune har gode forutsetningar for å kunne auke folketalet. Det er ingen grunn til å tru at det er vanskeleg å få folk til å flytte til Fedje dersom me greier å oppretthalda eit godt sørvistilbod og ein finn passande arbeid her.

Ein viktig nøkkel for å få til ei positiv utvikling er derfor å få nye bedrifter til å etablera seg på Fedje og å få til ei positiv utvikling for eksisterande bedrifter. Fedje kommune er ikkje i ein posisjon der vi kan velje og vrake blant bedrifter som ønskjer å skape nye arbeidsplassar på Fedje. Vår oppgåve blir derfor å leggje best mogleg til rette for alle, både eksisterande og nye bedrifter, som vurderer å etablera seg her.

Me må i dette arbeidet utnytte smådriftsfordelar som raske og korte beslutningsprosesser for å gjere oss mest mogeleg attraktive for dei som ønskjer å satse i vår kommune. I tillegg må me framheva våre naturgitte fortrinn som gjer oss attraktive for enkelte næringar. Her må me lykkast slik at nye arbeidsplassar blir skapt og folketalet igjen kan auke. Alternativet til å lykkast, altså å ikkje lykkast, er ikkje eit reelt alternativ. Skal Fedje kommune bestå også på lang sikt så kan ikkje folketalsutviklinga synke vidare. Også når det gjeld kommunale tenester er ei god utvikling her ein viktig faktor for at kommunen framleis skal kunne levera kvalitativt og kvantitativt gode tenester til alle sine innbyggjarar.

Fedje kommune har mange dyktige tilsette som står på og gjer ein fantastisk jobb. Utan desse ville det ikkje vore mogleg å yta dei gode tenestene me yter i dag. Eg kan ikkje love at dei tilsette dei neste åra vil få mindre arbeidspress, men eg kan love meiningsfylt arbeid for å utvikla Fedje kommune til ein enda betre kommune å bu, leva og arbeida i.

Gjermund Hagesæter
Rådmann



# 2.1 ORGANISASJON – POLITISK OG ADMINISTRATIVT

## 2.1.1 Politikk

Fedje kommune er politisk organisert på denne måten:




Kommunestyret har 15 medlemmer frå følgjande parti: Høgre 6, Arbeidarpartiet 6 og Framstegspartiet 3. Ordførar Stian Herøy representerer Høgre, og er kommunen sin øvste leiar. Bjørn Kåre Solbakk, FrP, er varaordførar i valperioden.

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval og planutval.

Partsamansett utval er formannskapet pluss to hovudtillitsvalde. Partssamansett utval handsamar overordna saker som gjeld forholdet mellom arbeidsgjevar og dei tilsette.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegner føra tilsyn med arbeidet til formannskapet og administrasjonen. Sekretariatet til kontrollutvalet er lagt til Vestlandsrevisjon IKS frå 01.01.2020.

I tillegg til desse utvala har kommunen oppretta rådsorgana:

- Eldrerådet/Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Ungdomsrådet

Formannskapet er valstyre. Dette er eit lovpålagt organ, som skal gjennomføra stortingsval, fylkestingsval og kommuneval. I tillegg er ei valnemnd med representasjon frå alle partia i kommunestyret oppnemnd til å koma med framlegg til kandidatar i styre, råd og utval, eventuelt val av nye kandidatar. Nemndenemnda fungerer gjennom heile valperioden.

## 2.1.2 Administrativ organisering

Rådmannen er kommunen sin øvste administrative leiar, og har gjennom tett samarbeid med folkevalde og tilsette, ansvaret for å vidareutvikla ein stabil og framtidsretta organisasjon med eit godt sørvis- og tenestetilbod til innbyggjarane.

Alle einingsleiarar har personal- og budsjettansvar.

*Administrativt organisasjonskart pr. 1.11.2019:*




# 2.2 KOMMUNALE PLANFØRESETNADER

## 2.2.1 Kommunal planstrategi

Planstrategi for inneverande periode vart vedteken av kommunestyret i april 2017. Summen av desse planane skal leggja grunnlaget for kommunen sin planaktivitet i perioden. I budsjett- og økonomiplanarbeidet har rådmannen vurdert tiltakslistene i dei ulike vedtekne planane. Den kommunale planstrategien skal m.a. fortelja kva planar kommunestyret ønskjer å få ferdigstilt/utarbeidd/revidert og vedteke i kommunestyreperioden. Planstrategien skal gje eit samla oversyn over utfordringane gjennom ein fireårsperiode, ut frå kva kommunestyret ønskjer av arealutnytting og ein styrt retning av den lokale samfunnsutviklinga. Noverande planstrategi gjeld til 2020, og må fornyast i løpet av første året i ny kommunestyreperioden.

Status planarbeid hausten 2019:

| Type plan | Kommentar | Merknad |
|---|---|---|
| **Samfunnsdelen til kommuneplanen** | | |
| Folkehelse | Mål og strategiar inn i Kommuneplanen. | Ansvar: Helse og omsorgssjef |
| **Temaplanar** | | |
| Helse- og omsorgsplan | Planprogram til kommunestyret, sendt på høyring. Starte opp sjølve planarbeidet i 2020. | Ansvar: Helse og omsorgssjef |
| Oppvekstplan | Behov for plan om framtida med færre barn. Arbeidet stoppa opp i 2018. | Ansvar: Rektor og styrar bhg |
| Plan for nærings- og samfunnsutvikling: | | |
| Reiseliv (Næringsplan) | Plan/kartlegging er innhenta. Det er gjort politisk vedtak om vidare prosess. | Arbeidet vert teke omsyn til ved vidare planlegging.<br>Ansvar: Rådmann |
| Sentrumsplan | Plan/kartlegging er innhenta. Det er gjort politisk vedtak om vidare prosess. | |
| Trafikksikringsplan | Denne planen var knytt til Nordhordlandspakka, som er vedteke. | Tiltak vert gjennomført. Viser til Nordhordlandspakka.<br>Ansvar: Teknisk sjef. |
| Idrett og friluftsliv | Ikkje aktuelt no, har fått mykje tilskot siste åra. | Ansvar: Leiar fellestenester. |
| Kulturminneplan | Under arbeid | Vert ferdig innan 2020. Ansvar: Leiar fellestenester |
| Plan for rehabilitering, habilitering og koordinerande eining | Under arbeid | Ansvar: Fysioterapeut |

| Planar forankra i lov, forskrift og avtale | | |
|---|---|---|
| Rusplan | Rullering i 2020, i tråd med plan. | Ansvar: Leiar fellestenester. |
| Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse | Bør rullerast i 2020, i tråd med planstrategi | Ansvar: Teknisk sjef og rådmann. |
| Folkehelseoversikt | Bør fornyast i 2020, i tråd med planstrategi | Ansvar: Helse og omsorgssjef |
| Personalplan. | Vert rullert vår 2020. Noko forseinka, skulle vore gjort i 2019. | Ansvar: Personalsjef |

Planar nemnd i 2019-budsjettet som ikkje vert laga, pga. endra avtaleverk og ikkje lenger behov:
- Integrering av flyktningar
- Handlingsplan for Inkluderande Arbeidsliv

### 2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram

Fedje kommunestyre vedtok «Kommuneplan 2012-2024» i møte 14. mars 2013. Planen inneheld ein samfunnsdel, ein arealdel og ein risiko- og sårbarheitsanalyse der ein ser verknader av endra arealbruk med tanke på å redusera risiko for tap av liv, helse, miljø, infrastruktur mv. Planen gjeld heile kommunen, inkludert alt sjøareal innanfor kommunegrensa.

Med eit juridisk bindande dokument for arealdisponeringa, står kommunen betre rusta til å møta utfordringane i planperioden. Dette gjeld område som t.d. arealbruk, friluftsområde, strandsone, bustadbygging og næringsområde. Kommuneplanen skal gje eit godt grunnlag for politisk styring, der ein tek vare på og vidareutviklar dei kvalitetane som gjer Fedje til ein attraktiv stad å bu, driva verksemd og å vitja.

Kommuneplanen gjev også viktige føresetnader for Fedje som eit berekraftig og levande lokalsamfunn. Kommuneplanen er det rammeverket som all anna planlegging i kommunen skal byggja på.

### 2.2.3 Landsbyen i havet

Slik formulerer kommuneplanen den *langsiktige visjonen* for Fedjesamfunnet:

*«Fedje skal vera landsbyen i havet – eit levande samfunn som tilbyr rom for utvikling og nyskaping i næringslivet, særleg retta mot maritim sektor og turisme, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar.»*

*Landsbyen i havet* er – og må vera – rettesnora for vårt daglege arbeid med å gje gode tenester, samt i alt planarbeid for å styrka kvalitetane og la fleire innbyggjarar og gjester ta del i dei.



# 2.3 DEMOGRAFI

## 2.3.1 Folketalsutvikling




(Alle tala er henta frå Statistisk sentralbyrå; ssb.no. For fleire tal om Fedje kommune i dag, sjå: https://www.ssb.no/kommunefakta/fedje )

Folketalet på Fedje gått ned i 2018 og 2019 etter å ha hatt vekst frå 2014-2017:

| | 1988 | 1993 | 1998 | 2003 | 2008 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fedje** | 761 | 709 | 672 | 672 | 596 | 569 | 561 | 563 | 576 | 587 | 561 | 549 |

*Framskriving av folketal er vanskeleg, spesielt når tala er små. Etter framskrivinga som vart gjort i 2002, skulle Fedje ha ca. 625 innbyggjarar i 2018. Etter framskrivinga som vart gjort i 2010, skulle Fedje hatt ca. 520 innbyggjarar i 2018.*

*Oversikt fødde og døde:*

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fødde** | 3 | 4 | 6 | 2 | 5 | 4 | 5 | 6 | 1 | 6 | 4 | **46** |
| **Døde** | 8 | 9 | 3 | 10 | 15 | 9 | 9 | 10 | 0 | 7 | 7 | **87** |

SSB sine befolkningsframskrivingar seier at folketalet vil gå ned til 492 innbyggjarar i 2030, basert på desse tala.

Samansetninga av folket på Fedje (Berekna pr 1/1 kvart år):

| Alder | 2002 | 2014 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|
| **0-4 år** | 41 | 20 | 24 | 23 |
| **5-14 år** | 86 | 74 | 74 | 66 |
| **15-19 år** | 45 | 48 | 46 | 31 |
| **20-24 år** | 42 | 20 | 25 | 34 |
| **25-29 år** | 29 | 15 | 20 | 17 |
| **30-49 år** | 77 | 131 | 110 | 111 |
| **50-59 år** | 64 | 79 | 74 | 80 |
| **60-69 år** | 78 | 74 | 90 | 87 |
| **70-79 år** | 66 | 47 | 49 | 57 |
| **80 år eller eldre** | 54 | 54 | 50 | 46 |
| **TOTALT** | 582 | 562 | 562 | 552 |

Samanlikna med 2002, har me først og fremst langt færre under 19 år. Me ser også at me har mykje færre innbyggjarar i alderen 20-29 år – noko som kanskje er naturleg sidan fleire tar høgare og lenger utdanning. Eller kanskje inneber det at me ikkje er flinke nok til å rekruttera nyutdanna?

### *2.3.2 Elevtalsutvikling*

*Faktiske tal og framskriving av barnetal i barnehage- og skulealder*

| **Aldersgrupper / år** | **2017** | **2019** | **2020** | **2024** |
|---|---|---|---|---|
| Barnehagealder | 25 | 19 | 18 | ? |
| Barneskulealder | 46 | 42 | 38 | 34 |
| Ungdomsskulealder | 32 | 26 | 21 | 17 |
| SAMLA GRUNNSKULEALDER | **78** | 68 | 59 | 51 |

*Faktiske tal 2017-2019 og prognose 2020-2024 fordelt på trinn*

| Trinn/ år | 2016/17 | 2017/18 | 2018/19 | 2019/20 | 2020/21 | 2021/22 | 2022/23 | 2023/24 | 2024/25 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1.-7. | 50 | 46 | 45 | 42 | 43 | 40 | 36 | 36 | 34 |
| 8.-10. | 31 | 32 | 31 | 26 | 21 | 22 | 18 | 20 | 17 |
| SAMLA | **81** | **78** | **76** | **68** | **64** | **62** | **56** | **58** | **51** |

Utan tilflytting går barnetalet i barnehage og skule så mykje ned innan få år, at kommunen lyt finna måtar å organisera undervisninga på, for å kunna redusera kostnadene. Dette arbeidet er allereie starta opp.



# 3. ØKONOMIPLAN 2020-2023

| **HOVEDOVERSIKTER DRIFT** | Regnskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskudd | 42 245 063 | 41 484 | 41 833 | 42 670 | 43 523 | 44 394 |
| Skatt på inntekt og formue | 14 768 876 | 16 265 | 17 199 | 17 543 | 17 894 | 18 252 |
| Eiendomsskatt | 2 110 829 | 2 111 | 2 300 | 2 300 | 2 200 | 2 200 |
| Andre skatteinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre overføringer og tilskudd frå staten | 7 081 610 | 2 667 | 1 187 | 351 | 358 | 365 |
| Overføringer og tilskudd frå andre | 8 134 215 | 6 379 | 5 205 | 5 309 | 5 415 | 5 524 |
| Brukerbetalinger | 3 057 013 | 2 587 | 2 729 | 2 784 | 2 839 | 2 896 |
| Salgs- og leieinntekter | 6 415 953 | 6 233 | 6 853 | 6 990 | 7 130 | 7 272 |
| Sum driftsinntekter | 83 813 557 | 77 726 | 77 306 | 77 946 | 79 359 | 80 902 |
| Lønnsutgifter | 46 368 832 | 43 376 | 42 849 | 43 706 | 44 580 | 45 472 |
| Sosiale utgifter | 10 463 579 | 11 026 | 8 957 | 10 926 | 11 145 | 11 368 |
| Kjøp av varer og tjenester | 23 237 491 | 20 852 | 17 954 | 18 313 | 18 679 | 19 053 |
| Overføringer og tilskudd til andre | 4 323 262 | 3 845 | 4 140 | 4 223 | 4 307 | 4 393 |
| Avskrivninger | 3 623 318 | 3 951 | 3 979 | 3 979 | 3 979 | 3 979 |
| Sum driftsutgifter | 88 016 482 | 83 050 | 77 879 | 81 147 | 82 691 | 84 265 |
| Brutto driftsresultat | -4 202 925 | -5 324 | -573 | -3 201 | -3 332 | -3 363 |
| Renteinntekter | 638 943 | 470 | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Utbytte | 678 398 | 650 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler | 0,00 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 628 565 | 680 | 735 | 735 | 735 | 735 |
| Avdrag på lån | 3 027 882 | 1 440 | 1 230 | 1 230 | 1 230 | 1 230 |
| Netto finansutgifter | 2 339 106 | 1 000 | 465 | 465 | 465 | 465 |
| Motpost avskrivninger | 3 623 318 | 3 951 | 3 979 | 3 979 | 3 979 | 3 979 |
| Netto driftsresultat | -2 918 713 | -2 373 | 2 941 | 313 | 182 | 151 |
| | 0,31 % | 1,59 % | 3,80 % | 0,40 % | 0,23 % | 0,19 % |
| Overført til investeringsregnskapet | 352 361 | 1 196 | 2 628 | 313 | 182 | 151 |
| Netto bundne fond | 77 296 | 39 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto disposisjonsfond | -167 796 | 0 | 313 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum disponering eller dekning av nettoresultat | 261 861 | 1 235 | 2 941 | 313 | 182 | 151 |
| Fremført til inndekning i senere år | -3 180 574 | -3 608 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Endring frå og med 2020 er at posten «fordelte utgifter» er fjerna. Dette gjer at denne tabellen gjev eit feil bilete av budsjett 2019 og rekneskap 2018.

| HOVEDOVERSIKTER INVESTERING | Regnskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Inntekter* | | | | | | |
| Salg av driftsmidler og fast eiendom | 79 805 | 600 | 350 | 350 | 350 | 350 |
| Andre salgsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringer med krav til motytelse | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 843 779 | 626 | 392 | 400 | 400 | 350 |
| Statlige overføringer | 4 141 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre overføringer | 6 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteinntekter og utbytte | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum inntekter | 5 070 584 | 1 226 | 742 | 750 | 750 | 700 |
| | | | | | | |
| *Utgifter* | | | | | | |
| Lønnsutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sosiale utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 20 534 717 | 3 438 | 2 588 | 2 150 | 2 150 | 2 200 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringer | 843 779 | 626 | 392 | 400 | 400 | 350 |
| Renteutgifter og omkostninger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Fordelte utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum utgifter | 21 378 496 | 4 064 | 2 980 | 2 550 | 2 550 | 2 550 |
| | | | | | | |
| *Finanstransaksjoner* | | | | | | |
| Avdrag på lån | 309 697 | 305 | 300 | 300 | 300 | 200 |
| Utlån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 257 661 | 220 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| Dekning av tidligere års udekket | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum finansieringstransaksjoner | 567 358 | 525 | 550 | 550 | 550 | 450 |
| | | | | 0 | | |
| Finansieringsbehov | 16 875 270 | 3 363 | 2 788 | 2 350 | 2 350 | 2 300 |
| | | | | | | |
| *Dekket slik:* | | | | | | |
| Bruk av lån | 11 360 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 1 000 |
| Salg av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån | 273 783 | 160 | 160 | 200 | 300 | 200 |
| Overført fra driftsregnskapet | 352 361 | 1 196 | 2 628 | 313 | 182 | 151 |
| Bruk av tidligere års udisponert | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | 4 834 818 | 2 007 | 0 | 1 837 | 868 | 949 |
| Bruk av bundne driftsfond | 54 308 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | | | | | | |
| Sum finansiering | 16 875 270 | 3 363 | 2 788 | 2 350 | 2 350 | 2 300 |
| | | | | | | |
| Udekket/udisponert | 0,00 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |




| *Budsjettskjema 1B - drift* | | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1000 | Rådmann | 9 781 | 11 229 | 9 684 | 11 878 | 12 115 | 12 358 |
| 1100 | Kulturtenester | 955 | 1 957 | 1 477 | 1 507 | 1 537 | 1 567 |
| 1200 | Bibliotek | 739 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 1300 | IT-konsulent | 1 203 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 1400 | Tiltak | 1 389 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 1500 | Miljøvernleiar | -1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2000 | Helsetenester | 1 405 | 3 254 | 1 954 | 1 993 | 2 033 | 2 074 |
| 2100 | Fedje skule | 13 260 | 12 401 | 12 672 | 12 800 | 13 056 | 13 317 |
| 2200 | Fedje barnehage | 3 920 | 3 613 | 3 479 | 3 549 | 3 620 | 3 692 |
| 2300 | Pleie og omsorg | 17 555 | 17 066 | 18 565 | 18 900 | 19 199 | 19 503 |
| 2400 | Helsesøster | 1 479 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2500 | Legetenester | 4 282 | 4 615 | 4 784 | 4 857 | 4 954 | 5 053 |
| 2600 | Sosialtenester | 1 866 | 1 926 | 2 314 | 2 360 | 2 407 | 2 456 |
| 3000 | Teknisk kontor | 7 240 | 2 546 | 2 453 | 2 502 | 2 552 | 2 603 |
| 3100 | Kommunale bygg og anlegg | 0 | 4 168 | 5 263 | 5 368 | 5 476 | 5 585 |
| 3500 | Avskrivingar | -3 623 | -3 434 | -3 979 | -3 979 | -3 979 | -3 979 |
| | T O T A L T | 61 450 | 59 341 | 58 666 | 61 734 | 62 970 | 64 229 |




| | *Budsjettskjema 2B - investering* | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1200 | Administrasjon | 258 | 220 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| 1205 | IKT | 41 | 563 | 250 | 300 | 300 | 300 |
| 2220 | Skulelokaler | 2 821 | 688 | 700 | 250 | 250 | 250 |
| 2610 | Institusjonslokale | 481 | 625 | 250 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 2651 | Kommunale bustader | 16 850 | 438 | 0 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 2830 | Bistand til etab. eigen bustad | 310 | 305 | 300 | 300 | 300 | 200 |
| 3150 | Bustadbygging og bumiljøtiltak | 226 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3200 | Kommunal næringsverksemd | 0 | 0 | 520 | 0 | 0 | 0 |
| 3320 | Kommunale vegar | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3350 | Rekreasjon i tettstad | 0 | 0 | 700 | 0 | 0 | 0 |
| 3390 | Beredskap mot brann o.l. | 800 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3530 | Avløpsnett | 0 | 500 | 500 | 0 | 0 | 0 |
| 3600 | Naturforvaltning og friluftsliv | 159 | 500 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3900 | Den norske kyrkja | 0 | 250 | 60 | 0 | 0 | 0 |
| 3930 | Kirkegård | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | T O T A L T | 21 946 | 4 589 | 3 530 | 3 100 | 3 100 | 3 000 |

Investeringar i 2020.

| **Tiltak** | **Kostnader inkl. mva*** | **står og på budsjettet i 2019** | **Prosjektnr.** |
|---|---|---|---|
| **Administrasjon** | | | |
| Egenkapitaltilskot KLP | 250 | | 120003 ny |
| | | | |
| **IKT** | | | |
| Del av investeringar i IKT NH | 250 | | 120501 ny |
| | | | |
| | | | |
| **Skulelokaler** | | | |
| Nye vindauge i klasserom D og E, 6 stk. | 300 | | 222006 ny |
| Brannalarmanlegg | 400 | X | 222004 |
| | | | |
| **Institusjonslokaler** | | | |
| Vøling golv gang, gamal del (særs usikkert overslag) | 250 | X | 261004 |
| | | | |
| **Bistand til etab. og oppret. av eingen bustad** | | | |
| Avdrag etableringslån | 300 | | 283003 ny |
| | | | |
| **Kommunal næringsverksemd** | | | |
| Ny varebil | 520 | | 320001 ny |
| | | | |
| **Rekreasjon i tettstad** | | | |
| Tømmeanlegg for bubilar m.m. ( Usikkert overslag ) | 700 | | 335001 |
| | | | |
| **Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn** | | | |
| Pumpestasjon for kloakk på Kopper | 500 | X og 2018 | 353001 |
| | | | |
| **Den norske kyrkja** | | | |
| Ny dør til bårehuset | 60 | | 390003 ny |
| | | | |
| SUM | 3530 | | |

<u>Ny varebil til teknisk :</u>
Bilen vi har vart kjøpt i 2007. Bilen var på verkstad i september i år for å ordna diverse. Vi bad samstundes om å få den EU-kontrollert. Resultat : Bilen vert køyrt i Kjevikdalen på slutten av året.

* 25% mva på ny varebil med bensin- eller dieselmotor. Ikkje mva på elektrisk varebil. Elektrisk varebil gjev eit tilskot frå ENOVA på 50.000,- kr ( 520' er kostnad inkl. tilskot ).

<u>Nye vindauge i klasserom D og E på nye-skulen:</u>
Tre av fem klasserom har fått nye vindauge i 2018 og 2019.

<u>Brannalarmanlegg :</u>
Prosjektet sto på budsjettet i 2019 men vart ikkje gjennomført.

Sjukeheimen, Vøling golv gang, gamal del :
Prosjektet krev ein del planlegging og må gjennomførast.

Tømmeanlegg for bubilar :
I § 25 i forureiningslova, står det : *Kommunen skal også sørge for nødvendige anlegg for tømming av avløpsvatn frå bubilar, fritidsbåtar m.v.*

Tømmeanlegg for bubilar bør kommunen bygga i nærleiken av ein kloakkpumpestasjon. Då har ein enkel tilgang til vatn, kloakk og straum. Eit område i nærleiken av fabrikk nr. 8, peikar seg ut. Her er kommunen grunneigar. I tillegg til dette er det sett av midlar til å planere delar av dette området og leggja til rette slik at ein aukar kapasiteten for parkering av bubilar og campingvogner. Ein føresetnad her er at kommunen inngår avtale med ein aktør som kan drifte dette og som vil betale ein fast og / eller omsetningsbasert leige til kommunen for bruken av dette arealet.

Pumpestasjon for kloakk på Kopper :
I 2015 vart det bygd eit privat leidningsnett for kloakk på Kopper. Dette skaffa kloakknett mellom anna til dei tre nye hyttenausta. Kommunen kjøpte seg inn i prosjektet 81.000,- kr. For dette fekk vi ein pumpeleidning for kloakk lagt i ei grøft som dei private måtte bygga for sin pumpeleidning.

På Kopper er det 9 bustader som er tilknytt kommunal kloakk der utsleppet ikkje er tilfredsstillande. Ein pumpestasjon for kloakk på Kopper saman med pumpeleidning lagt ned i 2015, vil ordna dette.

Ny dør til bårehus :
Døra til bårehuset er ikkje tett når det regnar og bles frå sør.

Trafikksikring Barnehagen :
Til trafikksikring ved barnehagen har det vore pengar både i budsjettet for 2018 og 2019 utan at noko er utført. Vi er usikre på kva for tiltak som er fornuftig og trong for, og er kome til at vi vil gjennomføre mindre tiltak under driftsbudsjettet.

Ombygging av brannstasjon etter krav frå Arbeidstilsynet :
Arbeidstilsynet hadde tilsyn med brannvernet/brannstasjonen i 2018. I tilbakemeldinga frå Arbeidstilsynet datert 1. februar 2019 på Fedje kommune sitt svar på tilsynet, står det :

> Vi viser til tilbakemelding av 27.9.2018 der det er utarbeidet flere prosedyrer for å hindre eksponering for brannrøyk under aksjon, håndtering av klær og utstyr i etterkant, deriblant bruk av eksternt vaskeri, samt plan for ombygging av Fedje brannstasjon.
>
> Fristutsettelsen gjelder plan for ombygging av brannstasjonen. I tilbakemeldingen framgår det at finansiering vil komme på budsjettet for 2020:
>
> *"Plan for ombygging av brannstasjon ligg føre, teikning og tekst.*
> *Kvalifisert konsulentfirma vil verta nytta ved prosjektering av ventilasjonsanlegg. Planen er at ombygging av brannstasjon vil koma på budsjettet for 2020."*

Administrasjonen har no ein dialog med Arbeidstilsynet der vi i fellesskap ser på alternative løysningar, m.a. å ta i bruk dusjfasilitetane i fleirbrukshallen som eit alternativ til denne investeringa på kr 500 000,-. Me har no byrja å få forståing med Arbeidstilsynet om at ei slik investering, som skal løysa eit problem som berre inntrer ca kvart tiande år, ikkje er fornuftig bruk av Fedje kommune sine investeringsmidlar. Investeringa blir derfor i første omgang utsatt til 2021 og dersom pålegget blir trukke så vil den gå heilt ut.

Kirkegård :

Utviding av kirkegården er eit prosjekt som ein å byrja å planlegga i 2020. Dette vil bli ein del av budsjettprosessen for 2021.



# 4.VISJON OG MÅL

*Frå kommuneplanen:*

***Langsiktig visjon***

*«Fedje skal vera landsbyen i havet – eit levande samfunn som tilbyr rom for utvikling og nyskaping i næringslivet, særleg retta mot maritim sektor og turisme, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar.»*

***Langsiktig visjon***

*«Fedje skal vera landsbyen i havet – eit levande samfunn som tilbyr rom for utvikling og nyskaping i næringslivet, særleg retta mot maritim sektor og turisme, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar.»*

***Overordna mål 2012 -2024***

*«For fedjesamfunnet er det altoverskyggande målet folkevekst. Fedje kommune skal organiserast slik at det byggjer opp under trivsel, tryggleik og livskvalitet for alle. Fedje kommune skal i planperioden (2012-2024) arbeida for å auka folketalet med minimum 10%, slik at folketalet på Fedje i 2024 er over 640.»*

## 4.1 OVERORDNA MÅL FOR PERIODEN 2020 - 2023

Dessverre har folketalsutviklinga gått feil veg den siste tida og er 2. kvartal 2019 på 549 personar, noko som er 91 personar færre enn målet på minst 640 personar i 2024 som kommunestyret har satt. Tiltak for å få opp folketalet dei neste åra må derfor ha høgaste prioritet. Dette gjeld spesielt tiltak for å halda på og få fleire barnefamiliar til Fedje. I tillegg til gode levekår samt god og stabil ferjedrift er fleire og varierte arbeidsplassar nøkkelen til å få folketalsutviklinga i positiv retning. Her må kommunen dra nytte av smådriftsfordelar som raske og korte slutningsprosessar for å gjera kommunen mest mogeleg attraktiv for alle som ønskjer å skapa nye arbeidsplassar i Fedje kommune.

- Auke i folketalet
- Leggje best mogeleg til rette for nye arbeidsplassar
- Kontinuerleg arbeide for betra levekår for alle
- Sikre god og stabil ferjedrift og gode kommunikasjonar



## 4.2 TENESTEMÅL OG STYRINGSMÅL

### Ansvar 1000 Rådmannen

På ansvar 1000 er det kutta i fleire administrasjonsområde. Behovet for administrasjon er ikkje mindre så lenge me møter stadig nye statlege reformar, og nasjonale, regionale og lokale krav om planlegging og organisering. Men det er behov for å avgrense veksten i driftsutgifter i heile kommunen, også her. Noko av innsparinga går på å ikkje hente inn vikar for lengre fråvær, i tillegg til at det ikkje er val i 2020. Det er heller ikkje naudsynt å budsjettere med fleire rådmannsløner i 2020. Det inneber at me reknar med å kunne levere omtrent same tenester som i 2019 med noko mindre utgifter.

Årets premieavvik og amortisering er ført på ansvar 1000. Det er slik at kommunane er pålagt å budsjettere/rekneskapsføre pensjonskostnaden og ikkje premieinnbetalinga. Premieavvik er skilnaden mellom pensjonsinnbetaling (det me betalar til pensjonselskapet) og pensjonskostnaden (det som skal kostnadsførast i drifta). I 2020 har SPK og KLP budsjettert med eit positivt premieavvik på til saman kr 3,5 millionar for Fedje kommune. Dette er ein auke frå kr 1,34 millionar i 2019. Premieavviket vert ført som ei inntekt i drifta og som ei fordring i balansen. Årsaka til at føringa vert slik er ulike regelsett for berekning av pensjonskostnad og pensjonspremie. I praksis syner dette at pensjonsutbetalingane er venta å vera større enn dei kostnadane driftsrekneskapen syner. Då regelen med føring av premieavvik vart innført i 2002 trudde ein at avvika ville veksle mellom positiv og negativt, men dette har vist seg og ikkje stemme. Oppsamla premieavvik vert no avskriven (amortisert) over ein 7 års periode. Amortisering for 2020 er berekna til ca. kr 970 000 – som vert ført som ei utgift i drifta.

Uansett er eit positivt premieavviket på kr 3,5 millionar noko som me ikkje kan rekna med i åra framover. Me må vere førebudd på at denne inntekta i verste fall kan endra seg til ei utgift i framtidige budsjett. Overskotet burde derfor ideelt sett vore høgare enn premieavviket på kr 3,5 millionar.

#### Teneste 1000 politisk styring

Kommunestyret gjorde vedtak i sak 071/19 om å auke ordførargodtgjeringa til 110% fordelt med 90% på ordførar og 20 % på varaordførar, samt at varaordførar beheld dei faste tillegga samt møtegodtgjersle for kommunestyret og formannskap. Dette, i tillegg til generell auke i godtgjersle, er hovudgrunnen til at denne posten har auka noko i budsjettet for 2020. Elles ingen endringar.

**Tenestemål 2020**

- Godt og avklart samarbeid mellom engasjerte politikarar og kompetent administrasjon

**Tenestemål 2020-2023**

- Nytte KS' folkevaldprogram fullt ut
- Heve kompetansen om og bruk av politikarane sin møteportal
- Styrke møtesekretariatet i tal og kompetanse
-

#### Teneste 1201 Personalavdeling og 1204 Oppfølging av personalplan

Ingen større endringar i 2020. Teneste 1204 inneheld bl.a. julebord og gåver til tilsette ved jubileum, felles kursing mm

**Tenestemål 2020:**

- Ferdig rullering Personalplan
- E-læring som del av mottak nye tilsette og generell kompetanseutvikling
- Klargjering av arbeidsgjevarrolla i ny kommunelov

**Tenestemål 2020-2023:**

- Fedje kommune skal vere ein god, stabil og langsiktig arbeidsgjevar
- Fedje kommune har fire mål i arbeidsgjevarpolitikken: Kompetanse, å gjera oss stolte av eigen arbeidsplass, heilskapleg tenking og samhald. Konkretisering av mål og tiltak finst i personalplanen.
- Fedje kommune skal vere ein føregangskommune på kompetanseheving via e-læring.

## Teneste 1202 Økonomiavdeling

Økonomiavdeling i Fedje kommune består av lønskontor, rekneskapskontor, fakturering og fakturamottak. Her er det til saman 2,2 årsverk fordelt på 3 stillingar. Dette består av 80 % stilling som kontormedarbeidar og 100 % årsverk økonomisjef. I tillegg er det ei 40 % stilling som skatteoppkrevjar der tenesta vert kjøpt frå Austrheim kommune. I Statsbudsjettet 2020 er det foreslått med verknad frå 1/6-20 å flyta den kommunale innkrevinga over til 56 regionale statlege skattekontor noko som då vil medføra at denne stilling går ut. Frå 01.09.2019 er kontormedarbeidar i permisjon i 20 % av stillinga. Grunna oppgåver innan IKT er stillinga til økonomisjefen fordelt 80 % under økonomiavdelinga og 20 % under IKT.

Styring og personalleiing av reinhaldarane i Fedje kommune er også lagt under økonomisjefen. Her er det til saman 3 årsverk fordelt på 5 stillingar. Utgiftene til reinhald vert belasta der dei driv reinhald.

Frå og med 01.01.2019 vart alle oppgåver NAV kontoret på Fedje handterte innan Husbanken sin lån- og stønadsordningar, overført til økonomisjefen. Oppgåvene består av handsaming av søknadar om start-/etableringslån, tilretteleggingstilskot og bustønad.

**Tenestemål 2020:**

- Innføre bruk av e-bilag
- Styrkje kompetansen innan Husbanken sine lån- og støtteordningar

**Tenestemål for 2020-2023:**

- Framleis levere stabile og langsiktige tenester
- Halda på den kompetansen som mange år med erfaring og samarbeid har gjeve

## Teneste 1203 Fellestenester

Fellestenester er postmottak, arkivtenester, saksbehandlarar, møtesekretariat, innbyggjartorg/telefon, heimesider og kommunikasjon, til saman 2 årsverk fordelt på fleire personar. På grunn av permisjon utan vikar (for å spare pengar), har me halve 2020 redusert kapasitet særleg på kommunikasjon/heimesider.

**Tenestemål 2020**

- Arkivplan og dokumentasjon i tråd med lovkrav for heile organisasjonen
- Styrke kompetansen i møtesekretariatet
- Spreie GDPR-arbeidet i organisasjonen

**Tenestemål 2020-2023**

- Best i landet på sørvis igjen
- Delta i regionale samarbeid for å oppretthalde kompetanse og minske sårbarheit
- Innlevere alle papirarkiv til depot



## Teneste 1205 IKT

IKT Nordhordland vart skipa i september 2011 etter ein vertskommunemodell, der Osterøy kommune er vertskommunen. Organisasjonen har ansvar for IKT-tenester til Fedje kommune og alle dei andre kommunane i Nordhordland – mellom anna brukarstøtte, teknisk drift, tryggleik, innkjøp og IKT-strategi. Pliktene organisasjonen har, er beskrivne og vert regulert gjennom ein tenesteleveringsavtale og ein datahandsamaravtale mellom IKT Nordhordland og kvar einskild kommune. Økonomisjefen er Fedje kommune sin kontaktperson inn mot IKT Nordhordland.

Ei endring frå 2019 er at det ikkje lenger er høve til å fordele utgifter i KOSTRA-rekneskapet. Då vert utgifter frå drift av IKT ikkje lenger belasta einingane. Dette gjer at ansvar 1000 Rådmann vert belasta alle kostnadar med IKT i kommunen. Tabellen under viser omfanget av fordelte IKT-utgifter i 2020.

| **Personalavd.** | 285 000 | 15 % | | **Grunnskule** | 476 000 | 25 % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Økonomiavd.** | 114 000 | 6 % | | **Barnehage** | 190 000 | 10 % |
| **Bibliotek** | 57 000 | 3 % | | **PLOM** | 381 000 | 20 % |
| **Kuturkontor** | 57 000 | 3 % | | **Legeteneste** | 57 000 | 3 % |
| **Administrasjon** | 57 000 | 3 % | | **Teknisk** | 114 000 | 6 % |
| **Helsesjukepl.** | 114 000 | 6 % | | *SUM* | *1 902 000* | *100 %* |

**Tenestemål 2020:**

- Levere trygge og gode løysningar til brukarane
- Utvida samarbeidet til å gjelde fleire kommunar

**Tenestemål 2020-2023**

- Utvikla tenestene vidare

### Teneste 1802 Eldreråd

Her er det budsjettert med møtegodtgjersler og noko til eldredagen.

### Teneste 2311 Ungdomsråd

Her er det budsjettert med møtegodtgjersler og kr 10 000 til fri disposisjon for rådet.

### Teneste 2331 Bedriftshelseteneste

Same budsjett som dei siste åra. Fedje kommune har avtale med den godkjente bedriftshelsetenesta Salutis for desse tenestene. Det vert laga årleg plan for førebyggande arbeid.

### Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand for næringslivet

Her er det sett av kr 200 000 til pendlartilskot for 2020. Det blei utbetalt tilsaman kr 196 000 i 2018 som. Prognosen for 2019 er ca kr 200 000.

### Teneste 3255 Reiseliv

Det vert ikkje noko vidareføring av båtruta Hellesøy – Fedje i 2020. Den treårige avtalen mellom fylkeskommunen og kommunane Øygarden, Austrheim og Fedje gjekk ut i 2019. I 2020 er det berre sett av midlar for medlemskap i ulike reiselivssatsingar, annonsering samt domeneutgifter og liknande.

### Teneste 3900 Den norske kyrkje

Vidareføring av same nivå som i 2019.

### Teneste 3920 Tilskot til trus- og livssynssamfunn

Det er sentralt vedteke at kommunen skal gje like mykje til andre trus- og livssynssamfunn som til den norske kyrkja. Storleiken på denne tenesta avhenger difor av storleiken på teneste 3900 og talet på medlemmar.

## Ansvar 1100 Kulturtenester

Kulturfeltet er i endring. Biblioteksjefen vår har varsla at ho går av i 2020, og det er høve til å vurdere korleis me skal organisere arbeidet på heile kulturfeltet. Kulturskulen har dei siste åra vorte redusert frå ca. 100% stilling til 50% utan at det har vore eit tydeleg uttalt politisk val, og no har me lange ventelister. Det er likevel ikkje rom i budsjettet til å auke stillingsstorleiken i kulturskulen i 2020.

Me har ingen på kulturadministrasjon no, men me har 20% stilling tilbake i august 20.

**Tenestemål 2020**

- Halda fram med å ha tilbod både innan musikk, scene og kunst i Fedje kulturskule
- Vidareutvikla biblioteket som ein open møteplass for debatt
- Ha ein gjennomgang av det samla kulturfeltet før evt. utlysingar

**Tenestemål 2020-2023**

- Halda fram med å ha tilbod både innan musikk, scene og kunst i Fedje kulturskule og få ventelistene ned på eit minimum
- Vurdera ny plassering for biblioteket
- Kulturlivet er limet i Fedjesamfunnet. Finna måtar kommunen kan bidra til at me går frå lim til superlim.




## Teneste 3700 Bibliotek

Ingen store endringar i budsjettet for 2020. Nyrekruttering kan medføre høgare lønnskostnadar i løpet av 2020, sidan det er krav til formell utdanning i bibliotekslova.

## Teneste 3750 Museum

Fedje er med i eit regionalt museumssamarbeid.

## Teneste 3812 Fleirbrukshall

Her vert investeringar til utstyr inne i hallen og leigeinntekter ført. Fleirbrukshallen vert styrt av eit eige styre.

### Teneste 3830 Musikk og kulturskular

Kulturskulen har ei 40% stilling som inkluderer oppgåva som rektor i kulturskulen og eit 8% engasjement i gitarundervisning. I tillegg er det ønskjeleg å kunne kjøpe inn kortare kurs/undervisnings i kunst og scene eller andre, etter kva lærekrefter som er tilgjengelege. Hausten 2019 er det ca. 40 elevar i alderen 8-18 år i kulturskulen på Fedje, og ca. 15 elevar står på venteliste. Med dei lønnsmidlar som er lagt inn no, vil det truleg vere ventelister også neste år.

### Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg

Kulturmidlane ligg i 2020 som i 2019 på 120 000 kr. I 2019 stramma me litt inn på krava til søknadar og dokumentasjon, og det kjem me til å halde fram med i 2020.

På denne tenesta var det ei stor feilbudsjettering på lønn i 2019. Difor ser det ut som ei innstramming her, utan å vere det - utanom at det ikkje er henta inn vikar i 20% stilling til over sommaren.

### Teneste 3854 Kulturell spaserstokk

Nokre tilskotsmidlar her til kulturopplevingar spesielt til eldre. I tillegg kjem det tilskot og billettinntekter, så ramma for bruk er vanlegvis ca 30 000. Samarbeid med sjukeheimen.

## Ansvar 2000 Helsetenester

Frå 16/12-19 startar ny helse- og omsorgssjef i Fedje kommune. Han skal leie arbeidet med å utvikle, fornye og styrke samarbeidet mellom dei ulike helse- og omsorgseiningane i kommunen. Både tenester me kjøper frå andre kommunar og tenester me har sjølv kjem innunder dette ansvaret.

### Teneste 2320 Førebygging – helsestasjons- og skulehelseteneste

Helsestasjon- og skulehelsetenesta har som føremål å fremja fysisk, psykisk og sosial helse, og førebyggja sjukdom og skade. Helsestasjonen er i ein unik posisjon til å komma i kontakt med born 0 - 5 år og deira føresette. Skulehelsetenesta er i god posisjon til å utjamna sosiale helseskilnader ved å ha kontakt med alle elevar i skulen. Fedje kommune kjøper i dag helsestasjons– og skulehelsesetenester tilsvarande 40 % hjå Austrheim kommune. Helsesjukepleiar er på Fedje to dagar i veka. Det er ikkje lagt inn større endringar i budsjettet frå 2019.

**Tenestemål for 2020**

- Helsestasjon- og skulehelsetenesta på Fedje skal ha eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod til born, unge og føresette.
- Fremja tverrfagleg samarbeid for å sikra god kvalitet på tilbodet som vert gjeve.

**Tenestemål for 2020-2023**

- Kompetanseheving og utvikling av tenesta og gjera tiltak ut ifrå lokale føresetnader og behov.
- Styrke tilbodet i skulehelsetenesta slik at helsesjukepleiar er meir tilgjengeleg og nærare elevane og skulesystemet.

## Teneste 2411 Fysioterapi

Fysioterapitenesta skal gje teneste til busette i Fedje kommune. Fysioterapitenesta driv med både instituttverksemd og heimebesøk, har ansvar for hjelpemiddelformidling og gir teneste til Sjukeheimen. I tillegg er fysioterapitenesta ein del av skulehelsetenesta og har ansvar for koordinerande eining i Fedje kommune. Fysioterapitenesta treng nytt utstyr som til dømes ny benk til behandling og har satt av ekstra midlar til det i 2020.

**Tenestemål for 2020**

- Synleggjere fysioterapi som ein del av skulehelsetenesta
- Auke kompetanse på fysioterapi for born
- I løpet av 2020 er det lovpålagt at Fedje kommune og skal ha ergoterapeut.

**Tenestemål for 2020-2023**

- Det er ønskeleg å få i gang kvardagsrehabilitering når ergoterapeut er på plass.
- Verta oppdatert på nyaste forsking på dei pasientgruppene som til ein kvar tid får teneste frå fysioterapeuten.

## Teneste 2413 Ergoterapi

Frå og med 2020 er det lovpålagt at alle kommunar skal ha ergoterapeut. Fedje kommune har inngått avtale med Austrheim kommune om å kjøpe ergoterapeuttenester tilsvarande 20 % stilling.

# Ansvar 2100 Fedje skule

## Teneste 2020 grunnskulen

*Utgifter*

Utfordringa for skulen er at trass synkande elevtal, og dermed mindre inntekter frå staten, er oppgåvene dei same som før.
Ein vil difor frå skuleåret 2020/2021 gjere endringar i inndelinga av årstrinna. Det er eit prinsipp for skulen at elevane i 1. klasse skal så langt som råd er få være ei eiga klasse. Ein legg opp til eit skuleløp der samansettinga av dei aldersblanda gruppene er stabile. Av tabellen ser ein at dei som byrjar i 1 klasse hausten 2020 vil verte samanslått frå og med 3. årstrinn, og gå i klasse med dei same elevane fram til 10. årstrinn. Siste året på grunnskulen vil dei vera åleine i klassen. Denne endringa fører til ei endring i tal kontaktlærarar, frå no 10 til 6/7 kontaktlærarar i åra framover.

| Skuleår | 20/21 | 21/22 | 22/23 | 23/24 | 24/25 | 25/26 | 26/27 | 27/28 | 28/29 | 29/30 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| årstrinn | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| | 2<br>3 | 2 | 2<br>3 | 2 | 2<br>3 | 2 | 2<br>3 | 2 | 2<br>3 | 2 |
| | 4<br>5 | 3<br>4 | 4<br>5 | 3<br>4 | 4<br>5 | 3<br>4 | 4<br>5 | 3<br>4 | 4<br>5 | 3<br>4 |
| | 6<br>7 | 5<br>6 | 6<br>7 | 5<br>6 | 6<br>7 | 5<br>6 | 6<br>7 | 5<br>6 | 6<br>7 | 5<br>6 |
| | 8<br>9 | 7<br>8 | 8<br>9 | 7<br>8 | 8<br>9 | 7<br>8 | 8<br>9 | 7<br>8 | 8<br>9 | 7<br>8 |
| | 10 | 9 | 10 | 9 | 10 | 9 | 10 | 9 | 10 | 9 |
| | | 10 | | 10 | | 10 | | 10 | | 10 |

Spesialundervisninga ved Fedje skule er god. Elevane som har rett på undervisning etter §5.1 spesialundervisning, får i noko grad meir timar enn det PPT vurderer at dei har trong for. Dette er noko som gjer at elevane våre lærer meir, og skulen har eit godt ord på seg for å ta vanskane til elevane på alvor. Samstundes er det viktig at ein ser skulen som ein heilskap, og at ein gjer organisatoriske grep for å unngå overforbruk. Organiseringa av spesialundervisninga vil difor vera eit område ein ser på i høve til innsparingar.

Frå hausten 2020 vil skulen sine lønsutgifter reduserast noko i høve til første halvdel. Årsvikariata ved skulen vil gå ut (140%), utgifter til lærlingløn (80%) vil forsvinne, og planlagde permisjonar (100%) vil kunne gje oss ei viss innsparing. Det er usikkert kor stor innsparing ein kan vente seg grunna to permisjonar (180%) inneverande år som kan verte avslutta 01.08. 2020. Skulen har og behov for auka kompetanse, spesielt innan faga matematikk og norsk på ungdomstrinnet, og ein vil satse på at minst ein lærar tek vidareutdanning dekka av statlege midlar gjennom «kompetanse for kvalitet»

*Inntekter*

Regjeringa har gjennom inneverande statsbudsjett lova at skulane skal få auka tilskot til innføring av nye læreplanar. Dette, i tillegg til lærarspesialistordninga, tidleg innsats og tilskot til vidareutdanning, vil gje skulen heilt nødvendige inntekter neste skuleår.

**Tenestemål for 2020**

- Fagleg: Dei tre tverrfaglege temaa folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap, og berekraftig utvikling, som er nye i overordna del av læreplanverket, skal verte ei naturleg del av skulekvardagen til elevane.
- Sosialt: Halde fram arbeidet med å skape eit trygt og godt læringsmiljø for elevane, med fokus på fellesskap og samarbeid.
- Organisasjon: Gjennom utviklingsarbeid og kompetanseheving gjere skulen klar for å ta i bruk dei nye læreplanane frå hausten 2020.

**Tenestemål for 2020-2023**

- Fedje skule skal halde fram med å gje elevane ei likeverdig og tilpassa opplæring
- Ferdigstille utviklingsarbeida som omhandlar analysekompetanse og innføring av nye læreplanar.
- Sikre ei kontinuerleg utvikling av den einskilde tilsette sin faglege kompetanse for å skape gode resultat over tid.




## Teneste 2150 skulefritidsordninga

Skulefritidsordninga (SFO) er eit ikkje-pedagogisk tilbod før og etter skuletid til born frå 1. til 4. klasse, og for born med spesielle behov frå 1. til 7. klasse. SFO skal leggja til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna, samt gje borna omsorg og tilsyn.

Organiseringa av SFO er frå skuleåret 2019/2020 eit samarbeid mellom barnehagen og skulen. SFO heldt for det meste til i skulen sine lokale, og nyttar og utearealet ved skulen.

## Teneste 2130 vaksenopplæringa

Fedje kommune tilbyr for tida grunnskuleopplæring for vaksne, og opplæring i norsk og samfunnskunnskap til personar i målgruppa for introduksjonsloven. Undervisninga vert gitt tre dagar i veka i «gamle posten»- lokala.

## Ansvar 2200 Fedje barnehage

Fedje barnehage er ein to avdelings barnehage med born i alderen 0-5 år. Delar av dagane er borna delt, og kvar avdeling har ein pedagogisk leiar som avdelingsleiar.

Stortinget har vedtatt eit minimumskrav til grunnbemanning for barnehagar, både ei bemanningsnorm og pedagognorm. Barnehagen må nedbemanne dei som er for mange tilsette, men for å oppretthalde dei gode tilboda barnehagen har, må me ha ei bemanning som er over minimumskravet frå stortinget.

Barnehagen stiller no med mange gode tilbod. Symjeopplæringa startar allereie når borna er tre år. Dette er ein aktivitet som tar to vaksne frå barnehagen med ei gruppe, som etter bemanningsnorma, ein vaksen skal kunne ha åleine. Barnehagen vurderer det slik at det ikkje er forsvarleg at ein vaksen er åleine i bassenget med 5-6 born og derfor er dei alltid to med på dette tilbodet.

Heilårsopen barnehage er også eit tilbod som gjer at det, delar av året, er behov for å ha «det lille ekstra». Det er mange ferieveker som skal avviklast, og dette klarar me å løyse på ein god måte utan å ta inn for mykje ferievikarar. Dette gjeld også sommarferiane som ein då klarar å ha i to omgangar, og me stort sett klarar oss med grunnbemanninga.

Kvar pedagog har krav på minimum 4 timar plantid i veka. Dette er utanom møter som skal gjennomførast, foreldresamtalar, oppstartsamtalar, barnevern, PPT og andre instansar barnehagen samarbeidar med. Så langt det lar seg gjere, prøver me å dekke inn for den tida pedagogane har si planleggingstid.

Det tilbodet barnehagen har, og som kanskje gjer situasjonen litt usikker, er fortløpande opptak. No kan alle søkje om barnehageplass når dei treng den, og ikkje etter faste datoar og opptak. Dersom barnehagen då ikkje har nokon på topp vil me ikkje klare å gje dette tilbodet lenger. Då må barnehagen ha faste opptak og maks antall barn ein kan ta inn iløpet av året. Dette kan medføre at dersom Fedje får tilflyttara som vil ha barnehageplass, kan ein risikere at det ikkje er bemanning til å ta imot dei.

I 2019 fullførte alle dei tilsette i barnehagen kurset «Dei utrulege åra». Styrar og pedagog har i tillegg tatt kurs for veiledarar, og i 2020 vil fokuset ligge på å implementere og vidareføre nye arbeidsmetodar frå opplæringa i «Dei utrulege åra».
Barnehagen søkte og fekk midlar i temaet språkstimulerande aktivitetar – både for dei yngste og dei eldste. I 2020 vil barnehagen fortsetje med den gode kompetansehevinga for alle i personalgruppa.





**Tenestemål for 2020**

- Personalet i barnehagen skal arbeide systematisk for å implementere nye arbeidsmetoder etter kursdeltaking i «Dei utrulege åra».
- Personalet skal få ei kompetanseheving innan språkstimulerande aktiviterar for barn i alle aldersgrupper.
- Barnehagen skal sikre at barna får ulike kulturelle opplevingar.

**Tenestemål for 2020 – 2023**

- Halde fram med den gode kompetansehevinga i personalet, med fokus på fagområdet; Kommunikasjon, språk og tekst.
- Barnehagen skal oppretthalde det gode samarbeidet med barnehagane i nabokommunane, i det vidare arbeidet med «Dei utrulege åra».
- Barnehagen skal utnytta heile uteområdet med inspirerande leikeområder til barnas frileik.

## Ansvar 2300 Pleie og omsorg

### Teneste 2341 Psykisk helse

Dei siste to åra har det skjedd lite utvikling i psykisk helse og eininga har ikkje vore drive heilt optimalt. Det vert jobba med situasjonen no etter at ny leiar er på plass. Samarbeid mellom psykisk helse og andre tilhøyrande einingar bør styrkast. Hjartebanken og ungdomskaféen er godt besøkt. Dei andre tilboda varierar meir. I dag har dagaktivitetstilbodet fire plassar og er integrert i Hjartebanken. Det bør kartleggjast om tilbodet har behov for tilpassing/endring eller om det er behov for utviding av tenesta. Ein bør gjere tenestetilbod til psykisk helse og dagaktivitetstilbodet meir synleg og brukarvenleg, særleg på heimesida. Tilbodet har stort utbyggingspotensiale. FACT-teamet, eit aktivt oppsøkjande behandlingsteam for menneske med alvorlege psykiske lidingar og/eller rusproblematikk, kan brukast frå oktober -19. Dette er eit samarbeid med Nordhordlandskommunane, der vertskommunen i dag er Lindås.

**Tenestemål 2020 – psykisk helse**

- Tilbodet til psykisk helse er godt kjent blant innbyggarane.
- Sikra god brukarmedverknad.
- Sikra godt samarbeid med andre tenesteytarar innan helse og omsorg, både interkommunalt og regionalt.
- Sikra at alle som har behov for eller nytte av tilbodet har kjennskap til tilbodet og moglegheit til å bruka tilbodet.

**Tenestemål 2020-2023 – psykisk helse**

- Psykisk helse skal vere eit lågterskeltilbod prega av stabilitet og tryggleik.
- Hjartebanken er ein møteplass for alle.
- Sikra utvikling og eventuell utviding av tenesta innanfor psykisk helse
- Kartlegging av behovet for utviding av tenesta med eventuelle konsekvensar.

## Teneste 2530, 2531, 2541, 2542, 2543 – 2020 Pleie og omsorg

Ansvar 2300 har følgjande tenesteområde: Psykisk helse, helse- og omsorgsteneste i institusjon (administrasjon), pleie & omsorg i institusjon (sjukeheimen), dagaktivitetstilbod for heimebuande demente, heimesjukepleie, praktisk bistand, PU-teneste og tryggleiksalarm.

Kvantitativ utvikling (tal på brukarar)

| År | Sjukeheim | Heimesjukepleie | Praktisk bistand | Tryggleiksalarm | Matombringing |
|---|---|---|---|---|---|
| 2013 | 13 | 10 | 16 | 7 | 7 |
| 2014 | 11 | 12 | 15 | 8 | 8 |
| 2015 | 10 | 13 | 15 | 10 | 9 |
| 2016 | 12 | 13 | 15 | 10 | 10 |
| 2017 | 12 | 14 | 15 | 12 | 12 |
| 2018 | 8 – 11 LTO/<br>1 – 3 KTO | 19 | 16 | 12 - 15 | 11 til 15 |
| 2019 | 12 LTO/<br>1-2 KTO | 17 - 20 | 12 - 16 | 12 - 15 | 11 til 15 |

LTO – langtidsopphald, KTO - korttidsopphald

Pleie og omsorg:
Sidan sjukeheimen og heimesjukepleie er ein kombinert teneste, må budsjettet sjåast i samanheng sjølv om heimesjukepleie har eige budsjett. Pleietyngda og pleiemengda er framleis aukande, både på sjukeheimen og i heimesjukepleien. Etterspørselen er varierande og det er delvis overbelegg på sjukeheimen. I dag har me ikkje venteliste for korttids- eller langtidsopphald, det var heller ingen tilfelle av overliggar frå sjukehuset i 2019.

Personalgruppa er svært engasjert og omsorgsfull, men sårbar. Sjukefråværet går ned, men er framleis på eit for høgt nivå. Dette er ei stor problemstilling sidan det oftast er behov for vikarinndekking. Det finst ein liten vikarpool, men den er ganske varierande. Sommaravvikling har vore krevjande dei siste åra, tross god bemanning i utgangspunkt. Grunna aukande pleietyngde må bemanninga auke i delar av dagen, dette vert vurdert fortløpande og tilpassa tilsvarande.

Aktivitetstilbod har vorte utvikla dei seinare åra og vi kan sjå stor gevinst for både bebuarar og heimesjukepleiebrukarar som brukar tilbodet. Men vi ser utbyggingspotensiale på aktivitetstilbod på sjukeheimen, særleg i kvardagen. Frivillig arbeid bør systematiserast og utvidast, noko som kan vere ei mogleg oppgåve for eksempel for ergoterapeut. Ein del arrangement vert delvis finansiert av Den kulturelle spaserstokken. Nasjonale føringar med fokus på blant anna trivsel, brukarmedverknad, støtte til pårørande, kvalitetssikring- og forbetring, kvardagsrehabilitering, tidleg innsats og frivilligarbeid.

Oppgradering av fagsystem er under arbeid. Fedje kommune deltek i velferdsteknologiprogram fram til utgangen av 2020. Der held vi på med innkjøp og utrulling av utstyr. Velferdsteknologi skal bli del av tenestetilbodet innan prosjektet vert avslutta.

Samarbeid om kreftkoordinator med dei andre Nordhordlandskommunane er avvikla då den ikkje gav det forventa utbytte. Her kan det vere moglegheit for å byggja opp liknande med eigne kreftsjukepleiar.

Matombringing er aukande og den seinare tida er det delvis blitt mogleg å bestille mat til kommunale arrangement, med god respons. Kjøkken leverer god heimelaga mat med varer hovudsakleg frå Matkroken.

PU-tenesta: Stabil teneste. Dei tilsette held på med kompetanseheving i form av ABC-opplæring, eit kurs som er basert på eigenstudie og lokale samlingar. PU-tenesta er ein særleg ressurskrevjande teneste der vi får rammetilskot frå staten ut i frå timar brukt i tenesta. Tilskotsordninga gjeld for dei mellom 18 og 67 år.

Praktisk bistand: Stabil heimehjelpteneste med lite sjukefråvær. Per i dag er det 65 % stilling, fordelt på to personar. Det er litt rom for andre oppgåver sidan talet på brukarar og timar er varierande.



**Tenestemål 2020:**

- Kreftsjukepleiar har etablert seg som kreftkoordinator i kommunen og er synleg/tilgjengeleg.
- Sjukeheimsbrosjyre er ferdigstilt.
- Aktuelle tenestetilbod er synleg og oppdatert på heimesida.
- Ergoterapeut er på plass.

**Tenestemål 2020-2023:**

- Frivillig arbeid er systematisert.
- Personalet i pleie og omsorg har vidareutvikla den kompetansen og kunnskapen dei treng for å utføre ein god og forsvarleg jobb.
- Tenestetilbod er forsvarleg, synleg, brukarvenleg og tilpassa den enkelte sine behov.

## Ansvar 2500 Legetenester

Legetenester i Fedje kommune er dyrare enn i samanlignbare kommunar. Framlegg til budsjett for 2020 er ei vidareføring av dei tenestene ein har i 2019. Det er ikkje lagt inn nye kostnadskrevjande tiltak. Til ansvarsområdet ligg miljøretta helsevern, legetenesta i sjukeheimen og ved helsestasjonen, kommuneoverlegeoppgåvene, beredskap, legevakt på Fedje, legevakt i Knarvik, akuttsenger ved Nordhordland legevakt, pasientskadesikringa og fastlegeordninga

**Tenestemål 2020:**

- Ein skal arbeida med kontinuitet i tenestene, sikra tenleg legevakt for innbyggjarane på Fedje og vikarordning om sommaren.
- Vurdera og drøfta framtidige løysningar av legetenestene på Fedje.

**Tenestemål 2020 - 2023**

- Ein skal få på plass en ny lege som bur på Fedje og sikra tenleg legevakt for innbyggjarane på Fedje.

## Ansvar 2600 Sosialtenester

På ansvar 2600 er det fleire store utfordringar:

Økonomisk sosialhjelp har auka svært mykje i 2019 samanlikna med 2018. Budsjettpost 2810, yting til livsopphold, ser ut til å verte overskride med meir enn 200% i forhold til budsjett 2019. Sosialtenesta til Fedje kommune ligg no til NAV Fensfjorden som starta 01.01.19. NAV Fensfjorden har hatt ein del oppstartsproblem, noko som gjer at me førebels ikkje har den oversikta som me bør ha. Det er derfor viktig framover å få betre oversikt her men uansett tyder alt på at behovet for økonomisk sosialhjelp er aukande og vil derfor være stort også i 2020. I budsjetteringa av denne posten herskar det ei stor usikkerheit både på oppsida og nedsida.

Både inntekter og utgifter knytt til flyktningar har vore store dei siste åra. Integreringstilskotet vert halvert frå 2019 til 2020, for å, basert på dei flyktningane me har i dag, forsvinne heilt i 2021. Integreringstilskotet vert blant anna nytta til introduksjonsordninga, norskopplæring, flyktningmedarbeidar med meir.

Dei fleste tenestene her er styrt av rettar, det vil seie at det er vanskeleg å sjå kva behovet vert i 2020. Det gjeld m.a. barnevernstenestene, som me har kjøpt frå Austrheim kommune (teneste 2440 og 2520) men som frå 2020 skal inn under Alver kommune. Me lagar budsjett basert på historiske tal, men det er viktig å vite at akutte situasjonar her raskt kan gje høge utgifter me ikkje er budd på.

### Teneste 2332 Edruskapsvern

Stillinga som jobbar med edruskapsvern er ført under 1203 fellestenester. Inntektene frå gebyr for skjenkeløyve vert ført her.

### Teneste 2750 Introduksjonsordninga

Her er det lagt inn midlar i tråd med rettar innbyggjarar på Fedje har. 2020 er siste året for introduksjonsordninga, om ikkje fleire flyktningar flyttar til kommunen.

### Teneste 2760 Kvalifiseringsordninga

Kvalifiseringsordninga vert administrert gjennom NAV. Dei som treng ekstra hjelp for å kome inn i ordinært arbeidsliv kan søkje om dette. Vanskeleg å føresjå behov/bruk, avhengig av rettar. Me har lagt oss på same nivå (forholdsvis etter storleik) som nabokommunane og sett av nok midlar til ein person for eit heilt år.

## Ansvar 3000 Teknisk kontor

Ansvar 3000 har følgjande tenesteområde : Administrasjon, Forsikring av alle kommunale bygg, Bustadtilskot, Handsaming av planar, byggesak og oppmåling, Landbruk, Vegar, Veglys, Brann, Oljevern, Statleg oljeverndepot, Vatn, Kloakk, Slam, Renovasjon og Mink/Hjort.

Følgjande gebyr vert ikkje endra frå 2019 til 2020 : Kloakk, slam, renovasjon og feiing.

For bustad mellom 80 og 300 $m^2$, har gebyr for vatn eks. mva vore slik :

| År | Gebyr eks mva | Endring frå året før |
|---|---|---|
| 2019 | 2425 | 15% reduksjon |
| 2018 | 2853 | 15% reduksjon |
| 2017 | 3357 | 10% reduksjon |
| 2016 | 3730 | |
| 2015 | 3730 | |
| 2014 | 3730 | |
| 2013 | 3730 | |

Kommunen kan ikkje ha høgare inntekter frå gebyr for vatn enn at utgiftene vert dekka. Overskot skal settast av på fond. Eige rekneskap som syner overskot eller underskot for drift av vassverket, er vedlegg til årsrekneskapen for kommunen kvart år.

Då rekneskapen for 2016 låg føre, hadde vi eit oppsamla overskot på 730.000,- kr. Gebyret for 2017 vart difor sett ned med 10%. Då 2017 var ferdig hadde likevel det oppsamla overskotet auka til 929.000,- kr. Gebyret vart sett ned på nytt både for 2018 og 2019. Den 1. januar 2019 var det oppsamla overskotet på 837.000,- kr.

Følgjande tiltak er gjennomførte i 2019 :

- I 1981 fekk vassverket eit tilbygg og ein starta ein med å pumpa vatnet ut på nettet. Tidlegare var det vasstårnet som skapte trykket hjå abonnentane. Det elektriske opplegget var difor nytt i 1981. Vinteren 2018/2019 gjekk ved to tilhøve dei elektriske komponentane i hovudtavla amok. Det var tid for fornying.
- To nye pumper som pumper vatnet ut på leidningsnettet, er kjøpt – dei gamle var frå 1981.
- Ny brannpumpe. Vi treng eit stor pumpe når vi skal gjera rein inntaksleidningen til vassverket og til trykkstøtte ved reingjering av leidningar. Den gamle var frå 2002.
- Styringa av vassmengda i vasstårnet er lagt om. Fram til i år fekk vi signal om vassmengda i vasstårnet via nivåvipper i vasstårnet og signalkabel. Denne løysinga var ikkje alltid stabil. Vi målar no vassmengda på vasstårnet direkte i vassverket.

Med desse arbeida er det oppsamla overskotet brukt opp. Vi vil starta 2020 med eit underskot.

Faste utgifter til drift av vassverket er : Løn, straum, vassprøver, SMS-varsling, service membranfilter og vaskemiddel. Eit årsgebyr på 2425,- kr dekker om lag 90% av desse faste utgiftene.

Følgjande arbeid er på gang :

- Reinseanlegget vert styrt av ein PC. Denne har internett men er ikkje kopla til SING. Planen er å få maskina inn på SING med ein fiberkabel frå fleirbrukshallen.
- Det siste året har vi fått ein del klagar frå einskilde abonnentar på vasskvaliteten. Vi har difor intensivert arbeidet med spyling av nettet, Dette arbeidet må halda fram i 2020. Sjølve spylinga gjer vi sjølve men det må til ein del fornying av ventilar på nettet.
- Membranfilteranlegget vart montert i august 2007. Hausten 2013 vart kapasiteten på membranfilteranlegget sterkt redusert. ( Dette gjekk ikkje ut over abonnentane ). Årsaka var at sjølve filtera var tette og måtte fornyast. Dette vart gjort i 2014. Kostnaden var ca. 500.000,- kr. Det er sannsynleg at nye filtre må monterast i 2020 eller 2021.

Gebyr for vatn må attende til 2017-sats i 2020. Det mest vanlege gebyret for vatn aukar då frå 2425 kr til 3357,- kr pr år, eller med 38,4%.

Korleis ser dette ut om vi samanliknar oss med andre kommunar ?

Årsgebyr i 2019 etter KOSTRA:

| Bergen | Modalen | Fedje | Radøy | Meland | Lindås | Austrheim | Masfjorden |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1917 | 2304 | 2425 | 2964 | 3691 | 3717 | 4098 | 4850 |
| | | | | | | | |

Bergen og Modalen er dei rimelegaste kommunane i Hordaland. Fedje ligg på tredjeplass.

Øykommunesamarbeidet, årsgebyr 2019 etter KOSTRA :

| Kvitsøy | Fedje | Hasvik | Røst | Smøla | Værøy | Utsira | Solund | Træna | Leka |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1700 | 2425 | 2965 | 3564 | 4600 | 4681 | 5266 | 5366 | 7424 | Ikkje rapportert |

Inntektene av gebyr for byggesak og oppmåling er i budsjettet for 2019 sett til 250'. Vi ser ut til å nå denne summen i år. Same sum er sett opp for 2020.

Regulativet for byggesak og oppmåling vart ikkje endra frå 2018 til 2019. For 2020 er gebyra auka med 8% utan at vi reknar med at inntektene aukar.

Det er budsjettert med tilsetting av planleggar og lønn halve året 2020. Dette er ei stilling som blei omtalt i 2019 budsjettet som viktig å få på plass i 2020. Ved å utsetje denne tilsetjinga til midten av 2020 vil Fedje kommune ha mindre kapasitet til planarbeid første halvår og vil og vere sårbar og utsett dersom teknisk kontor misser viktig ressurs og kompetanse. Ved å flytta tilsetjinga til tidlegare på året vil kostandene i budsjettet 2020 auke samtidig som planarbeidet blir styrka i 2020. Ein utsetjing av tilsetjinga til slutten av 2020 vil ha motsatt effekt både når det gjeld kostnader og planlegging. Kapasitet og kompetanse når det gjeld planlegging kan ha noko å sei i forhold til å gjere oss attraktiv for bedrifter som planlegg å skapa nye arbeidsplassar i Fedje kommune.

Bustadtilskot : Ordninga vert endra pga. budsjettsituasjonen slik at tilskot blir dekka av fondsmidlar og ikkje som driftsutgift i budsjettet.

Landbruksforvaltning : Reforhandling av avtalen fører til at utgiftene har auka frå 32' til 55'.

Brann : For 110-sentralen er fordelingsnøkkelen for utgiftene endra. Dette fører til at utgiftene har auka frå 40' til 160' pr år.

Mink/Hjort : Statens Naturoppsyn har dei to siste åra gjort ein stor innsats for å utrydde minken på Fedje. Skotpremien på mink har i manns minne vore 150,- kr. For å støtte opp om arbeidet med å halda minken vekke, gjer vi framlegg om å auka skotpremien til 500,- kr.

**Tenestemål 2020 for teneste**

- Kommunen leverer prøver av bassengvatn og drikkevatn kvar månad. Alle prøver skal stetta drikkevassforskrifta og bassengforskrifta.
- Klage på klippinga av plenar ved gravplass og kyrkje har vore ein gjengangar i fleire år, men ikkje i 2018 og 2019. Eit mål må vera at det ikkje kjem klager i 2020.

## Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg

Ansvar 3100 har følgjande tenesteområde : Bygg som kommunen eig, bustader som kommunen eig (29 stk.), fyrvoktarbustad, helikopterplass, badeplass og fotballbane.

Straum : For 2020 er halvparten kWh-prisen bunden til 31,2 øre. I 2019 har ikkje prisen vore bunden i det heile. For perioden januar 2019 til og med august 2019 har prisen for straum til skulen, vore 44,5 øre/kWh rekna som vege gjennomsnitt.

I prognosen for 2020, er det nytta ein spottpris på 35 øre. Denne prisen gjeld halve forbruket.

I prognosen for 2019 var det nytta ein pris på 35 øre/kWh. Vi nyttar difor same budsjettsum for 2020 som for 2019 når det gjeld straum. Barnehagen er eit unnatak. Her har kWh-bruken auga med 36% frå 2016 til i dag. Det er ikkje rekna med auke i nettleiga.

Kommunale utleigebustader :
I 2020 er det muleg å justera husleiga til gjengs leiga, dvs. høgare leigeauke enn 1,9 % som er auken etter konsumprisindeksen. Det er derfor foreslått ein auke i budsjettet 2020 på 500 kr pr mnd for alle bustader. Dette vi gje ei ekstra inntekt på 50.000,- kr i 2020. Siste gong vi auka til gjengs leiga, var for husleiga i 2016. Auke etter konsumprisindeksen, gjev ein auke på mellom 99 og 1912 kr pr mnd.

Det er rekna med eit husleigetap tilsvarande leige for 1 bustader.

Pr 10/9-19 er det nytta kr 160' til vedlikehald. I 2018 vart det nytta kr 236' kr. I budsjettet for 2020 er det sett av kr 200.000,- vedlikehald. Dette er same sum i 2019. Avskrivingane aukar med 78' til 529'.
Gamle-banken : Inntektene på 84' frå Nav er falne vekk.

Fleirbrukshall :

I 2019 er det 110.000,- kr til vedlikehald og service.

Service ventilasjon, heis, brannalarmanlegg, sløkkjeutstyr, SD-anlegg og varmepumpe kostar 45.000,- kr pr år.

Pr 1/10-19 er det nytta 581.000,- kr til vedlikehald. Pengane er nytta slik :

| | |
|---|---|
| Ny varmepumpe | 358.000,- kr |
| Nye ledelys | 30.000,- kr |
| To nye tofløya ytterdører | 113.000,- kr |
| Ny automatikk legionellaspyling | 16.000,- kr |
| Vøling av heis | 6.000,- kr |
| Tre nye fasadelys | 17.000,- kr |
| Anna vedlikehald | 41.000,- kr |

I 2020 vil vi skifte den siste to-fløya ytterdøra.

**Tenestemål 2020 for teneste 3100**

- For barnehage, skule og sjukeheim har det vore vanleg at teknisk sjef og leiinga ved dei ulike bygga, år om anna har halde ei felles synfaring der ein har sett på vedlikehald av bygga innvendig. Felles synfaring i alle bygg er eit mål for 2020. (Oppfylt i 2019).



## Ansvar Beredskap – som er felles for alle

Fedje kommune skal vera ein trygg kommune å leva og bu i. Det er forventa at kommunen driv målretta og førebyggande arbeid for å unngå ulukker og uønska hendingar, og har ein kommunal beredskap som er førebudd på å møta uføresette situasjonar som kan oppstå. I kritiske situasjonar er det viktig at kommunen i samarbeid med andre beredskapsaktørar sikrar innbyggjarane og tek i vare informasjonsbehovet. Kommunen sin ROS-analyse er eit godt hjelpemiddel for å sikra at det er dei mest kritiske og relevante situasjonane me øver på og førebur oss på.

I 2019 har vi hatt to øvingar. Den 16. januar vart den kommunale kriseleiinga øvd. To tilsette i kommunen organiserte øvinga. Scenarioet var at heile Fedje var utan straum. Det er eit krav at den kommunale kriseleiinga skal øvast minst anna kvart år.

Den 14. mai var administrasjonen med på ei øving som fylkesmannen arrangerte. Denne øvinga handla om fare for radioaktivt utslepp.

Det vert i tillegg gjennomført eit kurs for heile KKL i november 2019 i samarbeid med fylkesmannen si beredskapsavdeling.

**Tenestemål 2020 - 2023**

- Gjennomføra kompetansehevande tiltak og øvingar for kriseleiinga
- Ha gode og oppdaterte system og rutinar for øving og krisehandtering

| HOVEDOVERSIKTER DRIFT | Regnskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskudd | 42 245 063 | 41 484 | 41 833 | 42 670 | 43 523 | 44 394 |
| Skatt på inntekt og formue | 14 768 876 | 16 265 | 17 199 | 17 543 | 17 894 | 18 252 |
| Eiendomsskatt | 2 110 829 | 2 111 | 2 300 | 2 300 | 2 200 | 2 200 |
| Andre skatteinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre overføringer og tilskudd frå staten | 7 081 610 | 2 667 | 1 187 | 351 | 358 | 365 |
| Overføringer og tilskudd frå andre | 8 134 215 | 6 379 | 5 205 | 5 309 | 5 415 | 5 524 |
| Brukerbetalinger | 3 057 013 | 2 587 | 2 729 | 2 784 | 2 839 | 2 896 |
| Salgs- og leieinntekter | 6 415 953 | 6 233 | 6 853 | 6 990 | 7 130 | 7 272 |
| Sum driftsinntekter | 83 813 557 | 77 726 | 77 306 | 77 946 | 79 359 | 80 902 |
| Lønnsutgifter | 46 368 832 | 43 376 | 42 849 | 43 706 | 44 580 | 45 472 |
| Sosiale utgifter | 10 463 579 | 11 026 | 8 957 | 10 926 | 11 145 | 11 368 |
| Kjøp av varer og tjenester | 23 237 491 | 20 852 | 17 954 | 18 313 | 18 679 | 19 053 |
| Overføringer og tilskudd til andre | 4 323 262 | 3 845 | 4 140 | 4 223 | 4 307 | 4 393 |
| Avskrivninger | 3 623 318 | 3 951 | 3 979 | 3 979 | 3 979 | 3 979 |
| Sum driftsutgifter | 88 016 482 | 83 050 | 77 879 | 81 147 | 82 691 | 84 265 |
| Brutto driftsresultat | -4 202 925 | -5 324 | -573 | -3 201 | -3 332 | -3 363 |
| Renteinntekter | 638 943 | 470 | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Utbytte | 678 398 | 650 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler | 0,00 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 628 565 | 680 | 735 | 735 | 735 | 735 |
| Avdrag på lån | 3 027 882 | 1 440 | 1 230 | 1 230 | 1 230 | 1 230 |
| Netto finansutgifter | 2 339 106 | 1 000 | 465 | 465 | 465 | 465 |
| Motpost avskrivninger | 3 623 318 | 3 951 | 3 979 | 3 979 | 3 979 | 3 979 |
| Netto driftsresultat | -2 918 713 | -2 373 | 2 941 | 313 | 182 | 151 |
| | 0,31 % | 1,59 % | 3,80 % | 0,40 % | 0,23 % | 0,19 % |
| Overført til investeringsregnskapet | 352 361 | 1 196 | 2 628 | 313 | 182 | 151 |
| Netto bundne fond | 77 296 | 39 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto disposisjonsfond | -167 796 | 0 | 313 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum disponering eller dekning av nettoresultat | 261 861 | 1 235 | 2 941 | 313 | 182 | 151 |
| Fremført til inndekning i senere år | -3 180 574 | -3 608 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| HOVEDOVERSIKTER INVESTERING | Regnskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Inntekter* | | | | | | |
| Salg av driftsmidler og fast eiendom | 79 805 | 600 | 350 | 350 | 350 | 350 |
| Andre salgsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringer med krav til motytelse | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 843 779 | 626 | 392 | 400 | 400 | 350 |
| Statlige overføringer | 4 141 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre overføringer | 6 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteinntekter og utbytte | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum inntekter | 5 070 584 | 1 226 | 742 | 750 | 750 | 700 |
| | | | | | | |
| *Utgifter* | | 0 | 0 | | | |
| Lønnsutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sosiale utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 20 534 717 | 3 438 | 2 588 | 2 150 | 2 150 | 2 200 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringer | 843 779 | 626 | 392 | 400 | 400 | 350 |
| Renteutgifter og omkostninger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Fordelte utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum utgifter | 21 378 496 | 4 064 | 2 980 | 2 550 | 2 550 | 2 550 |
| | | | | | | |
| *Finanstransaksjoner* | | 0 | 0 | | | |
| Avdrag på lån | 309 697 | 305 | 300 | 300 | 300 | 200 |
| Utlån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 257 661 | 220 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| Dekning av tidligere års udekket | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum finansieringstransaksjoner | 567 358 | 525 | 550 | 550 | 550 | 450 |
| | | | | 0 | | |
| Finansieringsbehov | 16 875 270 | 3 363 | 2 788 | 2 350 | 2 350 | 2 300 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Dekket slik:* | | 0 | 0 | | | |
| Bruk av lån | 11 360 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 1 000 |
| Salg av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån | 273 783 | 160 | 160 | 200 | 300 | 200 |
| Overført fra driftsregnskapet | 352 361 | 1 196 | 2 628 | 313 | 182 | 151 |
| Bruk av tidligere års udisponert | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | 4 834 818 | 2 007 | 0 | 1 837 | 868 | 949 |
| Bruk av bundne driftsfond | 54 308 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum finansiering | 16 875 270 | 3 363 | 2 788 | 2 350 | 2 350 | 2 300 |
| Udekket/udisponert | 0,00 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| *Budsjettskjema 1A - drift* | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskudd | 42 245 | 41 484 | 41 833 | 42 670 | 43 523 | 44 394 |
| Inntekts- og formueskatt | 14 769 | 16 265 | 17 199 | 17 543 | 17 894 | 18 252 |
| Eiendomsskatt | 2 111 | 2 111 | 2 300 | 2 300 | 2 200 | 2 200 |
| Andre generelle driftsinntekter | 5 019 | 1 677 | 860 | 0 | 0 | 0 |
| Sum generelle driftsinntekter | 64 144 | 61 537 | 62 192 | 62 513 | 63 617 | 64 845 |
| Sum bevilninger drift, netto | 61 450 | 59 341 | 58 666 | 61 734 | 62 970 | 64 229 |
| Avskrivinger | 3 623 | 3 951 | 3 979 | 3 979 | 3 979 | 3 979 |
| Sum netto driftsutgifter | 65 073 | 63 292 | 62 645 | 65 713 | 66 949 | 68 208 |
| Brutto driftsresultat | -929 | -1 755 | -453 | -3 201 | -3 332 | -3 363 |
| Renteinntekter | 639 | 470 | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Utbytte | 678 | 650 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Gevinster og tap på finasielle omløpsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 629 | 680 | 735 | 735 | 735 | 735 |
| Avdrag på lån | 3 028 | 1 440 | 1 230 | 1 230 | 1 230 | 1 230 |
| Netto finansutgifter | -2 339 | -1 000 | -465 | -465 | -465 | -465 |
| Motpost avskrivinger | 3 623 | 3 951 | 3 979 | 3 979 | 3 979 | 3 979 |
| Netto driftsresultat | 355 | 1 196 | 3 061 | 313 | 182 | 151 |
| Overføring til investering | 352 | 1 196 | 2 628 | 313 | 182 | 151 |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto disposisjonsfond | 0 | 0 | 433 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum disponering eller dekning av nettoresultat | 352 | 1 196 | 3 061 | 313 | 182 | 151 |
| Fremført til inndekning i senere år | **3** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

| *Budsjettskjema 1B - drift* | | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1000 | Rådmann | 9 781 | 11 229 | 9 684 | 11 878 | 12 115 | 12 358 |
| 1100 | Kulturtenester | 955 | 1 957 | 1 477 | 1 507 | 1 537 | 1 567 |
| 1200 | Bibliotek | 739 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 1300 | IT-konsulent | 1 203 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 1400 | Tiltak | 1 389 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 1500 | Miljøvernleiar | -1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2000 | Helsetenester | 1 405 | 3 254 | 1 954 | 1 993 | 2 033 | 2 074 |
| 2100 | Fedje skule | 13 260 | 12 401 | 12 672 | 12 800 | 13 056 | 13 317 |
| 2200 | Fedje barnehage | 3 920 | 3 613 | 3 479 | 3 549 | 3 620 | 3 692 |
| 2300 | Pleie og omsorg | 17 555 | 17 066 | 18 565 | 18 900 | 19 199 | 19 503 |
| 2400 | Helsesøster | 1 479 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 2500 | Legetenester | 4 282 | 4 615 | 4 784 | 4 857 | 4 954 | 5 053 |
| 2600 | Sosialtenester | 1 866 | 1 926 | 2 314 | 2 360 | 2 407 | 2 456 |
| 3000 | Teknisk kontor | 7 240 | 2 546 | 2 453 | 2 502 | 2 552 | 2 603 |
| 3100 | Kommunale bygg og anlegg | 0 | 4 168 | 5 263 | 5 368 | 5 476 | 5 585 |
| 3500 | Avskrivingar | -3 623 | -3 434 | -3 979 | -3 979 | -3 979 | -3 979 |
| | T O T A L T | 61 450 | 59 341 | 58 666 | 61 734 | 62 970 | 64 229 |

| *Budsjettskjema 2A - investering* | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringer i varige driftsmidler | 21 379 | 4 064 | 2 980 | 2 550 | 2 550 | 2 550 |
| Tilskudd til andres invasteringer | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringer i aksjer og andeler | 258 | 220 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| Utlån av egne midler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 310 | 305 | 300 | 300 | 300 | 200 |
| Sum investseringsutgifter | 21 947 | 4 589 | 3 530 | 3 100 | 3 100 | 3 000 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 844 | 626 | 392 | 400 | 400 | 350 |
| Tilskudd frå andre | 4 147 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Salg av varige driftsmidler | 80 | 600 | 350 | 350 | 350 | 350 |
| Salg av finasielle anleggsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utdeling frå selskap | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler | 274 | 160 | 160 | 200 | 300 | 200 |
| Bruk av lån | 11 360 | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 1 000 |
| Sum investseringsinntekter | 16 705 | 1 386 | 902 | 950 | 2 050 | 1 900 |
| Videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån til videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån til videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nettoutgifter videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføring frå drift | 352 | 1 196 | 2 628 | 313 | 182 | 151 |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne investseringsfond | 55 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond | 4 835 | 2 007 | 0 | 1 837 | 868 | 949 |
| Dekning av tidligere års udekket beløp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum overføring frå drift og netto avsetninger | 5 242 | 3 203 | 2 628 | 2 150 | 1 050 | 1 100 |
| Fremført til inndekning i senere år | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| *Budsjettskjema 2B - investering* | | Rekneskap 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1200 | Administrasjon | 258 | 220 | 250 | 250 | 250 | 250 |
| 1205 | IKT | 41 | 563 | 250 | 300 | 300 | 300 |
| 2220 | Skulelokaler | 2 821 | 688 | 700 | 250 | 250 | 250 |
| 2610 | Institusjonslokale | 481 | 625 | 250 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 2651 | Kommunalt disponerte bustader | 16 850 | 438 | 0 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 2830 | Bistand til etab. og oppret. av eingen bustad | 310 | 305 | 300 | 300 | 300 | 200 |
| 3150 | Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak | 226 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3200 | Kommunal næringsverksemd | 0 | 0 | 520 | 0 | 0 | 0 |
| 3320 | Kommunale vegar | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3350 | Rekreasjon i tettstad | 0 | 0 | 700 | 0 | 0 | 0 |
| 3390 | Beredskap mot brann og andre ulykker | 800 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3530 | Avløpsnett/innsamling av avløpsvann | 0 | 500 | 500 | 0 | 0 | 0 |
| 3600 | Naturforvaltning og friluftsliv | 159 | 500 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 3900 | Den norske kyrkja | 0 | 250 | 60 | 0 | 0 | 0 |
| 3930 | Kirkegård | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | T O T A L T | 21 946 | 4 589 | 3 530 | 3 100 | 3 100 | 3 000 |

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Evy Uthaug | FE-090, FA-X49 | 18/74 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 129/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 098/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Vigsel i Fedje kommune**

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**

Som følgje av ein lovendring som tredde i kraft 1. januar 2018, er vigselsmynde overført frå tingrettane og Oslo byfogdembete til ordførarar, varaordførarar og kommunalt tilsette eller folkevalde som kommunestyret gjev slikt mynde (kommunane).

*Kommunestyret - 008/18*
*K - behandling:*

*K - vedtak: Fedje kommunestyre vedtek at det alminnelege kommunale vigselstilbodet i Fedje kommune er vigslar halde i det sosiale rommet i Fleirbrukshallen, innanfor ordinær arbeidstid, måndag til fredag kl. 08.00 – 15.30 . Kommunen sin alminnelege vigselstilbod er gratis for Fedje eigne innbyggjarane til kommune og for personar som ikkje er busett i Noreg. Det er tilstrekkeleg at éin av brudefolkene er busett i kommunen. Dersom brudeparet ynskjer vigsel utanfor ordinær arbeidstid, eller i andre lokale, vurderast dette etter kapasitet og tilgjengelighet for lokale/vigslar. Det vert opna for at òg brudepar busett utanfor kommunen vert gjeve høve til å gifta seg borgarleg i Fedje kommune, så framt det er kapasitet kva gjeld vigslar/lokalar. Meirkostnader i form av utgifter for vigslar eller kostnader knytet til bruk av kommunale lokale som påløper i slike tilfelle, skal avklarast på førehand, og vert dekt av brudeparet.*

*Utover vanleg tilbod om tid og stad kan kommunen ta betaling for meirkostnader, med kr. 500,- per arbeidstime til vigslar utover kommunal arbeidstid (kvardagar 08.00-15.30). Kostnader som leige av anna kommunalt lokale, oppvarming av lokale etc, og dessutan ferdkostnader for vigslar, må avklarast på førehand og dekkjast av brudeparet. Andre eventuelle kostnader som pynting av lokale, tolk etc. må òg dekkast og vert organisert av brudepar. Skal det skje ringutveksling, kunstneriske innslag eller andre aktivitetar under vigselen må vigslar underrettast på førehand.*

*Følgjande personar får vigselsmynde i Fedje kommune:*
*-Stian Herøy, ordførar*
*-Roy Asle Tungland, varaordførar*
*-Ingebjørg Vamråk, rådmann*

*Det vert oppretta ei side på heimesidene til Fedje kommune, med kontaktinformasjon til administrasjonen, lenkje til skjema på skatteetaten.no, og dessutan informasjon tilsvarande den informasjonen gjeve om borgarleg vigsel på domstol.no, kontinuerleg oppdatert i samsvar med*

*gjeldande lovverk og praksis.*

*Samrøystes vedteke.*

Viser til saksnr. 008/18 der følgjande personar fekk vigselsmynde i Fedje kommune:
-Stian Herøy, ordførar
-Roy Asle Tungland, varaordførar
-Ingebjørg Vamråk, rådmann

I dag er det berre ein av desse personane som er knytt til Fedje kommune, og vigselsmynde bør knytast til stillingsfunksjon og ikkje personnamn.

**Vurdering**
Vigselsmynde i Fedje kommune knytast til funksjon og ikkje namn.

Desse funksjonane får vigselsmynde i Fedje kommune:
-ordførar
-varaordførar
-rådmann

I K-vedtak 008/18 står det at kommunen kan ta kr. 500,- pr. time for meirkostnadar, noko som kan opplevast som ein usikker kostnad. I andre små kommunar er det litt ymse kva dei praktiserer rundt desse kostnadane. Her er eit par eksemplar:

https://www.bykle.kommune.no/kommunal-vigsel.468587.nn.html

https://www.valle.kommune.no/borgarleg-vigsel-kva-gjer-du-dersom-du-vil-gifte-deg-i-kommunen.6135323-288714.html

Om ønskeleg kan Fedje kommune endre på meirkostnadar frå pr. time til evt. eit fast beløp.

**Konklusjon**
Vigselsmynde i Fedje kommune blir knytt til funksjon og ikkje namn.

Desse funksjonane har vigselsmynde i Fedje kommune:
-ordførar
-varaordførar
-rådmann

**Forslag til vedtak:**
Vigselsmynde i Fedje kommune blir knytt til følgjande funksjoner: Ordførar, varaordførar og rådmann.

**Formannskapet - 129/19**

# Fedje kommune

**F - behandling:**

**F - vedtak:**
Vigselsmynde i Fedje kommune blir knytt til følgjande funksjoner: Ordførar, varaordførar og rådmann.

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Signe Råheim | FE-033 | 19/551 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 130/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 099/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Møteplan for formannskap og kommunestyret våren 2020**

### Saksutgreiing:

**Vurdering**

Føresetnader for framlegget til møteplan våren 2020:
Formannskapsmøte er tysdager kl.17.15, kommunestyremøte er tysdager kl.18.15. Det må difor vere to veker i mellom møta for at innkalling skal kome ut ei veke før møtet.
Eg har teke omsyn til vinterferien og påska.

### Forslag til vedtak:

Møteplanen for våren 2020 vert som følgjer:

Formannskapsmøte: 4.februar, 24.mars, 5.mai, 2.juni og 30.juni
Kommunestyremøte: 18.februar, 21.april og 16.juni.

### <u>Formannskapet - 130/19</u>

### F - behandling:

Felles endringsframlegg, foreslått av ,
Felles endringsframlegg: Formannskapsmøta vert i regelen flytta til torsdagar.
Møteplanen for våren 2020 vert som følgjer:
Formannskapsmøte: 6.februar, 26.mars, 7.mai, 4.juni og (tysdag) 30.juni kl.17.15
Kommunestyremøte: 18.februar, 21.april og 16.juni kl. 18.15

Felles endringsframlegg: Formannskapsmøta vert i regelen flytta til torsdagar.
Møteplanen for våren 2020 vert som følgjer:
Formannskapsmøte: 6.februar, 26.mars, 7.mai, 4.juni og (tysdag) 30.juni kl.17.15
Kommunestyremøte: 18.februar, 21.april og 16.juni kl. 18.15

### F - vedtak:

Møteplanen for våren 2020 vert som følgjer:

# Fedje kommune

Formannskapsmøte: 6.februar, 26.mars, 7.mai, 4.juni og (tysdag) 30.juni kl.17.15
Kommunestyremøte: 18.februar, 21.april og 16.juni kl. 18.15

Samrøystes vedteke.

# Fedje kommune

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Gjermund Hagesæter | | 19/596 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 131/19 | Formannskapet | PS | 26.11.2019 |
| 100/19 | Kommunestyret | PS | 12.12.2019 |

**Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Alver, Austrheim og Fedje.**

Vedlegg:
Samarbeidsavtale Nordhordland barnevernteneste

### Saksutgreiing:

**Bakgrunn**

Komunane Austrheim og Fedje søkte våren 2019 skjønnsmidlar frå fylkesmannen for å utvikle og sikre barnevernet i dei to kommunane. Bakgrunnen er at barnevernet i desse kommunane har hatt store utfordringar med å rekruttere fagfolk, og at tenesta som i andre mindre kommunar, er svært sårbar.

Dette var bakgrunn for at Austrheim og Fedje søkte om skjønsmidlar for eit utviklingsprosjekt for system og leiing innanfor barnevernet. Grunngjevinga og behovet, for eit slikt prosjekt, møtte stor forståing, både i regionrådet som tilrådde prosjektet, og hos fylkesmannen som tildelte kr. 500.000,- i 2019.

Fylkesmannen har likevel stilt klare krav for å stille til rådvelde ytterligare utviklingsmidlar til Austrheim og Fedje. Dette var mellom anna tema i eit møte mellom fylkesmann Lars Sponheim og administrativ og politisk leiing i Austrheim kommune den 9. april 2019.

Fylkesmannen sitt krav for tildeling av prosjektmidlar, er at Austrheim kommune går i dialog med Alver kommune med sikte på eit framtidig fast samarbeid om barnevernstenesta. Dette er i tildelingsbrevet for skjønsmidlar eksplisitt formulert slik:

***«Det blir gitt kr. 500.000,- i tilskot til Austrheim kommune knytt til barnevern. Dette inngår i den samla fordelinga av prosjektskjøn på kr. 15,5 mill. kroner. Dette blir gitt på kort sikt for å avhjelpa utfordringane i barnevernet. Det må bli gjennomført ein prosess med sikte på at Austrheim kommune inngår i eit samarbeid med nye Alver kommune om barnevernstenesta.»***

I tråd med fylkesmannen sitt krav vart, det starta samtalar mellom Radøy, Meland og Lindås barnevern (Alver barnevern) ved barnevernsleiar / rådmannen i Radøy kommune og Austrheim kommune. Fedje har vore tett orientert om utviklinga.

I august 2019 vart etablering av eit prosjekt med sikte på å integrere Austrheim og Fedje Barnevern i

Alver barnevern, forankra i kommunane.

Det vart etablert ei prosjektgruppe med barnevernsleiar i Alver som prosjektleiar, og med fagleg og administrativ deltaking frå Alver kommune og Austrheim kommune.

Arbeidsgruppa har skissert tre fasar i prosjektarbeidet:

- Første fase: Fram til beslutningspunkt / utvikling av samarbeidsavtalen
- Andre fase: Implementering
- Tredje fase: Etablert drift etter implementering

I arbeidsgruppa er det semje om at samarbeidet mellom kommunane, med Alver kommune som vertskommune for barnevernet i kommunane, bør etablerast.

Føljande moment peiker i denne retninga:

- Kravet til høg fagleg kompetanse på mange område (sakshandsaming, førebygging, rettleiing, økonomi, juss etc. er ekstremt når det gjeld barnevern. Dette er ei teneste som arbeider tett følgd opp av media og tilsynsmyndigheiter, og der system og juss er i stadig utvikling. Mellom anna ser det ut til at ny barnevernslov, som no har vore på høyring, ytterligare skjerpar kravet til kommunane. Mindre kommunar, som i tillegg til få tilsette, også oftast får tilsett fagfolk med liten erfaring, har store utfordringar med å ha kompetanse og kapasitet på dette område.
- Nordhordland er eit felles oppvekstområde for barn og unge der vi ser stor mobilitet mellom kommunane for familiar som treng bistand.
- Kravet til akuttberedskap vert truleg skjerpa i den nye barnevernslova. Austrheim barnevern kjøper i dag denne tenesta frå Bergen kommune. Fedje kommune har fått tilbod om kjøp av denne tenesta levert i Sævrøy men har så langt ikkje inngått nokon avtale med Bergen. I den nye avtalen med Alver er planen at det skal leggjast til rette for at denne akuttfunksjonen vert felles for alle kommunane i Nordhordland, og at den blir lokalisert til det nye Helsehuset.

Eit viktig grunnlag for samarbeidet er at Alver Barnevern vart etablert allereie frå 1.1.2019, og at det faglege grunnlaget for eit kvalitetsbarnevern allereie er lagt. Austrheim og Fedje kjem difor inn på eit gunstig tidspunkt for eit slikt samarbeid.

Det er og i stor grad felles forståing korleis prosessen for samanslåing bør gå føre seg, og kva som må prioriterast i denne prosessen. I samband med dette er første punkt å få etablert eit formelt beslutningspunkt for ein formell samarbeidsavtale. Først når den er på plass, kan ein gå vidare med dei personalpolitiske og faglege problemstillingane i prosessen.

Utkastet til samarbeidsavtale, slik det ligg føre, vert ikkje kommentert i detalj i denne saka. Vi ser likevel på nokre prinsippielle problemstillingar som er lagt inn i avtaleutkastet:

- Avtalen byggjer på prinsippet om eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova, med Alver kommune blir vertskommune, og der rådmennene i Austrheim og Fedje delegerer mynde til rådmannen i Alver når det gjeld barnevernstenester.
- Med utgangspunkt i at samarbeidet omfattar største delen av Nordhordland, og at det er lagt

til rette for eit fagleg sentrum i vertskommunen Alver, der det mellom anna og blir etablert akuttberedskap for regionen, foreslår ein å bruke namnet «Nordhordland Barnevern» som namn for samarbeidet.

- Oppgåvene for samarbeidet er heilskaplege lovpålagte barnevernstenester, inkludert naudsynt forsvarleg samarbeid med dei andre tenestene for born og unge i kommunane.
- Som vertskommune overtar Alver kommune arbeidsgjevaransvaret for tilsette i Austrheim og Fedje. Det blir ein dialog og prosess i forhold til dei tilsette etter at eit vedtak om samanslåing er gjort.
- Når det gjeld lokalisering er det slått fast at barnevernstenesta er lokalisert i Alver kommune, men skal vere til stades i samarbeidskommunane etter «tenestelege behov», dvs. i den grad det er viktig for brukarane og samarbeidande faggrupper i kommunane.
- Når det gjeld økonomi, er hovudressursen som ligg i barnevernets budsjett lønnsmidlar til fagfolk. Ved oppstart av samarbeidet er det stipulert ein personalressurs, dels for sakshandsaming, og dels for spisskompetanse, som vert samarbeidskommunane sin andel av personalressursen i Alver. Ut over dette er stipulert kostnadar til andre driftsutgifter som kontorhald, transport, kompetanse osv. Ekstraordinære kostnadar knytt til tiltak for enkeltindivid, vert betalt av den kommunen vedkommande er heimehøyrande i.
- Ved oppstart av samarbeidet er det krevjande å finne fram til rett system og nivå for finansiering av vertskommunen sitt arbeid for samarbeidskommunane. Ein legg difor til grunn at system og nivå skal evaluerast etter første heile driftsår i samarbeidet, og at erfaringane frå denne evalueringa skal arbeidast inn i budsjettprosessen for påfølgjande år.

Det er eit faktum at behov og erfaringstal for bruk av barnevernstenester i kommunane er svært ulike, ikkje minst mellom Fedje og dei andre kommunane. I implementeringsprosjektet og i evalueringa etter første driftsår, vil dette bli vurdert.

Å etablere eit interkommunalt barnevern som skissert her, krev ein ekstraordinær innsats i oppstartsåret. Arbeidsgruppa ser for seg å utvikle eit prosjekt for implementering med finansiering i hovudsak får fylkesmannen. Dette i tråd med signal frå fylkesmannen tidleg i denne prosessen.

Me ser for oss følgjande tema i eit slikt prosjekt:

- Heilskapleg fagleg gjennomgang av alle aktive og nyare saker som inngang til at det faglege ansvaret vert overført til vertskommunen.
- Utvikling av avtalar, system for finansiering, samarbeidsorgan som fungerer både for vertskommunen og samarbeidskommunane, og som har legitimitet i alle kommunane.
- Utvikling av tverrfagleg samarbeid med andre tenester for barn og unge, på tvers av kommunegrensene.
- Utvikling av ein felles kompetanseplattform for tverrfagleg samarbeid.
- Utvikling / tilpassing av delplan og fagplanar som fungerer ut over Alver kommunes behov, tilpassa regionen sine behov.
- I forhold til dette sjå på korleis samarbeid, system og beslutnigsprosessar for interkommunalt barnevern er lagt opp i andre regionar.

Dette arbeidet er eit løft kommunane ikkje kan ta innanfor ordinære budsjett. Det er heller ikkje eit løft Austrheim eller Fedje har økonomi til å finansiere på eigen hand. Til sist er det heller ikkje ein

innsats ein kan forvente at vertskommunen Alver kommune kan prioritere utan eksterne midlar.

Samtidig legg ein til grunn at dette er eit prosjekt som vil ha stor overføringsverdi for heile regionen, og for andre regionar der barnevernssamarbeid er på trappene. Det stettar difor i høg grad intensjonane bak fylkesmannen sine skjønnsmidlar.

Avtaleutkastet opnar for oppstart mellom 1.1- og 1.7.2020. Av omsyn til å kunne arbeide heilskapleg og langsiktig bør oppstart komme så tidleg som råd. Samtidig må vi ta høgde for at dette skjer gjennom forsvarlege prosessar. Finansiering av implementeringsprosessen må også vere på plass før oppstart er aktuelt. Vi legg til grunn at rådmennene i kommunane har fullmakt til å starte samarbeidet når desse føresetnadene er på plass.

Driftskostnader skal bereknast etter sjølvkostprinsipp. Total kostnad for Austrheim og Fedje er berekna til kr. 4.350.000,- pr. år. Beløpet er forankra i administrativt berekna kostnadsmodell og blir fordelt mellom Austrheim og Fedje etter erfaringstal for samarbeid mellom desse kommunane. Fedje kommune utgjer dette kr 500.000 og for Austrheim kommune utgjer dette kr. 3.850.000,-.
Etter første heile driftsår vert driftskostnader og ressursbruk evaluert og fordeling av faste kostnader til drift av felles barnevern vert justert etter dette.
I tillegg kjem kostnader i implementeringsfasen inkludert ikt-kostnadar som skal dekkast av samarbeidskommunane samt individretta kostnadar for tiltak for enkeltborn.

**Vurdering**
Etablering av interkommunalt barnevern for kommunane Alver, Austrheim og Fedje er noko det har vore jobba med å få på plass lenge. Fedje kommune har hatt ein avtale med Austrheim kommune der vi har komme rimeleg ut økonomisk. Framlegg til avtale med Alver vil bety at kostnadane går frå kr 150 000,- pr år til kr 500 000,- pr år. I tillegg til dette kjem ikt-kostnader og eventuelle individretta kostnader for enkeltbarn. Sjølv om auken er stor er dette likevel mindre enn me kunne frykta tidleg i forhandlingane. Rådmannen meiner at det er fornuftig å lande denne saka no og rår derfor til at det framforhandla avtaleutkastet vert godkjent. I rådmannen si innstilling til kommunebudsjett 2020 er det lagt inn totalt kr 404 000,- for barnevern. Denne summen må derfor aukast noko og rådmannen foreslår derfor på usikket grunnlag at posten vert auka med kr 200 000,- frå kr 404 000,- til kr 604 000,-.

Folkehelse: Eit godt barnevern er viktig for folkehelsa.

Miljø: Ikkje relevant.

Økonomi: Det er gjort greie for økonomi i vurderinga.

**Konklusjon**
På bakgrunn av framforhandla avtaleutkast, og på grunnlag av det faglege og administrative samarbeidet mellom kommunane som er etablert i utviklingsprosjektet, tilrår rådmannen at avtalen vert vedtatt slik den ligg føre.

Teneste 2440, barnevern, vert i kommunebudsjettet 2020 auka frå kr 404 000,- til kr 604 000,-.

**Forslag til vedtak:**
På bakgrunn av framforhandla avtaleutkast, og på grunnlag av det faglege og administrative samarbeidet mellom kommunane som er etablert i utviklingsprosjektet, godkjenner Fedje kommune avtalen slik den ligg føre.

Teneste 2440, barnevern, vert i kommunebudsjettet 2020 auka frå kr 404 000,- til kr 604 000,-.

**<u>Formannskapet - 131/19</u>**

**F - behandling:**
Saka vart ettersendt til formannskapet 27.11.19. Formannskapet vedtok samrøystes å handsame saka.

Felles tilleggsframlegg:
Fedje kommune meiner kommunen har hatt god nytte av at barnevernstenesta har vore lokalisert på Fedje kvar veke. Dette ønskjer me å halde fram med når me inngår den nye avtalen med Alver kommune om Nordhordland barneverntenestе.

**F - vedtak:**
På bakgrunn av framforhandla avtaleutkast, og på grunnlag av det faglege og administrative samarbeidet mellom kommunane som er etablert i utviklingsprosjektet, godkjenner Fedje kommuneavtalen slik den ligg føre.

Teneste 2440, barnevern, vert i kommunebudsjettet 2020 auka frå kr 404 000,- til kr 604 000,-.

Fedje kommune meiner kommunen har hatt god nytte av at barnevernstenesta har vore lokalisert på Fedje kvar veke. Dette ønskjer me å halde fram med når me inngår den nye avtalen med Alver kommune om Nordhordland barneverntenestе.

Samrøystes vedteke.

# Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Nordhordland barnevern

---

## 1. Samarbeidskommunar

Avtalen gjeld mellom Alver som vertskommune og deltakarkommunane Austrheim kommune og Fedje kommune.

## 2. Rettsleg grunnlag

Samarbeidet om barnevernteneste er eit administrativt vertskommunesamarbeid etter lov 22. juni 2018 nr 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 20-2.

## 3. Namn og formål

Namn på felles barneverntenseste er Nordhordland barnevern.

Målet med felles barneverntenseste er å yte heilskaplege og forsvarlege barneverntenester i eit sterkt kompetansemiljø.

## 4. Oppgåver

Vertskommunen skal utøve heilskaplege lovpålagte barneverntenester for samarbeidskommunane. Dette inkluderer akuttberedskap og naudsynt samarbeid med dei andre tenestene i kommunane.
Barneverntenesta skal organiserast slik at den kan drive fagleg forsvarleg.

## 5. Arbeidsgjevarforhold

Alver kommune har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette og felles barneverntenseste inngår i Alver kommune sin driftsorganisasjon.

## 6. Rapportering

Vertskommunen skal løpande og så snart som mogleg rapportere om tiltak som kan ha store økonomiske konsekvensar for samarbeidskommunen. Rapportering til fylkesmannen sendast i kopi til samarbeidskommunane.

Det skal opprettast eit samarbeidsråd med representasjon av barnevernleiar og rådmenn evt. annan representant frå toppleiarnivået som rådmannen bestemmer. Samarbeidsrådet skal ha møte inntil to gonger i året.

Rutinar for budsjettering og rapportering vil bli handsama i samarbeidsrådet første driftsår.

## 7. Delegering av mynde

Kommunestyret i samarbeidskommunane delegerer vedtaksmynde i einskildsakar etter barnevernlova til barnevernleiar i Alver kommune. Kommunestyret i Austrheim og

kommunestyret i Fedje gjer instruks til kommunedirektøren i eigen kommune om delegering av naudsynt mynde til kommunedirektøren i vertskommunen, jf. kommunelova § 20-2, 2. ledd.

## 8. Økonomiske tilhøve

Driftskostnader skal bereknast etter sjølvkostprinsipp. Total kostnad for Austrheim og Fedje er berekna til kr. 4.350.000,- pr. år. Beløpet er forankra i administrativt berekna kostnadsmodell og blir fordelt mellom Austrheim og Fedje etter erfaringstal for samarbeid mellom desse kommunane. For Fedje kommune utgjer dette kr 500.000 og for Austrheim kommune utgjer dette kr. 3.850.000.

Etter første heile driftsår vert driftskostnader, ressursbruk og fordeling av faste kostnader evaluert og administrativt justert.

I tillegg påløper kostnader i implementeringsfasen inkludert ikt-kostnadar som skal dekkast av samarbeidskommunane.

Utgifter til individtiltak skal kostnadsførast kommunen vedkomande er heimehøyrande.

Ved trong for advokattenester ved fylkesnemndsaker og liknande rettslege prosessar nyttast som utgangspunktet kommuneadvokaten i Alver. Austrheim eller Fedje fakturerast for timer levert av kommuneadvokaten. For 2020 er timeprisen kr. 800. På bakrunn av trong for spesiell kompetanse eller kapasitetsmanglar ved kommuneadvokaten vil eksterne advokattenester verte nytta etter avgjerd av vertskommunen. Gjeldande samarbeidskommune fakturerast for kostnadene.

Kommunane blir fakturert for fast beløp ved a-kontobeløp og avrekning.

## 9. Lokalisering

Barneverntenesta vert lokalisert i Alver kommune. Barneverntenesta skal vere til stades lokalt etter tenestleg behov for barneverntenesten.

Austrheim kommune og Fedje kommune stiller kontorlokale til disposisjon til lokal bruk for barneverntenesta og for tverrfagleg samarbeid med andre relevante tenester i kommunane.

## 10. Iverksetting, avtaleendring og oppseiing

Planlagt iverksetting av Nordhordland barnevern er primo 2020. Faktisk dato vert bestemt administrativt, dog seinast 30.06.2020.

Prinsipielle endringar i avtalen skal vedtakast av kommunestyra. Mindre endringar i avtalen kan vedtakast av kommunedirektørane i samarbeidskommunane.

Samarbeidet vil kunne bli utvida med fleire kommunar. Dette krev kommunestyrevedtak av ny samarbeidsavtale.

Den einskilde kommune kan med eit års varsel seie opp avtalen, jf kommunelova § 20-8.

Godkjent:
Kommunestyret i Lindås dd.ddmåå, Kommunestyret i Meland: dd.mm.åå, Kommunestyret i Radøy dd.mm.åå